

Høyringsnotat om ny våpenforskrift

1. Innleiing

Den nye våpenlova vart fastsett av Stortinget 15. mars 2018. Eit sentralt siktemål med den nye lova var å gjere regelverket meir føreseieleg og enklare tilgjengeleg, mellom anna ved å lovfeste sentrale føresegnar som i gjeldande regelverk er forskriftsfesta.

I framlegget til ny våpenforskrift vidareførast mange av dei materielle reglar som er fastsett i gjeldande våpenforskrift. Dei materielle endringane som føreslås er enten ein følge av ny våpenlov eller framlegg som departementet fremjar av eige tiltak. Det er også føreslått å forskriftsfeste føresegnar som etter gjeldande rett er fastsett i andre forskrifter enn våpenforskrifta eller i rundskriv. På den måten vil føresegnene om våpen i all hovudsak samlast i ei lov og ei forskrift. I tillegg er det gjort omfattande strukturelle endringar for å gjere regelverket enklare tilgjengeleg.

På grunn av forskrifta sitt omfang har ein vald å konsentrere framstillinga av høyringsframlegget om dei føresegnar som representerer noko nytt i høve til gjeldande rett. Under arbeidet med ny våpenforskrift har det synt seg naudsynt med ein skilde mindre endringar i ny våpenlov. Desse omtalast i samband med omtalen av dei forskrifter som lovendinga er knytt til.

Etter ei nærare gjennomgang har departementet kome til at overgangsperioda for forbodet mot å ha halvautomatiske rifler med størst eldkraft (ny våpenlov § 43), bør kortast ned frå tre til eitt år, sjå nærare under punkt 2, kapittel 14.

I tillegg vert det føreslått nokre språklege endringar i ny våpenlov §§ 13, 15, 17 18 og § 21 utan at det gjerast endringar i det materielle innhaldet.

Framlegg til lovendingar og ny våpenforskrift følgjer av punkt 4 og 5. I punkt 3 gjevast ein omtale av dei økonomiske og administrative følgjene av framlegga.

2. Nærare om framlegg til ny våpenforskrift

Kapittel 1. Definisjonar, sakleg og stadleg verkeområde

Dette kapitlet vidarefører i hovudsak reglane om definisjonar og klassifisering av skytevåpen og våpendelar i gjeldande våpenforskrift §§ 1 til 4. I framlegg til § 1-1 nr. 1, 2, 4 og 5 er det som noko nytt teke inn særskilte definisjonar av laust våpenmagasin, pipe, sluttstykke og tønne. Bakgrunnen for denne endringa er å trygge gjennomføring av EU sitt reviderte våpendirektiv, som fastsett krav til kontrollplikt for nærare bestemte våpendelar. Sidan det er knytt rettsverknader til desse omgrepa, meiner departementet at det er tenleg å definere det nærare meiningsinnhaldet i desse omgrepa.

Vidare er det gjort nokon endringar i definisjonen av låskasse i høve til gjeldande våpenforskrift § 4 a, slik at den delen av eit skytevåpen som sluttstykket er festa i reknast som låskasse, sjå framlegg til § 1-1 nr. 3. Bakgrunnen for denne endringa er å tilpasse definisjonen til ulike våpenkonstruksjonar, som ikkje har ein låskasse i tradisjonell forstand. Det er også gjort nokon presiseringar av kva som reknast som låskasse og sluttstykke for rifler, haglevåpen og kombinasjonsvåpen som brekkast for lading og tømning, slik at det kjem klart fram at rammestykket reknast som låskasse for desse våpentypene. I definisjonen av låskasse og sluttstykke omfattast også dei delane som etter EU sitt reviderte våpendirektiv reknast som laus låseblokk og glidestykke. Definisjonen av vital våpendel i gjeldande våpenforskrift § 79 andre ledd er også teke inn i § 1-1 nr. 6, men slik at definisjonen er gjort meir omfattande for å dekke fleire våpentypar enn etter gjeldande rett.

I definisjonen av ekspanderande, panserbrytande, brannstiftande og eksplosiv ammunisjon er det presisert at sjølve det panserbrytande, brannstiftande, eksplosive eller ekspanderande prosjektillet omfattast av definisjonen og ikkje berre ferdigladd ammunisjon med slikt prosjektil, sjå framlegg til § 1-1 nr. 8 til 11. Det er også gjeve ein definisjon av kva som meinast med FG-godkjent, som svarar til definisjonen i gjeldande våpenforskrift § 79 første ledd, sjå § 1-1 nr. 12.

Klassifiseringa av dei ulike våpentypene i gjeldande våpenforskrift § 2 er i hovudsak vidareført i framlegget til § 1-2. I gjeldande våpenforskrift § 2 er det også gjeve reglar om minste pipe- og totallengde for tohandsskytevåpen. Departementet føreslår å flytte desse krava til våpenet si utforming til kapittel 3, som omhandlar tekniske krav til lovleg våpentype. Vidare er det i gjeldande våpenforskrift § 2 synt til at dei ulike våpenkategoriane må bruke patroner med rand- eller sentertenning. Departementet meiner at tennmekanismen er eit lite relevant kriterie for klassifiseringa av dei ulike våpentypar og føreslår at dette kriteriet takast bort.

Inndelinga av dei ulike skytevåpen sin funksjoneringsmåte i gjeldande våpenforskrift § 3 er vidareført med nokon redaksjonelle endringar, sjå framlegg til § 1-3. Bakgrunnen for denne endringa er å tilpasse omgrepsbruken til ny våpenlov. Til sist er kriteria for måling av pipe- og totallengde i gjeldande våpenforskrift § 4 vidareført utan materielle endringar, men slik at definisjonen av heildempa våpen i gjeldande våpenforskrift § 4 andre ledd siste punktum er flytta til framlegg til § 1-1 nr. 7.

I § 1-5 gjevast det unnatak frå lova sitt verkeområde for nærare bestemte gjenstandar, som på grunn av sitt bruksområde eller funksjon ikkje bør regulerast som tradisjonelle skytevåpen. Definisjonen av skytevåpen i våpenlova § 2 nr. 2 er gjort noko vidare enn etter gjeldande våpenlov, slik at til dømes bogar omfattast av lova sitt verkeområde. Bakgrunnen for denne endringa er å gjere definisjonen meir teknologinøytral, slik at våpenlova sitt verkeområde skal kunne fange opp eventuelle nye våpenkonstruksjonar, sjå nærare om dette i Prop. 165 L (2016-2017) punkt 5.4.2. Ein følge av denne lovendringa er at lova sitt verkeområde femner om gjenstandar som det ikkje er

ønskeleg å regulere som skytevåpen. Dette omfattar bogar og andre gjenstandar som kan skyte eller sende ut prosjektil eller andre substansar utan bruk av drivladning eller mekanisk innretning. I § 1-5 nr. 1 og 4 er det difor gjort unnatak for gjenstandar som vil omfattast av den nye definisjonen av skytevåpen, men som det ikkje er grunn til å regulere som skytevåpen. Vidare er det behov for å forskriftsfeste avgrensingar i høve lova sitt verkeområde, som i dag er regulert gjennom Politidirektoratet sitt rundskriv RPOD 2009-9 punkt 2.2, gjennom forvaltingspraksis, eller som er regulert i lov 12. mai 2000 nr. 36 om strålevern og bruk av stråling (strålevernlova). Desse avgrensingane er gjort i § 1-5 nr. 2, 3, 6 og 7. Vidare er det som noko nytt gjort unnatak for lause hagl til hagle våpen og runde blykuler til munnladarar eller perkusjonsrevolver, sjå § 1-5 nr. 8 og 9. Bakgrunnen for dette unnataket er at slike prosjektil liknar på gjenstandar som brukast til andre føremål og at det såleis vil kunne vere krevjande avgrensingar i høve kva gjenstandar som skal reknast som eit prosjektil. Til sist er det også gjort unnatak for tåregassbokser som er bestemt for eller som tilhøyrrer Kriminalomsorga, sjå § 1-5 nr. 10. Sjølve bruken av tåregass og andre tvangsmidlar i Kriminalomsorga er regulert i straffegjennomføringslova § 38. Føremålet med endringa i våpenforskrifta er å klargjere rettsgrunnlaget for Kriminalomsorgas erverv og innehav av tåregas da dette elles forbode.

I § 1-6 avgrensast verkeområdet i ny våpenlov mot eksplosivar, som vert regulert i brann- og eksplosjonsvernlova. Dette vil mellom anna omfatte dynamitt og andre typar sprengstoff, og tennmiddel til bruk i sprengstoff. Føresegna er i hovudsak ei vidareføring av gjeldande våpenlov § 4, med den endring at det vert forskriftsfesta at erverv av krut og tennmiddel til skytevåpen vert regulert av den nye våpenlova. Etter den nye våpenlova § 3 andre ledd gjeld ikkje lova for Forsvaret eller politiet si verksemd. Også andre offentlege etatar kan ha behov for unnataksreglar, som til dømes Kriminalomsorgen og Tolletaten. I § 1-7 vert det difor presisert at våpenlov og forskrift som hovudregel gjeld for offentlege etatar, med dei unnatak som er fastsett i denne lova eller i forskrifta.

Til sist vert det i § 1-8 fastsett at våpenlova også gjeld for Svalbard, men slik at det under nærare bestemte føresegner gjevast særskilte unnatak for å tilpasse regelverket til dei stadlege forholda.

Kapittel 2. Løyve- og meldeplikt for skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

Dette kapitlet omhandlar kva skytevåpen og ammunisjon som er friteke frå løyveplikt, kva skytevåpen som er friteke frå løyveplikt, men underlagt meldeplikt, samt kva våpendelar som enten er underlagt løyve- eller meldeplikt. Med meldeplikt meinast krav om at den som skal erverve eller ha den meldepliktige gjenstanden må sende melding til politiet, som skal registrere innehavet i det sentrale våpenregisteret.

I § 2-1 første ledd presiserast kravet til løyveplikt for erverv av skytevåpen etter den nye våpenlova § 5, slik at det gjevast eit oversyn over kva skytevåpen som er unnateke frå hovudregelen om løyveplikt.

I § 2-2 første ledd vert det presisert kva endringar i eit skytevåpen som krev løyve etter den nye våpenlova § 9. Denne presiseringa er i hovudsak ei forskriftsfesting av gjeldande praksis, og omfattar ombyggingar som enten gjer at skytevåpenet vert forbode etter føresegnene i kapittel 3 eller at skytevåpenet får ein anna funksjonsmåte, samt endringar som gjer at skytevåpenet kan skyte ammunisjon i eit anna kaliber enn våpenet er registrert for. Etter andre ledd er det, som noko nytt, gjort unntak frå kravet til løyve for endring av kaliber, når denne endringa er gjort av ein næringsdrivande som har løyve til å tilverke eller reparere skytevåpen og den næringsdrivande sender melding til politiet om endringa av kaliber. Bakgrunnen for denne endringa er at eit bytte av kaliber normalt ikkje vil krevje ei særskilt vurdering av søkar sitt behov, og at politiet gjennom kravet til melding vil kunne fange opp eventuelle endringar som går ut over dei rammer som er satt for våpenløyvet.

Fritaka frå løyve- og registreringsplikt etter § 2-3 første ledd nr. 1 til 6 er ein vidareføring av gjeldande våpenlov § 5 første ledd bokstav a og gjeldande våpenforskrift § 23 andre ledd. I nr. 7 vidareførast gjeldande fritak for skytevåpen som berre kan skyte ammunisjon utan prosjektil etter våpenlova § 1 første ledd bokstav c, men slik at det vert sett tekniske krav til korleis skytevåpenet er utforma. Bakgrunnen for denne endringa er å hindre at det vert omsett våpentypar som enkelt kan gjerast om til skarpe skytevåpen, og for å oppfylle dei krav som følgjer av EU sitt gjennomføringsdirektiv 16. januar 2019 om tekniske krav til slike skytevåpen (EU) 2019/69). Etter framlegget gjevast Politidirektoratet mynde til å fastsette nærare tekniske krav til slike skytevåpen.

Fritaket frå løyve- og registreringsplikt for svartkruttvåpen som er produsert før 1890 i gjeldande våpenforskrift § 1 vidareførast i § 2-3 nr. 8. Grunnen til at slike skytevåpen fritakast frå løyveplikt er at dei ofte har ein sein skottakt, er krevjande å bruke, og at mange slike våpen ikkje lenger er i funksjonell stand.

Fleire svartkruttvåpen produsert før 1890 kan skyte ferdigladde patronar. Slike våpen kan difor ha større skadepotensial en svartkruttvåpen som ikkje kan skyte ferdigladde patronar (munnladarar og perkusjonsvåpen). Departementet ber difor høyringsintansane om innspel på om slike våpen bør omfattas av løyve og registreringsplikt.

I nr. 9 vidareførast gjeldande fritak for enkelt- eller dobbeltløpa haglevåpen med enkeltskotlading etter forskrift 24. august 1990 nr. 688 om endring i lov 9. juni 1961 nr. 1 om skytevåpen og ammunisjon m.v. I § 2-3 andre ledd vidareførast gjeldande krav til meldeplikt etter gjeldande våpenforskrift § 1 for erverv og innehav av deaktiverte skytevåpen.

I § 2-4 første ledd fastsetjast krav til løyveplikt for våpendelar, som i hovudsak er ein vidareføring av gjeldande våpenlov § 7 og gjeldande våpenforskrift § 4 a.

I andre ledd vidareførast føresegna i våpenlova § 5 bokstav b om at fritaket frå løyve- og registreringsplikt også gjeld for våpendelar til slike skytevåpen. Det innførast likevel

som noko nytt eit krav til meldeplikt for erverv og innehav av kontrollpliktige våpendelar for deaktiverte skytevåpen. Bakgrunnen for dette kravet er å hindre at ein kan omgå reglane om meldeplikt ved å erverve delar til slike skytevåpen. I fjerde ledd vidareførast unnataket frå kravet til løyveplikt for nærare bestemte våpendelar etter gjeldande våpenforskrift § 22.

I § 2-5 vidareførast kravet til løyve for å kunne erverve og ha våpenmagasin med stor patronkapasitet etter gjeldande våpenforskrift § 7 a. Dei nærare vilkår for løyve til erverv vert fastsett i dei føresegner som gjev grunnlag for erverv og innehav av skytevåpen med størst skadepotensiale og våpendelar til slike skytevåpen.

I § 2-6 vidareførast føresegnene i gjeldande våpenlov § 5 første ledd bokstav c om fritak frå løyveplikt for erverv av ammunisjon til skytevåpen som er unnateke frå løyveplikt, samt kravet til løyve for erverv av krut eller tennmiddel etter forskrift 15. juni 2017 nr. 844 om sivil håndtering av eksplosjonsfarlige stoffer (eksplosivforskriften) § 21.

I § 2-7 første ledd vidareførast gjeldande føresegner om lengda på eit ervervsløyve etter gjeldande våpenforskrift § 27, men slik at politiet kan forlenge løyvet med inntil 12 månader av gangen og at det ikkje gjeld nokon lengstetid for kor lenge løyvet kan forlengast. Bakgrunnen for denne endringa er at nokre skytevåpen har lang leveringstid og at det såleis kan vere behov for å kunne forlenge løyvet ut over 18 månader. Til sist er det i andre ledd gjort unnatak frå kravet om at eit løyve for erverv av ammunisjon etter våpenlova § 7 første ledd skal vere tidsavgrensa for inntil tre månader, slik at eit løyve for erverv av krut og tennmiddel til bruk i skytevåpen som er friteke frå løyveplikt ikkje skal vere tidsavgrensa. Etter gjeldande reglar skal eit løyve til erverv av krut eller tennmiddel vere tidsavgrensa for inntil fem år, jf. eksplosivforskrifta § 27. Når erverv av krut og tennmiddel til bruk i skytevåpen skal regulerast i våpenlova er det ikkje saklege grunnar for å skilje mellom løyve til erverv av ammunisjon til svartkrutvåpen og andre skytevåpen. Det synast her til drøftinga av spørsmålet om tidsavgrensa løyve i Prop. 165. L (2016-2017) punkt 12.1.5.

I § 2-8 presiserast kravet etter ny våpenlov § 36 første ledd til at politiet skal registrere dei løyve- og meldepliktige skytevåpen i det sentrale våpenregisteret, samt at det presiserast at denne registreringsplikta ikkje skal gjelde for våpenmagasin med stor patronkapasitet. Dette unnataket er ei oppfølging av det som er lagt til grunn i Prop. 165. L (2016-2017) punkt 7.1.5.2.

Kapittel 3. Våpentypar det ikkje kan gjevast løyve for

I den nye våpenlova § 5 andre ledd nr. 1 til 5 er det lovfesta kva våpentypar som politiet normalt ikkje kan gje løyve for. Etter våpenlova § 5 andre ledd nummer 5 gjeld dette for *«andre skytevåpen enn dei som er nemnde i nummer 1 til 4, som saknar ein lovleg bruk eller som har særskilt farlege eigenskapar.»* Kongen er i § 5 tredje ledd gjevne mynde til å

gje forskrift om kva våpentypar som omfattast av dette alternativet. Dette kapitlet omhandlar kva våpentypar som omfattast av den nye våpenlova § 5 andre ledd nr. 5.

I § 3-1 gjevast det felles føresegner som skal gjelde for alle våpentypar. I første ledd vert det presisert kva typar omgang med skytevåpen som er omfatta av føresegnene i dette kapitlet. Føresegnene i andre ledd vidareførar i hovudsak føresegna i gjeldande forskrift 9. september 2011 nummer 930 om forbudte skytevåpen og godkjente halvautomatiske skytevåpen (forskrift om forbodne skytevåpen) § 1 bokstav a om at det som hovudregel ikkje skal kunne gjevast løyve for skytevåpen i kaliber 12,7X99. Det vert i tillegg føreslått at denne føresegna også skal omfatte skytevåpen i kaliber 5,7X28 og 4,6X30. Bakgrunnen for denne endringa er at denne ammunisjonen er laga for å kunne trenge igjennom verneutstyr og at skytevåpen i slike kaliber difor får eit særskilt skadepotensiale ved feil eller misbruk. Etter gjeldande praksis gjevast det ikkje løyve for erverv av ammunisjon i slike kaliber, jf. Politidirektoratet sitt rundskriv RPOD 2009-9 pkt. 4.2.1. Det er likevel behov for å presisere at dette forbodet også gjeld for erverv og innehav av *skytevåpen* som kan skyte ammunisjon i slike kaliber.

Gjeldande krav til særskilt løyve for skytevåpen i kaliber .455 og større er ikkje ført vidare i § 3-1. Sjølv om skytevåpen som kan skyte patroner med tunge prosjektil har stor kraft, er dei krevjande å handtere og skadepotensialet skil seg ikkje vesentleg frå skytevåpen som kan skyte lettare prosjektil. Kaliber .455 og større har etter departementets vurdering ikkje slikt særskilt skadepotensiale som dei kaliber som er nemnt i § 3-1. Departementet meiner difor det ikkje er gode grunnar for å vidareføre forbodet.

I § 3-2 vidareførast krava til minste pipe- og totallengde for rifler etter våpenforskrifta § 2, men slik at det vert presisert at det som hovudregel ikkje skal gjevast løyve for rifler som ikkje oppfyller desse krava.

I § 3-3 vidareførast føresegna i forskrift om forbodne skytevåpen § 3 om kva haglevåpen som politiet berre unnataksvis kan gje løyve for. Etter § 3-3 gjeld føresegna for alle typar haglevåpen, og ikkje berre for haglevåpen med manuell eller halvautomatisk omlading. Denne endringa er gjort for å samle krava til haglevåpen i ei føresegn, og på den måten gjere regelverket enklare tilgjengeleg. Vidare er krava til minste pipe- og totallengde lagt til, noko som er ei vidareføring av det tilsvarande kravet etter gjeldande våpenforskrift § 2.

Gjeldande føresegner om at det som hovudregel ikkje skal gjevast løyve for haglevåpen med pistolgrep utan skulderstøtte og haglevåpen med pistolgrep som er frittstående under våpenet er ikkje ført vidare. Gjeldande krav til magasinkapasitet og minste totallengde stenger for dei haglevåpen som enten har stor eldkraft eller enkelt kan bærast skjult. Departementet meiner difor at dei nemnte krava til utforming av skjettet ikkje gjev haglevåpen eit særskilt skadepotensiale. Til sist er fritaksordninga for haglevåpen, som er nemnde i forskrift om forbodne skytevåpen § 3 ikkje vidareført.

Sidan krava til haglevåpen er gjort meir overordna er det heller ikkje grunn til å vidareføre denne fritaksordninga.

I § 3-4 vidareførast i hovudsak reglane om kva halvautomatiske pistolar som skal vere tillatne utan særskilt løyve, men slik at vilkåra for kva våpentypar som skal vere godkjente er gjort meir overordna. Det sentrale føremålet bak denne føresegna er å hindre at det gjevast løyve for pistolar som har tilsvarande eigenskapar som ein maskinpistol. Departementet ser det difor som hensiktsmessig å forskriftsfeste at det som hovudregel ikkje kan gjevast løyve for pistolar som kan skytast med støtte for skuldra og med to hender.

I § 3-5 vert det fastsett føresegner om kva våpendelar og ammunisjon som krev særskilt løyve frå politiet. Føresegnene i § 3-5 første ledd nr. 1 til 3 forskriftsfestar kva våpendelar som omfattast av forbodet etter våpenlova § 6 tredje ledd. I nr. 1 og 2 nemnast våpendelar som endrar funksjonsmåten til eit skytevåpen, slik at det får større eldkraft. Forboda er knytt til våpendelane sin funksjon og ikkje til deira konkrete nemning. Bakgrunnen for dette er at den våpentekniske utviklinga går raskt, og det vil vere nesten uråd å i ei forskrift nemne alle våpendelar som kan gje skytevåpen slike farlege eigenskapar. Døme på slike våpendelar kan vere avtrekkarmekanismer som gjer halvautomatiske våpen om til heilautomatisk funksjon eller skjefter som gjer det råd å skyte fleire skot utan å ta nytt avtrekk. I nr. 3 fastsetjast eit forbod mot våpendelar som gjer pistol eller revolver om til eit tohandsskytevåpen. Slike våpendelar gjer at desse våpentypane får stor rekkevidde, samstundes som dei enkelt kan berast skjult ved å demontere eller felle ned skjeftet. Kombinasjonen av desse eigenskapane gjer slike skytevåpen særskilt farlege ved misbruk.

I første ledd nr. 4 forskriftsfestast forboda mot særskilte ammunisjonstypar som i dag er regulert i rundskriv RPOD 2009-9 punkt 4.2.1, men slik at det vert presisert at forbodet berre gjeld for komplette patroner. Bakgrunnen for denne presiseringa er at slik ammunisjon brukast av politiet og Forsvaret, og det reknast som lite tenleg å kriminalisere til dømes erverv av hylser som born samlar frå skytebaner som ligg i nærleiken av busette områder. I første ledd nr. 5 vert det fastsett eit forbod mot erverv og innehav av andre komplette patroner i andre kaliber med liknande farlege eigenskapar som dei som er særskilt nemnde. Bakgrunnen til denne føresegna er at det er vanskeleg å føreseie om det vert utvikla prosjektil i andre kaliber med liknande farlege eigenskapar som dei som er særskilt forbodne etter nr. 4.

I § 3-6 vidareførast i hovudsak gjeldande våpenforskrift § 9. Det innførast likevel eit særskilt unnatak for peparspray og batongar som brukast av Kriminalomsorga. Sjølv bruken av peparspray, batong og andre tvangsmidlar i Kriminalomsorga er regulert i straffegjennomføringslova § 38. Føremålet med endringa er å klargjere rettsgrunnlaget for at Kriminalomsorga skal kunne erverve og ha slike våpen som elles er forbodne..

Kapittel 4. Erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til jakt, sportsskyting eller samling.

I dette kapitlet gjevast det utfyllande føresegner for erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til jakt, sportsskyting og samling etter våpenlova §§ 10, 11 og § 12. Som noko nytt vert det også forskriftsfesta føresegner om ammunisjonssamling.

I § 4-1 gjevast det føresegner om kva halvautomatiske rifler som kan ervervast til jaktbruk. Det innførast som noko nytt at våpenmodellar som oppfyller generelle krav til våpentypen skal vere lovleg utan krav til særskilt godkjenning. Slike generelle vilkår vil vere enklare å praktisere enn gjeldande ordning, ved at det ikkje lenger setjast krav til at den einskilde våpenmodell må kontrollerast av Kripos og at forskrifta ikkje treng liste opp dei våpenmodellane som er godkjente. Av den grunn er også kravet i gjeldande våpenforskrift § 7 andre ledd om at våpenmodellen ikkje enkelt kan gjerast om til heilautomatisk eld ikkje vidareført. Dette vilkåret er lite eigna til å avgrense våpenet sitt skadepotensiale, då dei fleste halvautomatiske rifler kan gjerast om til heilautomatisk funksjon. Ein slik omgjerding til heilautomatisk funksjon vil uansett vere forbode, og det er samstundes sett forbod mot å erverve og ha våpendelar som kan gje eit halvautomatisk våpen ein heilautomatisk funksjon, sjå omtalen under kapittel 3.

Det vert for det første sett krav om at berre halvautomatiske rifler som opphavleg er konstruert for jaktbruk skal vere tillatne. Denne føresegna følgjer opp dei føringar om erverv og innehav av halvautomatiske rifler til jaktbruk som er gjeve i Prop 165. L (2016-2017) punkt 7.2.5, 8.3.4 og i særmerknadane til § 5 (side 81 og 82). Føremålet med dette vilkåret er å hindre erverv av våpentypar som enkelt kan gjerast om til stridsvåpen. Vidare er det i § 4-1 første ledd nr. 1-3 sett krav til utforminga som skal trygge at det ikkje kan ervervast andre våpenmodellar med nærare bestemte eigenskapar som gjer det enkelt å bruke våpenet som eit stridsvåpen.

Dei ovannemnte krava til godkjent våpentype skal som nemnt erstatte gjeldande ordning med å forskriftsfeste kva våpenmodellar som kan ervervast til jakt. Ei ulempe ved å setje slike generelle vilkår for godkjenning er at det i nokre tilfelle vil kunne vere krevjande å fastslå om den konkrete våpenmodellen oppfyller dei generelle krav til godkjenning. Vi ber difor om særskilt om at høyringsinstansane gjev innspel på eventuelle andre måtar å fastsette krava til lovleg våpentype.

I § 4-2 vert det som noko nytt gjeve utfyllande føresegner om kva som kan vere eit «særskilt behov» for erverv av meir enn åtte jaktvåpen etter våpenlova § 11 første ledd. Vilråa for erverv av fleire skytevåpen enn den såkalla jaktvåpengarderoba er gjort noko meir lempeleg enn etter gjeldande rett, og følgjer såleis opp dei føringar som er gjeve i Prop. 165 L (2016-2017) punkt 8.3.4.2. Eit særskilt behov vil omfatte behov for spesialvåpen som ikkje er eigna til andre jaktformer enn til det føremål det er tiltenkt. Døme på slike våpentypar kan vere skytevåpen i særskilte kaliber med eit snevert bruksområde. Vidare vil erverv av skytevåpen til bruk under ettersøk vere omfatta.

Bakgrunnen for å ta med dette føremålet er at det kan vere hensiktsmessig med spesialtilpassa våpen til dette føremålet.

Føresegna i § 4-3 forskriftsfestar gjeldande praksis etter rundskriv RPOD 2009-9 punkt 3.5.1.1 om at det kan gjerast unnatak frå kravet til innføring i Jegerregisteret for erverv av skytevåpen til jakt som ikkje krev dette. Det vert som noko nytt fastsett krav til at det berre kan ervervast to komplette skytevåpen til dette grunnlaget. Bakgrunnen for det kravet er å trygge ein lik praksis. Sidan bruksområdet vil vere snevrare, er det normalt heller ikkje behov for mange skytevåpen til slik jakt. Til sist er det også sett krav til at søkar må dokumentere å ha tilstrekkeleg våpendugleik. Bakgrunnen for dette kravet er at sidan det ikkje er krav til at søkar har gjennomført den våpenopplæring som vert gjeve under Jegerprøva så bør vedkomande kunne dokumentere tilstrekkeleg våpendugleik til å kunne handtere skytevåpen på ein trygg måte.

I § 4-4 første ledd vidareførast gjeldande ordning med at halvautomatiske rifler som er godkjende til jakt også kan ervervast for sportsskyting. I andre ledd vert gjeldande ordning med godkjenning av kvar einskild våpenmodell for sportsskyting som krev bruk av halvautomatiske rifle med størst eldkraft, erstatta med generelle krav til våpentypen. Desse krava til våpentypen er i hovudsak ein vidareføring av gjeldande vilkår for godkjenning etter forskrift 9. september 2011 nr. 930 (forskrift om forbudte skytevåpen m.m) § 4, men slik at det ikkje vert sett krav til særskilt godkjenning av den einskilde våpenmodell. For å gjere regelverket enklare å praktisere vert det i staden sett som krav at våpenmodellen må oppfylle dei generelle krav til minste pipe- og totallengde, samt at den ikkje må vere kamra for dei patrontypar som er særskilt forbodne etter § 3-1 i denne forskrifta. Kravet til at våpentypen ikkje enkelt skal kunne gjerast om til heilautomatisk eld er ikkje ført vidare, av same grunn som for godkjenning av halvautomatiske jaktrifler.

Vidare er det i andre ledd gjeve føresegner om krav til medlemsskap, aktivitet og opplæring i skyttarorganisasjon for å kunne erverve halvautomatiske rifler med størst skadepotensiale. Denne forskriftsfestinga er i hovudsak ei vidareføring av dei vilkår som skyttarforbunda set for erverv av denne våpentypen, men slik at det ikkje er sett krav til kva typar stemne som skal gjennomførast for å oppfylle kravet til aktivitet. Bakgrunnen for denne endringa er behovet for å tilpasse regelverket til dei ulike reglement som gjeld for DSSN og NROF, som i dag har skyteprogram som er godkjent for denne våpentypen.

I § 4-5 vidareførast gjeldande ordning med at dei halvautomatiske hagler, pistolar, samt revolverar som ikkje er særskilt forbodne kan ervervast til sportsskyting. I § 4-6 vidareførast kravet til aktivt medlemsskap i godkjent skyttarforeining for å kunne erverve og ha pistol eller revolver, samt at det forskriftsfestast krav til aktivitet, som i dag er fastsett i Politidirektoratet sitt våpenrundskriv RPOD 2009-9 punkt 3.5.1.2.2. Vidare vert det fastsett krav til gjennomført tryggleiksopplæring, noko som er ein

forskriftsfesting av dei krav som fleire godkjente skyttarforbund allereie set for å stadfeste søknad om erverv av pistol eller revolver.

For erverv av andre våpentypar enn halvautomatisk rifle med størst skadepotensiale og for pistol eller revolver vert det i § 4-7, som noko nytt fastsett krav til aktivitet og gjennomført tryggingsopplæring. Bakgrunnen for denne endringa er at høvesvis fleire byrjar i dag med sportsskyting utan å ha hatt grunnleggande våpenopplæring frå tidlegare, og er ein oppfølging av dei føringar som er gjeve i Prop. 165 L (2016-2017) punkt 8.4.4.1.

I § 4-8 første ledd vidareførast ordninga etter gjeldande våpenforskrifta § 13 tredje ledd om at det som hovudregel kan ervervast eitt skytevåpen per godkjent skyteprogram, men slik at gjeldande føresegn om at det berre kan gjevast eitt skytevåpen om det kan dekke fleire skyteprogram er teken bort. Bakgrunnen for denne endringa er at skyttarar ofte har behov for spesialiserte våpen og at dette vilkåret såleis er vanskeleg å praktisere. I andre ledd vidareførast i hovudsak gjeldande ordning med krav til aktivitet for erverv av såkalla reservevåpen, som i dag er regulert i Politidirektoratet sitt rundskriv RPOD 2009-9 3.5.1.2.2.

I § 4-9 vidareførast krava for godkjenning av samlarområdet i gjeldande våpenforskrift § 16, men slik at det som noko nytt vert sett krav til at samlarområdet skal vere avgrensa til nærare bestemte våpenmodellar. Bakgrunnen for dette kravet er at gjeldande ordning ikkje gjev nokon presis definisjon på kva våpentypar som omfattast av samlarområdet, noko som gjer regelverket lite føreseieleg og krevjande å praktisere. I § 4-10 vidareførast i hovudsak gjeldande krav til våpendugleik i gjeldande våpenforskrift § 16 andre ledd, men slik at det vert stilt meir presise krav til kva dugleik som kravst.

I § 4-11 vidareførast føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 16 tredje ledd, om kor mange skytevåpen som kan ervervast til samling, men slik at det vert satt ei øvre grense på 100 komplette løyvepliktige skytevåpen. Bakgrunnen for denne endringa er at gjeldande regelverk er lite føreseieleg og at praksis såleis har vore varierende. Vidare er det krevjande å fastsette presise skjønnskriterier for kva som vil kunne gje grunnlag for å erverve meir enn 50 skytevåpen, slik det er fastsett i gjeldande våpenforskrift. Etter framlegget vil det difor ikkje verte stilt krav til særskilt vurdering for erverv av opp til 100 skytevåpen, ut over at våpentypane må falle inn under sammlaren sine godkjente samlarområder. For våpensamlarar som har erverva meir enn 100 komplette skytevåpen før forskrifta trer i kraft, vil det verte fastsett overgangsreglar som trygger at dei kan erverve nye skytevåpen om dei held seg innafor det talet skytevåpen som dei har løyve til å ha, sjå nærare omtale i kapittel 14.

I § 4-12 første ledd vidareførast kravet etter gjeldande våpenforskrift § 16 fjerde ledd om at berre erfarne våpensamlarar kan erverve og ha skytevåpen som elles er forbodne, men slik at krava til drift av våpensamlinga vert presisert. I andre ledd vert det gjeve utfyllande føresegner om kva våpentypar som omfattast av dei generelle forboda, som

kan ervervast til samling. Her vert det som noko nytt fastsett at våpensamlarar som oppfyller krava til aktivitet i første ledd, utan særskilt løyve kan erverve og ha inntil fem komplette rifler, hagler, pistolar eller revolverar som omfattast av dei generelle forboda mot farlege våpentypar. Det er likevel presisert at denne unnataksregelen berre skal gjelde for skytevåpen som er produsert før 1946. Bakgrunnen for dette framlegget er at gjeldande ordning med godkjenning av erverv av slike skytevåpen har synt seg vanskeleg å praktisere og at det i mange høve kan vere tilfeldig om historikken til det konkrete skytevåpenet kan dokumenterast. Framlegget vil såleis forenkle sakshandsaminga for erverv av slike våpen og trygger ein lovleg omsetningskanal for det høvesvis store tal slike skytevåpen som finst i privat eige. I andre ledd er det også gjeve føresegner om erverv av andre våpentypar som er generelt forbodne og som ikkje omfattast av unnataksregelen i andre ledd. Vilråra for erverv av slike skytevåpen er avgrensa til sjeldne skytevåpen, som til dømes ulike typar prototypar på våpenkonstruksjonar som ikkje vart sett i serieproduksjon.

I tredje ledd er det presisert at fritaksheimelen ikkje gjeld for erverv og innehav av maskingevær og andre våpentypar som er laga for å brukast av meir enn ein person eller for våpentypar som er konstruert for å bruke eksplosiv ammunisjon, som til dømes bombekastarar eller panservernkanoner.

I § 4-13 vidareførast i hovudsak gjeldande reglar om test- og demonstrasjonsskyting, men slik at kravet gjeldande våpenforskrift § 16 femte ledd om at testskyting berre kan gjerast av godkjent tilverkar eller børsemakar ikkje er vidareført. Bakgrunnen for denne endringa er at det grunna lang avstand til slike næringsdrivande kan vere krevjande å oppfylle dette vilkåret ved testing av samlarvåpen.

I § 4-14 forskriftsfestast i hovudsak dei krav til godkjenning av patronsamlarar, som i dag er fastsett i Politidirektoratet sitt rundskriv RPOD 2009-9 punkt 4.2.2 med nokre endringar. I andre ledd er det gjeve ein generell unnataksregel for erverv av panserbrytande og brannstiftande ammunisjon med prosjektildiameter inntil 8 mm, som er forbode etter våpenlova § 6. Bakgrunnen for denne unnataksregelen er at slik ammunisjon delvis allereie finst i privat eige, enten som etterlatenskapar etter militær aktivitet eller ved avhending til privatpersonar, samt at denne ammunisjonen ofte vil vere ein naturleg del av ein patronsamling. Ein kan ikkje sjå at eit løyve til å ha eit mindre tal slike patroner vil ha nemnande betydning for samfunnstryggleiken, og ein ordning med generelt fritak vil gjere regelverket enklare å praktisere.

I tredje ledd er det som noko nytt gjeve føresegner om krav til erverv av ammunisjon som er forbode etter våpenlova § 6 og som ikkje er omfatta av dei generelle unnataksreglane. Slik ammunisjon kan til dømes omfatte bombekastargranatar og andre gjenstandar med stor sprengkraft. For å unngå feil eller misbruk av slik ammunisjon vert det sett som krav at tennmiddel og drivmiddel er teken bort, og at prosjektilet ikkje er eksplosivt. Dette betyr at det berre kan ervervast såkalla kaldprosjekttil og hylser til slik ammunisjon.

Kapittel 5. Andre ervervsgrunnlag

I den nye våpenlova § 14 er det gjeve ein føresegn om andre grunnlag for erverve skytevåpen, våpendelar og ammunisjon enn jakt, sportsskyting og samling. I kapittel 5 gjevast det utfyllande føresegn om slike ervervsgrunnlag, jf. våpenlova § 41 nummer 13. Dette kapitlet vidareførar i hovudsak føresegnene i gjeldande våpenforskrift kapittel 3, med nokre viktige endringar som vert nærare omtala nedanfor. Jakt, sportsskyting og våpensamling er lovfesta som sjølvstendige ervervsgrunnlag for skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, og er omtala i kapittel 4.

Føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 14 om erverv av skytevåpen for polititeneestemenn og befall er ikkje ført vidare i ny våpenforskrift. Det må føresetjast at dei respektive etatar syt for at tenestepersonane får ein grunnleggande våpentrening i arbeidstida. Ved behov for trening utover dette arrangerer dei godkjente skyttarforeiningane eit breidt utval av skyteprogram som vil dekke behova for våpentrening. Det er difor ikkje grunn til å vidareføre eit særskilt unntak frå kravet til medlemskap i godkjent skyttarforeining for tenestepersonar i politiet eller Forsvaret.

I § 5-1 vidareførast føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 15 med nokre endringar. I § 5-1 vert det som noko nytt fastsett at det ikkje kan ervervast halvautomatiske rifler på dette grunnlaget. Bakgrunnen for dette er at denne våpentypen har potensiale for å kunne gje stor eldkraft og at den såleis er mindre eigna til dei yngste skytterane.

I § 5-2 forskriftsfestast føresegn om erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon for godkjente skyttarforeiningar- og organisasjonar, som i dag er regulert i Politidirektoratet sitt rundskriv RPOD 2009-9 pkt. 3.6.1. For å gjere regelverket føreseieleg og å trygge ein lik praktisering vert det føreslått som noko nytt at skyttarforeiningar tilslutta godkjente skyttarorganisasjonar kan erverve og ha inntil 15 komplette skytevåpen, som kan brukast i organisasjonen sine godkjente skyttarprogram. Talet på skytevåpen er sett slik at det skal kunne vere tilpassa talet på skiver hjå dei fleste skytebaner.

Føresegnene i § 5-3 vidareførar i hovudsak føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 17 og føresegnene om utrydding av skadedyr i våpenforskrifta § 18. Det vert fastsett som noko nytt at berre næringsdrivande vil kunne erverve skytevåpen på dette grunnlaget. Bakgrunnen for denne endringa er at det i hovudsak vil vere næringsdrivande som vil oppleve så store problem med skadedyr at dei jamleg har behov for skytevåpen til felling av desse. Vidare vert det også som noko nytt sett krav til at søkar må dokumentere tilstrekkeleg våpendugleik, slik at ein reduserer risikoen for feilbruk av skytevåpen. Føresegnene om erverv av skytevåpen for jakt på sel i gjeldande våpenforskrift § 18 er vidareført i § 4-3.

I § 5-4 vidareførast føresegnene om erverv av skytevåpen på grunnlag av arv og minneverde i gjeldande våpenforskrift § 20 med nokre endringar. Det vert fastsett strengare krav for erverv av pistol eller revolver på dette grunnlaget, slik at dette berre

kan gjevast til personar som allereie har våpenløyve på tilsvarande våpentypar. Bakgrunnen for denne endringa er at desse våpentypane krev ein større våpendugleik for trygg handtering enn lengre skytevåpen. Vidare vert det fastsett at det berre kan gjevast løyve til erverv av halvautomatiske rifler som er godkjente til jaktbruk. Denne endringa gjerast for å avgrense tilkomsten til halvautomatiske rifler med størst skadepotensiale. Til sist er det sett krav om at søkar må dokumentere ein tilstrekkeleg våpendugleik, dette kravet gjeld for erverv av alle typar skytevåpen. Sjølv om ein ikkje kan erverve ammunisjon på dette grunnlaget, krev erverv og innehav av skytevåpen visse minimumskrav til våpenkjennskap.

I § 5-5 vidareførast føresegnene om erverv og innehav av luft- og fjørvåpen utan materielle endringar. Vidare vert det som noko nytt fastsett at det kan gjevast løyve til erverv og innehav av moderne munnladarar, kammerladarar og perkusjonsrevolverar (såkalla replikavåpen), utan at søkar treng dokumentere medlemskap i godkjent skyttarforeining. Bakgrunnen for denne endringa er at desse våpentypane grunna sin låge skotkapasitet har eit avgrensa skadepotensiale og at det såleis reknast som tilstrekkeleg at søkar oppfyller krava til alder og personlege eigenskapar.

I § 5-6 vidareførast krava til erverv av skytevåpen til museumsføremål, men slik at det vert presisert at museum må oppfylle dei tilsvarande krav til oppbevaring som gjeld for våpenhandlarar og andre med løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

I § 5-7 vidareførast føresegnene om erverv av skytevåpen til vern mot åtak i gjeldande våpenforskrift § 19, men slik at det vert presisert at det berre gjeld til vern mot åtak frå isbjørn. Etter gjeldande praksis vert det ikkje gjeve løyve til erverv av skytevåpen til forsvar mot andre dyr eller personar og denne endringa er såleis ein forskriftsfesting av gjeldande praksis. Vidare vert det som noko nytt presisert at det normalt berre skal gjevast løyve til erverv av rifle eller haglevåpen, noko som også er ein forskriftsfesting av gjeldande praksis, jf. rundskriv RPOD 2009-9 punkt 3.5.1.7.1. Nytt er også at det fastsetjast krav til kaliber, kulevekt og anslagsenergi, noko som i hovudsak er ein forskriftsfesting av Sysselmannen sine retningsliner for våpen og beskyttelses- og skremmemidlar mot isbjørn. Til sist er det også sett krav til våpendugleik for erverv av skytevåpen til dette grunnlaget, for å hindre feil eller misbruk av skytevåpen i situasjonar som kan vere krevjande.

I § 5-8 vidareførast føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 23 a utan materielle endringar.

I § 5-9 vert det fastsett som noko nytt ei føresegn om erverv av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon for personar med løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon til bruk for testing og utvikling. Bakgrunnen for denne føresegna er at nokre våpen- og ammunisjonsprodusentar har behov for erverv og innehav av skytevåpen med stort skadepotensiale til bruk for forsvarsindustrien. Det er

difor behov for å fastsette føresegner, som trygger rammene for erverv på dette grunnlaget. Denne føresegna skal dekke ulike typar næringsverksemd, der testinga skjer i avgrensa omfang og med strenge krav til tryggleik. Difor er det ikkje sett absolutte grenser for kva våpentypar som kan ervervast på dette grunnlaget. For å trygge mot feilbruk er det likevel sett krav til våpendugleik, og at bedrifta har tilkomst til skytefelt som er godkjent for bruk av den aktuelle våpentypen.

I § 5-10 forskriftsfestast i houvdsak føresegnene i Politidirektoratet sitt rundskriv RPOD 2009-9 punkt 2.5 om kva føremål som kan gje grunnlag for erverv av nærare bestemte våpen, som ikkje reknast som skytevåpen.

Kapittel 6. Oppbevaring, transport, sending og lån av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

I § 6-1 vidareførast krava til oppbevaring av skytevåpen i privat bustad etter gjeldande våpenforskrift 79. Den einaste redaksjonelle endringa er at definisjonen av «vital våpendel» i gjeldande våpenforskrift er flytta til § 1-1 nr. 6, samt at føresegnene om mellombels oppbevaring er flytta til § 6-7. Vidare er det også gjort ei mindre endring av krava for godkjenning av våpenrom i gjeldande våpenforskrift § 79 fjerde ledd, slik at det stillast krav til vegg, tak og golv skal vere laga i materiale med styrke mot gjennomtrenging som svarar til 20 cm mura og armert Leca. Dette kravet til våpenrom vil likevel ikkje gjelde for allereie godkjente våpenrom, sjå omtalen i kapittel 14.

Etter den nye våpenlova § 19 andre ledd kan politiet gje eit tidsavgrensa løyve til å oppbevare skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon på annan adresse enn sin faste bustad. Departementet føreslår som noko nytt forskriftsfeste at løyvehavar kan oppbevare løyvepliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon på anna adresse enn si folkeregistrerte adresse, når vedkomande på førehand melder frå om endring av oppbevaringsadresse til politiet. Grunnen til denne endringa er det vil vere praktisk for mange å oppbevare skytevåpen, våpendelar og ammunisjon på annan adresse enn der vedkomande er folkeregistrert, til dømes vil dette gjelde for studentar, pendlarar og personar som har fleire bustadar. Departementet har etter ein nærare gjennomgang kome til at den ordninga som er lovfesta i § 19 andre ledd vil vere ressurskrevjande å gjennomføre og at politiet sitt behov for kontroll vil dekkast ved at løyvehavar sender varsel om kvar gjenstandane vert oppbevara. Departementet føreslår difor å endre ordlyden i § 19 andre ledd, sjå høyringsbrevet pkt. 3.

Etter gjeldande våpenforskrift § 79 kan politiet gje særskilte pålegg om oppbevaring av skytevåpen og ammunisjon, utan at det er gjeve nærare tilvising på korleis dette skjønnet skal praktiserast. Departementet ser det som hensiktsmessig at det i forskrifta gjevast klare krav til korleis oppbevaring skal skje. Føresegnene om oppbevaring bør vere så tydelege at det ikkje er behov for ein heimel til å kunne gje særskilte pålegg, som går ut over dei krav som er fastsett i forskrifta. Det synast til at kontrollen med

oppbevaring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i døds- og konkursbu er regulert i §§ 34 og § 35 i ny våpenlov, og føresegnene i våpenforskrifta § 82 om at politiet kan gje pålegg om oppbevaring av slike gjenstandar i døds- og konkursbu er difor ikkje ført vidare.

I § 6-2 vidareførast føresegnene om oppbevaring av ammunisjon i gjeldande våpenforskrift § 80, men slik at reglane for oppbevaring av tennhetter og krut i forskrift 15. juni 2017 nr. 844 om sivil håndtering av eksplosjonsfarlige stoffer (eksplosivforskrifta) § 34 nummer 2 takast inn våpenforskrifta, sjå § 6-2 første og tredje ledd. Hensikta med denne endringa er å samle føresegnene om oppbevaring av ammunisjon i ein paragraf og på den måten gjere regelverket enklare tilgjengeleg.

I § 6-3 er det som noko nytt gjeve føresegner om oppbevaring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon for juridiske personar. Denne føresegna vil vidareføre § 83 i gjeldande våpenforskrift, som gjeld oppbevaring av skytevåpen og ammunisjon for foreiningar tilslutta godkjente skyttarorganisasjonar, men vil også gjelde for andre juridiske personar som har løyve til å ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Døme på slike personar kan vere bedrifter som har løyve til å ha skytevåpen for avliving av skadedyr og for testing av ammunisjon.

Etter gjeldande våpenforskrift § 83 kan politiet gje godkjente skyttarorganisasjonar fritak frå kravet om at skytevåpen og ammunisjon skal oppbevarast i folkesette lokale, når det ligg føre særlege grunnar for dette. Gjeld søknaden fritak for meir enn 10 løyvepliktige skytevåpen, skal oppbevaringsstaden vere trygga med FG-godkjent innbrotsalarm, som er kopla til døgnmanna alarmsentral som kan trygge utrykking ved alarm. Utanom dette vilkåret om oppbevaring i folkesett bustad, gjeld krava til oppbevaring av skytevåpen og ammunisjon tilsvarande som for privatpersonar.

For å styrke kontrollen med oppbevaring av skytevåpen hjå juridiske personar, føreslår departementet å innføre krav til alarm for alle skytevåpen og ammunisjon som ikkje oppbevarast i lokale som enten er busett eller bemanna på kvardagar, sjå § 6-3 andre ledd. Bakgrunnen for framlegget om alarm er at fleire av dei lokala som vert nytta til oppbevaring av skytevåpen med vidare, ligg avsides til og eit innbrot vil difor kunne ta tid å oppdage. Departementet meiner at ein ordning med krav til alarm både vil redusere risikoen for innbrot, samt at ein rask varsling også vil kunne medverke til å stoppe eventuelle freistnader på innbrot.

Etter gjeldande våpenforskrift § 83 kan politiet gje særskilte pålegg om oppbevaring av skytevåpen og ammunisjon, utan at det er gjeve nærare tilvising på korleis dette skjønnnet skal praktiserast. Departementet ser det som hensiktsmessig at det i forskrifta gjevast klare krav til korleis oppbevaring skal skje, og at føresegnene bør vere så tydelege at det ikkje er behov for ein heimel til å gje særskilte pålegg ut over dei krav som følgjer av forskrifta. Denne heimelen er difor ikkje ført vidare i ny våpenforskrift.

I § 6-4 er det gjeve føresegner om oppbevaring for fysiske og juridiske personar som har løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon etter ny våpenlov § 23. Krava til løyve for næringsverksemd etter § 23 har eit vidare verkeområde enn gjeldande våpenlov kapittel IV og V, og vil kunne omfatta andre former for næringsverksemd enn handel med og tilverking av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Felles for desse næringsverksemdene er at dei som regel krev oppbevaring av høvesvis store mengder skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Større lagre av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon kan vere attraktive mål for kriminelle, særleg sidan militære lagre dei seinare år har vorte langt betre trygga mot innbrot. Departementet meiner difor at det er behov for å fastsette særskilte og strengare krav til oppbevaring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon for denne gruppa enn for andre næringsdrivande. Det vert difor føreslått at krava til oppbevaring skal gjelde for alle former for næringsverksemd, med unnatak for næringsverksemdar som berre omfattar skytevåpen med eit lågt skadepotensiale, sjå § 6-4 sjuande ledd.

Etter gjeldande våpenforskrift § 42 er det ikkje sett særskilte krav til fysisk trygging av skytevåpen, våpendelar utanom for oppbevaring av pistolar, revolverar og ammunisjon i forretninga si opningstid. Politiet kan likevel gje pålegg om korleis den næringsdrivande skal oppbevare skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. I Politidirektoratet sitt våpenrundskriv RPOD-2009-9 punkt 3.10 er det gjeve retningsliner om at politiet må krevje at oppbevaringa har minst det same tryggingnivå som for private våpeninnehavarar. Departementet meiner det er behov for å forskriftsfeste konkrete krav til fysiske sikringstiltak for personar som har løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. Desse krava til fysiske tryggingstiltak vil etter framlegget erstatte kravet til å følgje politiet sine pålegg om krav til oppbevaring. I framlegget er det lagt vekt på å fastsette tiltak som kan gjennomførast med ein forsvarleg ressursbruk. Det vert føreslått å fastsette krav til at ytterdører skal vere FG-godkjent og utstyrast med minst to FG-godkjente låsar, samt at vindauge skal vere utstyrt med FG-godkjent innbrotstrygga glas og enten gitter eller rulleport som er FG-godkjent, sjå § 6-4 første ledd.

Gjeldande krav i gjeldande våpenforskrifta § 42 til korleis oppbevaringsstaden skal vere trygga med alarm og til korleis pistolar, revolverar og ammunisjon skal vere nedlåst i forretninga sin opningstid forast vidare, sjå framlegget til § 6-4 andre til fjerde ledd. Fritaksheimelen frå dette kravet i gjeldande våpenforskrift § 42 sjuande ledd for mindre forretningslokale er likevel ikkje ført vidare. Departementet meiner det er viktig å trygge ein forsvarleg minstestandard for oppbevaring av skytevåpen for næringsdrivande med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon og at det ikkje er grunn til å gje unnataksreglar på grunnlag av lokala sin storleik.

I § 6-4 tredje ledd andre punktum vert det som noko nytt sett krav til at også andre løyvepliktige skytevåpen skal låsast fast til vegg eller til annan fastmontert innretning.

Bakgrunnen for framlegget er at dei omsyna som tilseier at pistolar og revolverar skal tryggast mot tjuveri også gjeld for andre våpentypar.

Vidare vert sett krav om at politiet skal legge spørsmålet om oppbevaring føre brannvernmynda før dei godkjenner slik oppbevaring for personar som har løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, sjå § 6-4 sjetle ledd. Slike løyvehavarar oppbevarer normalt større mengder ammunisjon, og det er difor viktig at politiet trygger at ammunisjonen oppbevarast på forsvarleg måte, og at brannvesenet er kjent med at det kan oppbevarast større mengder ammunisjon i lokalet. Etter gjeldande våpenforskrift § 80 tredje ledd andre og tredje punktum er det gjeve eit slikt krav for privat oppbevaring, som truleg også gjeld for løyvehavarar etter våpenlova § 23. Av pedagogiske omsyn er det hensiktsmessig å ta inn dette kravet som eit særskilt vilkår for godkjenning av oppbevaring for personar som driv næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

I § 6-4 sjuande ledd er det føreslått ein unnataksreglar for løyvehavarar som berre har løyve til å drive handel, tilverking eller andre former for næringsverksemd med luftvåpen og deaktiverte skytevåpen. Luftvåpen og deaktiverte skytevåpen har eit mindre skadepotensiale enn andre våpentypar. Vidare krev eit løyve til å drive næringsverksemd med slike skytevåpen heller ikkje at det oppbevarast krut eller tennhetter, som utgjer ein brann- og eksplosjonsfare. Departementet meiner difor at det for slike næringsdrivande vil vere tilstrekkeleg at skytevåpen oppbevarast i godkjent tryggingsskap.

I § 6-5 vidareførast føresegna i gjeldande våpenforskrift § 78 om at haglevåpen som er friteke frå løyveplikt omfattast av kravet til oppbevaring for løyvepliktige skytevåpen, men slik at det vert presisert at dei ålmenne krava til oppbevaring også gjeld for ammunisjon til slike haglevåpen. Vidare er kravet om oppbevaring etter gjeldande våpenforskrift § 78 for andre skytevåpen som ikkje er løyvepliktige vidareført, men slik at det er presisert kva som ligg i kravet til oppbevaring. I § 6-5 forskriftsfestast det som noko nytt eit krav om at skytevåpen, eller vital del av skytevåpen, som er unnateke frå løyveplikt skal oppbevarast nedlåst i skap, skuff eller annan låsbar innretning.

Bakgrunnen for denne presiseringa er at brot på denne føresegna er strafflagd, og difor er det behov for å klargjere kva som ligg i kravet til at også skytevåpen som er friteke frå løyveplikt skal oppbevarast *«slik at uvedkommende ikkje får tilgang til dem»*, jf. gjeldande våpenforskrift § 78. I § 6-5 andre ledd siste punktum fastset unnatak frå krava til oppbevaring for deaktiverte skytevåpen, noko som er ein vidareføring av det tilsvarande unnataket i gjeldande våpenforskrift § 78.

Dei sentrale føresegnene for transport og mellombels oppbevaring av skytevåpen og ammunisjon er fastsett i ny våpenlov § 20. I § 6-6 og § 6-7 er det fastsett utfyllande føresegner for transport, sending av skytevåpen og mellombels oppbevaring av skytevåpen og ammunisjon. Føresegnene er i hovudsak ei vidareføring av gjeldande våpenforskrift §§ 79 sjetle ledd, 80 femte ledd og § 84, med den endring at komplette

skytevåpen og ammunisjon kan forlatast utan forsvarleg tilsyn ved transport i motorvogn og under mellombels oppbevaring. Denne endringa er ein oppfølging av dei føringane som er gjeve i Prop. 165 L (2016-2017) punkt 10.5.1 om at krava til transport og mellombels oppbevaring skal gjerast meir lempelege slik at regelverket vert enklare å praktisere. På grunn av faren for isbjørnåtak vil det kunne vere behov for å lempe på reglane for transport og mellombels oppbevaring på Svalbard. Sysselmannen på Svalbard er difor gjeve mynde til å fastsette særskilte retningsliner for mellombels oppbevaring og transport av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon på Svalbard.

Lån av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon og oppbevaring hjå andre

I § 6-8 vidareførast fråsegnene i gjeldande våpenforskrift § 85 om krav til fråsegn ved utlån av skytevåpen eller våpendelar, med den endring at det ikkje lenger er sett særskilte tidsfristar for utlån, jf. omtalen i Prop. 165 L (2016-2017) pkt. 10.5.2.

I § 6-9 er føresegnene om krav til føring av lister ved utlån for godkjente skyttarorganisasjonar og bedrifter i gjeldande våpenforskrift § 88 og § 91 vidareført utan materielle endringar.

Dei særskilte føresegnene om utlån frå godkjent skyttarorganisasjon, bedrifter og godkjente våpenhandlarar i gjeldande våpenforskrift §§ 86, 89 og § 92 er ikkje ført vidare. I den nye våpenlova § 18 er det sett krav til løyve for utlån, om låntakar ikkje har våpenløyve for tilsvarande skytevåpen. Kravet til løyve etter våpenlova § 18 gjeld uavhengig av føremålet for utlånet, og etter departementet sitt syn er det ikkje grunn til å fastsette særskilte unntak frå krava til løyve for utlån for desse føremåla.

I § 6-10 vidareførast føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 81 om mellombels oppbevaring hjå andre, med den endring at det er tilstrekkeleg å varsle politiet om kvar skytevåpna, våpendelane eller ammunisjonen vert oppbevara. Bakgrunnen for denne endringa er at dei tryggingmessige forholda er ivaretake ved at den som oppbevarer må ha løyve for å ha tilsvarande våpen, og at politiet får melding om kvar gjenstandane oppbevarast. Departementet kan difor ikkje sjå at det er grunnlag for å vidareføre gjeldande krav til at politiet må utferde løyve til slik oppbevaring. Denne ordninga vil kunne heimlast ved den endringa av våpenlova § 19 andre ledd som er omtala i merknadane til § 6-1.

I § 6-11 er det presisert at Sysselmannen har mynde til å gje utfyllande retningsliner for lån av skytevåpen til vern mot isbjørnåtak. Denne føresegna samsvarar med den tilsvarande mynda til å kunne gje retningsliner for erverv på dette grunnlaget, sjå § 5-7. For å klargjere rettsgrunnlaget til å kunne forskriftsfeste føresegner om lån er det også føreslått å endre ordlyden i ny våpenlov § 41 nr. 18, sjå framlegg til lovendringar i høyringsnotatet pkt. 4.

Kapittel 7. Krav til alder og personlege eigenskapar for å kunne erverve og ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

I den nye våpenlova §§ 15 til § 17 er det sett krav til alder og personlege eigenskapar for å kunne erverve skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. I dette kapitlet gjevast det føresegner om fritak frå dei ålmenne alderskrava, samt føresegner om krava til vandel, skikkaskap og butid, jf. ny våpenlov § 17 tredje ledd og § 41 nummer 14, 15 og 17.

I § 7-1 vidareførast føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 10 andre, tredje og fjerde ledd, med nokre endringar. Krava til fritak for alderskravet er endra slik at den mindreårige ikkje kan erverve skytevåpen gjennom kjøp. Denne endringa er gjort for å implementere det tilsvarande kravet etter EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 5 nummer 1. Vidare er føresegnene om fritak frå alderskravet for mindreårige arvingar endra slik at politiet ikkje lenger skal oppbevare skytevåpen eller våpendelar fram til arvingen oppfyller kravet til alder. Sjå nærare omtale av desse endringane i Prop. 165 L (2016-2017) pkt. 9.2.3 og i særmerknadane til ny våpenlov § 15 (side 85).

I den nye våpenlova § 15 tredje ledd er det som noko nytt fastsett ein heimel til å kunne gje personar over 18 år fritak frå alderskravet for erverv av pistol eller revolver. Føresetnaden var at dei nærare vilkår for fritak skulle fastsetjast i forskrift, sjå nærare omtale i Prop. 165 L (2016-2017) pkt. 9.2.3. Føresegnene i § 7-2 fastset slike vilkår for fritak frå alderskravet for erverv av pistol eller revolver. I våpenlovutvalet sitt framlegg var det framheva at fritaksheimelen føresetnadsvis skulle gjelde for særleg aktive skyttarar, og denne føresetnaden slutta departementet seg til, sjå omtalen i punkt 9.2.3. Det er difor sett krav om at politiet berre kan gje fritak for personar som har gjennomført tryggingsopplæring, har vore medlem i minst to år i godkjent skyttarforeining og som har delteke i minst 10 opne stemner dei siste to åra. I § 7-3 vidareførast føresegnene om krav til alder for knivar og liknande gjenstandar med lang bladlengde i forskrift 25. januar 1963 nr. 2 om ikrafttreden av og delegasjon etter lov om skytevåpen og ammunisjon punkt II nummer 14 utan materielle endringar.

I den nye våpenlova § 16 og § 17 er det fastsett eit særskilt krav til vandel for fysiske og juridiske personar. I § 7-4 vert det fastsett utfyllande føresegner om krava til vandel for fysiske personar. Kravet til vandel representerer ikkje noko nytt, då vandelen er eit sentralt moment i vurderinga av om ein person reknast som påliteleg etter gjeldande våpenlov §§ 7, 8 og § 10, sjå Politidirektoratet sitt rundskriv RPOD 2009-9 pkt. 3.4.1. Det som likevel er nytt er at vandel er eit sjølvstendig vilkår for å kunne erverve og ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, og vil difor som hovudregel ikkje lenger vere en del av skikkavurderinga.

I § 7-4 første ledd presiserast at det i vandelsvurderinga kan leggst vekt på alle opplysingar som hadde kome fram på ein uttømmmande og utvida politiattest etter politiregisterlova § 41. Dette betyr at det i vurderinga kan leggst vekt på alle typar strafferettslege reaksjonar, med unntak av dei som er nemnde i politiregisterlova § 41

nummer 1. Vidare kan det leggst vekt på opplysingar om verserande straffesaker. Denne føresegna er ein vidareføring av gjeldande praksis og føremålet er å forskriftsfeste dei ytre rammene for kva opplysingar som er relevante i vurderinga.

I andre ledd, *første punktum*, vert det fastsett at det ikkje kravast plettfri vandel for å kunne få våpenløyve, noko som også er ein forskriftsfesting av gjeldande rett. I andre ledd, *andre punktum* presiserast kravet til vandel. For at vandelen skal kunne gje grunnlag for å nekte våpenløyve, må det vere ein sakleg samanheng mellom brotsverket og evna eller tilliten til at vedkomande vil bruke skytevåpen på lovleg måte. Kravet til sakleg samanheng følgjer også av gjeldande krav til at vedkomande må vere påliteleg etter våpenlova §§ 7, 8 og § 10. I praksis har det likevel vore uklart kva for strafflagde forhold som er relevante i vurderinga av våpenløyve.

Departementet reknar det ikkje hensiktsmessig å gje nokon uttømmmande liste over kva lovbrotskategoriar som vil kunne føre til nekt av våpenløyve, då det vil vere stor innbyrdes skilnad mellom dei ulike straffeboda, samt at relevante straffebod også er spreidd rundt i spesiallovgevinga. Det må såleis vurderast konkret kva strafflagde forhold som vil vere relevante, og det sentrale momentet er om det strafflagde forhold kan seie noko om risikoen for misbruk av våpenløyvet. Til dømes vil valds- eller sedskapsbrotsverk normalt alltid vere relevante då slike forhold syner ein evne og vilje til å utøve vald eller tvang. Tilsvarande vil brot på til dømes rekneskapslovgevinga som utgangspunkt ikkje vere relevante, då slike forhold normalt har ein fjern samanheng til det å erverve og ha skytevåpen. Saman med lovbrotskategorien vil også andre forhold, som mellom anna graden av skuld og om det er tale om eitt eller fleire brotsverk kunne vere relevante moment i vurderinga.

Feil- eller misbruk av skytevåpen kan få store skadefølgjer. Opplysingar om vandel vil også kunne gje haldepunkt for å kunne føreseie risiko for framtidige hendingar. Kravet til vandel skal difor praktiserast strengt. I tvilstilfelle skal omsynet til samfunnstryggleiken gå føre den einskilde sin rett til å kunne ha skytevåpen, jf. her den nye våpenlova § 1 og merknadane i Prop. 165 L (2016-2017) pkt. 5.1.4.

I § 7-5 fastsetjast krav til vandel for juridiske personar. Det gjeld ikkje eit slikt krav etter gjeldande rett, då vurderinga utlukkande er knytt til dei personar som skal handtere skytevåpen på vegne av den juridiske personen, jf. gjeldande våpenforskrift § 11 andre ledd. Innføringa av kravet til vandel betyr at den juridiske personen vil kunne nektast løyve, sjølv om den våpenansvarlege oppfyller krava til personlege eigenskapar.

Føresegnene om kravet til vandel etter § 7-5 er gjort lik dei som gjeld for fysiske personar. Kva lovbrotskategoriar som vil vere relevante i vandelsvurderinga vil likevel skilje seg frå dei som er mest aktuelle for fysiske personar. Til dømes vil omfattande brot på rekneskapsvurderinga kunne vere relevante for vurdering av om organisasjonen vil forvalte våpenløyvet på ein forsvarleg måte.

I § 7-6 forskriftsfestast eit oversyn over kva som vil vere relevante opplysingar i vurderinga av om ein person er skikka til å ha våpenløyve etter ny våpenlov § 16. Denne føresegna er i og for seg ein vidareføring av gjeldande praksis, men for å gjere regelverket klarare og meir føreseieleg gjevast det føresegner om kva av politiet sine register, og dermed også kva opplyskingskategoriar, som kan gje grunnlag for skikkavurderinga. Av same grunn er det også uttrykkelig fastsett at det kan leggest vekt på opplysingar som politiet får frå Politiets tryggingsteneste.

I § 7-7 gjevast det utfyllande føresegner om kravet til butid etter ny våpenlov § 16 tredje ledd. Føresegnene er ein forskriftsfesting av gjeldande praksis etter Politidirektoratet sitt våpenrundskriv RPOD 2009-9 pkt. 3.4.4. Det vert som noko nytt forskriftsfest at kravet til butid ikkje kan overstige fem år og at vandelsattest frå eit anna EØS-land skal likestillast med norsk vandelsattest, slik at regelverket harmoniserast med dei krav som gjeld for vandelskontroll etter politiregisterlova § 36.

Kapittel 8. Skytebaner og skytefelt, skyttar- og våpensamlarorganisasjonar

I den nye våpenlova § 28 og § 29 er det gjeve føresegner om godkjenning av skyttar- og våpensamlarorganisasjonar, tekniske skyteprogram og skytebaner. Dette kapitlet gjev utfyllande føresegner om slike godkjenningar, jf. § 29 andre ledd og § 41 nummer 27 i den nye våpenlova. I § 8-1 til § 8-5 vidareførast i hovudsak føresegnene som etter gjeldande regelverk er fastsett i forskrift 1. juli 1988 nr. 548 om anlegg av, kontroll med og godkjenning av sivile skytebaner (skytebaneforskrifta). I § 8-1 vidareførast gjeldande definisjon av skytebaner i skytebaneforskrifta § 1, men slik at det ikkje lenger er presisert at tryggingssområdet kring skytebanen reknast som skytevåpen. Bakgrunnen for endringa er at dette området naturleg inngår i det som må reknast som skytebane og at denne presiseringa såleis ikkje er naudsynt. Føresegnene i §§ 8-2 til § 8-4 om tekniske krav, godkjenning og kontroll av skytebaner er i all hovudsak ei vidareføring av skytebaneforskrifta §§ 2 til § 6. Dei tekniske krava for godkjenning av skytebanar er detaljerte, og endringar i tekniske løysingar kan gje behov for å revidere desse med jamne mellomrom. Departementet føreslår difor at det leggest til Politidirektoratet å fastsette dei nærare tekniske krav for godkjenning av skytebaner, sjå § 8-2. I § 8-5 om fritak frå dei ålmenne krav til skytebaner, er det som noko nytt fastsett at fritaket berre kan gjelde for ei tidsavgrensa periode. Bakgrunnen for denne endringa er å trygge at det gjevast ein frist for når tryggingss- eller miljøkrava skal vere oppfylte. Vidare vil ein slik ordning også gje politiet høve til å vurdere kor lenge det er forsvarleg å gje løyve til slik mellombels drift.

Dei sentrale vilkåra for godkjenning av skyttar- og våpensamlarorganisasjonar er lovfesta i ny våpenlov § 28. Føresegna i § 8-6 gjev utfyllande vilkår for godkjenning av skyttarorganisasjonar, og skjerpar vilkåra for godkjenning i høve til gjeldande våpenforskrift § 24. Det fastsetjast som noko nytt at organisasjonen må vere open for medlemmer frå heile landet, at den er tilknytt ein internasjonal skyttarorganisasjon, at den har ein terminliste med minst 10 opne stemmer per år og at den har eit

skyteprogram. Ein slik godkjenning utløyser mellom anna rett til å kunne drive organisert skyteaktivitet, og gjev medlemmane grunnlag for erverv av skytevåpen som kan brukast i organisasjonen sitt godkjente skyteprogram. Gjeldande reglar opnar for etablering av mange små forbund, med sine særskilte tekniske skyteprogram. Ein slik ordning opnar for at medlemmer i slike nyetablerte forbund kan erverve skytevåpen til skytesportar med liten aktivitet, noko som ikkje er ønskeleg. Medlemsskap i våpensamlarorganisasjon utløyser ikkje dei same rettane, då ein slik organisasjon ikkje driv nokon aktiv skytesport. I § 8-8 vidareførast difor dei gjeldande vilkår for godkjenning av våpensamlarorganisasjonar.

Kapittel 9. Næringsverksemd og merking

I den nye våpenlova § 23 og § 26 er det fastsett føresegner om krav til løyve for å kunne drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, samt krav til merking av slike gjenstandar. I dette kapitlet gjevast det utfyllande føresegner om løyve til å kunne drive næringsverksemd og om krava til merking, jf. våpenlova § 23 fjerde ledd, § 26 tredje ledd og § 41 nummer 24 og 25. Føresegnene om næringsverksemd er i hovudsak ei vidareføring av kapittel seks til åtte i gjeldande våpenforskrift, medan føresegnene om merking vidarefører gjeldande våpenforskrift § 93.

Føresegna i § 9-1 vidarefører føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 34, men slik at føresegnene også gjeld for andre former for næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon enn handel. Denne endringa følgjer opp føresegnene i ny våpenlov § 23 første ledd, der det er sett krav til løyve for alle typar næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon. I § 9-2 lempast krava til løyve for skytevåpen som er unnateke frå løyveplikt og det innførast i staden eit krav om meldeplikt for å kunne drive handel, utleige eller mekling med slike skytevåpen. Bakgrunnen for endringa er at slike skytevåpen ikkje har det same skadepotensiale som løyvepliktige skytevåpen, og at ein ordning med meldeplikt gjev politiet eit oversyn over dei personar som driv denne forma for næringsverksemd. Ved eventuelt misbruk av næringsverksemda vil politiet kunne legge ned forbod mot at dei har skytevåpen som er unnateke frå løyveplikt, jf. ny våpenlov 31 andre ledd. Av same grunn erstattar ordninga med meldeplikt kravet til løyve for handel, utleige eller mekling med lyddemparar til løyvepliktige skytevåpen.

Føresegna i § 9-3 vidarefører føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 35 utan materielle endringar. Føresegnene om søknad og utferding av løyve i gjeldande våpenforskrift §§ 36 og 37 er erstatta med eit krav om at søknad og løyve skal sendast og gjevast på fastsett skjema, sjå § 9-4. I §§ 9-5 til § 9-9 vidareførast i hovudsak føresegnene i gjeldande våpenforskrift §§ 39 til § 43. I § 9-6 er det sett krav til jamnleg rapportering av transaksjonar med løyve- eller meldepliktige skytevåpen eller våpendelar. Bakgrunnen for endringa er å gjennomføre dei krav til rapportering, som følgjer av EU sitt reviderte

våpendirektiv artikkel 4 nr. 4. Vidare er føresegnene om oppbevaring flytta til kapittel seks. Føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 92 første ledd om mellombels fjerning av skytevåpen frå forretningsstaden er også teken inn i kapitlet om næringsverksemd, sjå § 9-9.

Føresegnene i §§ 9-10 til § 9-15 vidareførar i hovudsak føresegnene i gjeldande våpenforskrift kapittel åtte. Sidan børsemakarar med meisterbrev ikkje lenger er fritেকে frå løyveplikta i ny våpenlov § 23 første ledd, er føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 49 ikkje vidareført. Vidare er føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 48 om føring av opplysingar i det sentrale våpenregisteret flytta til kapittel 13. I § 9-14 er det som noko nytt sett krav om at løyvehavarar skal føre oversyn over kjøp av skytevåpen og våpendelar og ammunisjon. Vidare er det sett krav om jamnleg rapportering av transaksjonar med løyve- eller meldepliktige skytevåpen eller våpendelar. Bakgrunnen for desse endringane er å gjennomføre dei krav til rapportering som følgjer av EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 4 nr. 4. I § 9-16 vidareførast føresegnene om merking i gjeldande våpenforskrift § 93 utan materielle endringar.

Kapittel 10. Inn- og utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

I den nye våpenlova § 21 og § 22 er det gjeve føresegner om krav til løyve for inn- og utførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. I kapittel 10 gjevast det utfyllande føresegner om vilkår for å kunne inn- eller utføre skytevåpen, samt føresegner om Tolletaten sin kontroll, jf. ny våpenlov § 21 andre ledd nummer 1-3, § 22 tredje ledd og § 41 nummer 22 og 23.

Føresegna i § 10-1 første ledd vidarefører gjeldande ordning om at føresegnene om inn- og utførsel gjeld for alle skytevåpen som er underlagt løyve- og registreringsplikt. I tillegg vert det fastsett som noko nytt at føresegnene om inn- og utførsel også gjeld for såkalla blanksvåpen og eldre munnladarar, kammerladarar, perkusjonsrevolverar, som er fritekne frå løyveplikt etter § 2-3, samt låskasser, piper og ammunisjon til slike skytevåpen. Det kan vere krevjande for Tollmynda å føre kontroll med om slike våpen oppfyller vilkåra for fritak frå løyveplikt, og eit krav til løyve for innførsel vil betre kontrollen med at det berre innførast slike skytevåpen med vidare som lovleg kan omsetjast utan krav til løyve. I andre ledd vidareførast også kravet til løyveplikt etter gjeldande våpenforskrift § 55 andre ledd for innførsel av apparat for slakting, rednings- og harpungevær, samt for våpendelar og ammunisjon til slike skytevåpen. Vidare innførast det som noko nytt at kravet til løyve også gjeld for utførsel av slike skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, slik at ein trygger kontroll med omsetnaden av slike gjenstandar.

I § 10-2 vidareførast føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 55 første og tredje ledd om søknad og utferding av løyve med nokre endringar. For å gjere sakshandsaminga enklare er det fastsett krav til at ein søknad skal fremjast på fastsett skjema, og det vert

ikkje sett så detaljerte krav til kva opplysingar søknaden skal innehalde som etter gjeldande våpenforskrift. Slikt skjema er ikkje laga enno, men vert fastsett før forskrifta trer i kraft. Det vil gå fram av skjemaet kva opplysingar som må oppgjevast, slik at det ikkje er grunn til å gje detaljerte forskriftsreglar om dette. Kva opplysingar som er relevante vil også kunne variere ut frå kva gjenstandar som ønskast innført, og det kan såleis vere behov for å kunne tilpassa krava til opplysingar i noko større grad enn etter gjeldande regelverk. Dei føreslåtte endringane vil også gjere regelverket meir fleksibelt om det er behov for endringar, til dømes for å etterleve krav som følgje av mellomfolkelege avtalar. Av same grunn er også føresegnene om utferding av løyve endra, slik at det ikkje lenger er konkretisert kva opplysingar som skal førast på løyvet.

I § 10-3 første og andre ledd vidareførast føresegnene om løyve til innførsel etter gjeldande våpenforskrift § 61, men slik at denne ordninga ikkje er avgrensa til berre å gjelde for godkjente tilverkarar, men også skal gjelde for alle som har løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Denne endringa betyr at det ikkje vert sett krav til at det må utferdast løyve for kvart vareparti, men at det gjevast løyve for innførsel inntil eit nærare fastsett beløp. Ein slik ordning vil krevje mindre sakshandsaming i samband med innførselen, medan kontrollomsynet vert ivareteke ved at Tolletaten fører kontroll med kva varer som innførast. Av dei same grunnar er beløpsgrensa heva frå 250 000 til 500 000, og tidsromet for kor lenge løyvet er gyldig er forlengt frå tre til seks månader.

Kravet etter gjeldande våpenforskrift § 57 til at politiet skal føre kontroll med mengda av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som innførast er vidareført i § 10-3 første ledd andre punktum, men er formulert som eit generelt krav til at varemengda må stå i rimeleg høve til omsetnaden. Gjeldande krav etter våpenforskrifta §§ 54, 55 og § 57 til kontroll med kva våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som kan innførast er i hovudsak vidareført i § 10-3 tredje ledd, men slik at det vert presisert kva våpentypar som kan innførast i medhald av løyvet. Dette vil vere skytevåpen som er godkjent for jakt eller skytesport, med ein heimel til å kunne gje fritak i særskilte tilfelle. Ein føresetnad for innførsel av skytevåpen som ikkje er tillatne til jakt eller skytesport er at innførselen skjer på vegne av ein kjøpar med gyldig løyve til å kunne erverve den aktuelle gjenstanden, noko som er ein forskriftsfesting av gjeldande praksis, jf. Politidirektoratet sitt rundskriv RPOD 2009-9 punkt 5.

Kravet til internasjonalt importsertifikat etter gjeldande våpenforskrift § 58 er ikkje ført vidare, då slikt sertifikat ikkje er naudsynt for å vurdere om vilkåra for reeksport er oppfylt. Føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 63 er heller ikkje ført vidare, då desse føresegnene i hovudsak gjeld ervervsmessig utførsel av ammunisjon, som ligg under Utanriksdepartementet. Vidare er føresegnene om føring av opplysingar i gjeldande våpenforskrift § 59 og § 65 flytta til kapittel 13.

I § 10-4 vidareførast kravet til Tolletaten sin kontroll ved utlevering på tollstaden etter gjeldande våpenforskrift § 60. Vidare er føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 62

første ledd om Tolletaten sin handsaming av uavhenta gjenstandar ført vidare i § 10-5. Føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 62 andre og tredje ledd er ikkje ført vidare, då desse føresegnene dekkast av dei ålmenne krav for utlevering av skytevåpen med vidare etter våpenlova §§ 5, 6 og § 7, samt politiet sin plikt til å ta hand om skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som ingen krev eigedomsretten til.

I § 10-6 innførast som noko nytt eit krav til rapportering for utferding av løyver frå statar tilknytt Schengen-samarbeidet. Denne føresegna set krav til at politiet i samband med utferding av løyve til innførsel skal sende melding til sendarstaten med nærare bestemte opplysingar om løyvet. Føremålet med denne føresegna er å oppfylle dei krav som følgjer av EU sin gjennomføringsforordning 2019/686 om informasjonsutveksling.

I § 10-7 fastset og presiserer kravet til løyve for ikkje-ervertsmessig innførsel etter ny våpenlov § 21. Ordninga etter gjeldande våpenforskrift § 64 med krav til løyve for innførsel av kvart vareparti vidareførast, då privatpersonar normalt ikkje vil ha behov for å kunne innføre større mengder skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Gjeldande ordning med at søknaden om og utferdinga av løyve skal førast på skjemaet for ervertsløyve vidareførast ikkje, då ei slik ordning vanskeleg kan vidareførast ved ein eventuell digitalisering av søknadshandsaminga. Det vert difor fastsett føresegner om at søknad om og løyve til ikkje-ervertsmessig innførsel skal førast på fastsett skjema, sjå § 10-7. Slikt skjema er ikkje laga, men vert fastsett før forskrifta trer i kraft.

I § 10-8 vidareførast føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 65 tredje ledd, jf. § 60 om krav til kontroll og sakshandsaming ved utlevering, I § 10-9 innførast det som noko nytt eit krav til rapportering ved ikkje-ervertsmessig innførsel, av same grunnar som for innføring av det tilsvarande kravet for ervertsmessig innførsel, sjå omtalen til § 10-6.

I § 10-10 og § 10-11 vidareførast føresegnene om ikkje-ervertsmessig utførsel i gjeldande våpenforskrift § 66 og § 67 utan materielle endringar, men slik at det vert sett krav om at søknad og løyve fremjast på særskilt skjema. Føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 68 om føring av opplysingar i det sentrale våpenregisteret er flytta til kapittel 13. Vidare er føresegnene om Tolletaten sin handsaming av ikkje-ervertsmessig utførsel i gjeldande våpenforskrift § 69 vidareført i § 10-12 utan materielle endringar.

I § 10-13 er det fastsett som noko nytt eit krav til at politiet skal rapportere til stat tilknytt Schengen-samarbeidet ved ikkje-ervertsmessig utførsel. Føremålet med denne føresegna er å oppfylle dei krav som følgjer av EU sitt gjennomføringsforordning 2019/686 om informasjonsutveksling.

I § 10-14 vert det fastsett føresegner om mellombels innførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon *utan* europeisk våpenpass. Det vert fastsett at det kan gjevast løyve til mellombels innførsel for deltaking i jakt eller skytesport, noko som er ein vidareføring av dei grunnlaga som gjev rett til mellombels innførsel etter gjeldande våpenforskrift § 71 første ledd.

Etter gjeldande regelverk er det ikkje sett krav til kontroll med dei som mellombels innfører skytevåpen til landet til bruk for jakt eller skytesport. I gjeldande våpenforskrift § 71 gjeld eit krav til at utlendingar fyller ut skjema med opplysingar om den reisande og våpenet, samt dokumentasjon for deltaking i enten jakt eller skytesport. Dette skjema leverast til Tolletaten ved innreise, som attesterer skjemaet, som då gjeld som mellombels våpenløyve. Ut over dette vert det ikkje stilt andre krav enn at våpenet som innførast er tillate og at vedkomande har våpenløyve i sitt heimland.

I utvalet sin innstilling NOU 2011:9 Ny våpenlov Gjennomgang av gjeldande våpenlovgivning og forslag til ny våpenlov, vart ikkje spørsmåla kring mellombels innførsel underlagt nokon særskilt drøfting, og det vart ikkje føreslått endringar i gjeldande rett. Den ordninga som i dag gjeld for mellombels innførsel inneber at politiet ikkje fører kontroll med kven som fører inn skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon.

Etter ein nærare vurdering reknar departementet gjeldande ordning som lite tilfredsstillande, då den ikkje er eigna til å hindre at ueigna personar førar skytevåpen inn i landet. Ein slik lempeleg ordning samsvarar heller ikkje godt med dei krav som elles gjeld for å kunne ha skytevåpen. Det synast her mellom anna til at det i ny våpenlov innførast krav til løyve for å kunne låne skytevåpen, samt krav til butid for utanlandske borgerar busett utanfor EØS-området, sjå nærare om dette i Prop. 165 L (2016-2017) punkt 9.4.3.2 og 10.5.2. For å betre samanhengen i regelverket er det difor behov for å styrke kontrollen med dei personar som mellombels innfører skytevåpen til landet. For å styrke kontrollen vert det i § 10-14 første ledd som noko nytt sett krav om at personar som mellombels skal innføre skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon utan å ha Europeisk våpenpass må ha løyve frå politiet. Vidare vert det fastsett at det berre kan gjevast løyve til mellombels innførsel for deltaking i jakt eller skytesport, noko som er ein vidareføring av dei grunnlaga som gjev rett til mellombels innførsel etter gjeldande våpenforskrift § 71 første ledd.

I § 10-14 andre ledd vert det fastsett at det må fremjast søknad på fastsett skjema. Slikt skjema finst ikkje i dag, men vil verte utarbeida før forskrifta trer i kraft. Vidare er det i § 10-14 tredje ledd sett krav til at søknad må fremjast seinast to månader før innreisa, slik at politiet får ein rimeleg frist til å kunne handsame søknaden. I tredje ledd er det som noko nytt sett forbod mot mellombel innførsel av halvautomatiske rifler til jaktbruk, for personar som er busett utanfor EØS-området. Bakgrunnen for dette forbodet er at det gjeld strenge krav til godkjenning av denne våpentypen, jf. omtalen i kapittel 4. Regelverket for kva halvautomatiske rifler som kan brukast til jakt varierer stort mellom dei ulike land og det vil kunne vere krevjande for politiet å ta stilling til om den konkrete våpentypen oppfyller krava til utforming etter § 4-1 i denne forskrifta.

I § 10-14 fjerde ledd er det gjeve reglar for unnatak frå kravet til grunngeving, partsinnsyn og klagerett for vedtak knytt til mellombels innførsel til jaktbruk etter denne føresegna. Bakgrunnen for unnataket er at dei reglar som elles gjeld for nekting av løyve ikkje passar i desse sakene. Det vil kunne vere vanskeleg å få korrekte

opplysingar frå søkar sitt heimland, og det kan også vere vanskeleg å vurdere om søkar sitt våpenløyve er gyldig. Vidare vil søkaren kunne kome frå land der det er tvilsamt om det ligg føre ein våpenlovgjeving som tryggjar at vedkomande er skikka til å ha skytevåpen. Etter departementet sitt syn må det difor opnast for at politiet må kunne avslå ein søknad utan å kunne syne til ein konkret grunngeving for kvifor vilkåra ikkje er oppfylte. Sett i lys av det store skadepotensialet og at det heller ikkje vil vere eit nemnande inngrep å nekte mellombels innførsel av skytevåpen til jaktbruk, vil det etter departementet sitt syn vere betre å gje politiet høve til å kunne gje avslag framfor å gje uskikka personar løyve til å innføre skytevåpen. Det synast her også til at politiet utan nærare grunngeving kan setje vilkår om butid for utlendingar som søker om våpenløyve og som ikkje kan dokumentere tilfredsstillande vandel.

Departementet meiner det ikkje er grunn til å innføre det same unnataket for mellombels innførsel til sportsskyting. Det vil kunne vere like krevjande å vurdere vedkomande sitt våpenløyve, men deltaking i sportsskyting føreset at vedkomande er kvalifisert for deltaking i skytekonkurransen, og vil såleis berre gjelde for aktive sportsskyttarar. For mellombels innførsel til jaktbruk er det vanskeleg å vurdere om søknaden er reell, og faren for misbruk vil såleis kunne vere større for denne gruppa. Denne føreseigna krev endring av våpenlova § 38, slik at det gjevast eit særskilt unntak frå føresegnene om grunngeving, partsinnsyn og klage, sjå pkt. 3 i høyringsbrevet.

I § 10-15 vidareførast i hovudsak føresegnene om mellombels innførsel med gyldig europeisk våpenpass i gjeldande våpenforskrift § 77. Det er fastsett som noko nytt at det i tillegg til jakt og sportsskyting også mellombels kan innførast skytevåpen for deltaking i samlaraktivitetar. I § 10-16 vidareførast føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 72 utan materielle endringar. I § 10-17 og § 10-18 vidareførast føresegnene om mellombels utførsel og mellombels inn- og utførsel i samband med fangstekspedisjon i gjeldande våpenforskrift §§ 70, 73 og § 74 utan materielle endringar, men slik at føresegnene om Tolletaten sin handsaming av fråsegnene om utførsel gjerast noko meir generelle. Bakgrunnen for denne endringa er å tilpasse regelverket til ein eventuell framtidig ordning med elektronisk sakshandsaming. Føresegnene om mellombels utførsel med europeisk våpenpass i gjeldande våpenforskrift § 76 er ført vidare i § 10-17 fjerde ledd utan materielle endringar.

Kapittel 11. Forvaltning, kontroll og tilbakekall av våpenløyve

I dette kapitlet gjevast det utfyllande føresegner om utferding av våpenløyve og europeisk våpenpass, samt føresegner om klageinstans jf. ny våpenlov § 41 nr. 5 og 31. Vidare gjevast det utfyllande føresegner om kontroll med og tilbakekall av våpenløyve etter den nye våpenlova § 31 til 34, jf. § 41 nr. 28 og 29.

I § 11-1 vidareførast i hovudsak føresegnene i gjeldande våpenforskrift §§ 94 og 95, men slik at reguleringa av kva opplysingar som skal stå i våpenkortet er gjort meir

overordna. Bakgrunnen for endringa er å tilpasse regelverket til eventuelle nye måtar å utferde våpenkort på, til dømes gjennom elektronisk utferding. I § 11-2 vidareførast i hovudsak føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 96, men slik at det ikkje lenger forskriftsfestast at politiet kan utferde nytt våpenkort når det gamle er øydelagt. Bakgrunnen for endringa er at ein slik rett ikkje treng forskriftsfestast, då politiet uansett kan utferde nytt våpenkort på dette grunnlaget.

I § 11-3 fastsetjast som noko nytt at sportsskyttarar med løyve til å ha våpenmagasin med stor patronkapasitet eller halvautomatiske rifler med størst skadepotensiale, kvart femte år må sende dokumentasjon over aktivitet til det politidistrikt som har utferda løyvet. Etter EU sitt reviderte våpendirektivet artikkel 7. nr. 4, jf. artikkel 6 nr. 6, skal politiet seinast kvart femte år kontrollere at sportsskyttarar oppfyller vilkåra for våpenløyve, medrekna krav til aktivitet i godkjent skyttarorganisasjon, sjå omtale i Prop. 165 L (2016-2017) pkt. 12.1. Ein ordning med krav til at sportsskyttarane med særskilt løyve sender inn dokumentasjon for aktivitet vil i monaleg grad lette politiet sin kontroll. Utan eit krav til innsending av opplysingar må politiet kontakte den einskilde løyvehavar med krav om at vedkomande sender dokumentasjon på aktivitet. Ein slik ordning vil vere ressurskrevjande å gjennomføre, og eit krav om sending av opplysingar kvart femte år er lite byrdefull for den einskilde løyvehavar. For å dokumentere aktivitet må løyvehavar sende kopi av startkort, resultatliste eller annan dokumentasjon som syner at vedkomande har teke del i minst eitt ope stemne dei siste fem år. Oversendinga av dokumentasjon kan skje elektronisk eller i papirform.

Den nye våpenlova har ikkje nokon klar heimel til å kunne setje krav til at løyvehavarar må sende inn dokumentasjon på aktivitet i godkjent skyttarforeiningar. For å trygge rettsgrunnlaget for denne føresegna er det difor føreslått å gjere endringar i den nye våpenlova § 41. nr. 28 som lovfester at det kan gjevast forskrifter om krav til at sportsskyttar sender dokumentasjon på aktivitet i godkjent skyttarforeining, sjå høyringsbrevet pkt. 3.

I § 11-4 er det som noko nytt sett krav til at politiet minst kvart femte år skal kontrollere at godkjente våpensamlarar oppbevarer sine skytevåpen på lovleg måte. Dette kravet er dels ei gjennomføring av EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 7 nr. 4, jf. artikkel 6 nr. 5, som set særskilte krav til kontroll med våpensamlarar som har skytevåpen i kategori A. Ei godkjenning som våpensamlar gjev høve til å erverve eit stort tal skytevåpen. Det er difor av stor betydning at skytevåpna oppbevarast på lovleg måte. Departementet meiner at kravet til kontroll bør gjelde for alle godkjente våpensamlarar, slik at ein styrker kontrollen med dei løyvehavarar som oppbevarer eit større tal skytevåpen.

I § 11-5 vidareførast føresegnene om kontroll med våpenhandlarar i gjeldande våpenforskrift § 104, men det innførast som noko nytt at politiet minst kvart femte år skal gjennomføre kontroll med godkjente våpenhandlarar. Eit løyve som våpenhandlarar gjev løyvehavaren tilkomst til eit større tal skytevåpen, våpendelar og ammunisjon og det er viktig at politiet fører ein tilstrekkeleg kontroll med at

løyvehavaren oppfyller krava til oppbevaring og dokumentasjon som gjeld for våpenhandlarar.

I § 11-6 vidareførast krava etter gjeldande våpenlov § 27 a andre ledd og våpenforskrifta § 105 til førehandsvarsel og gjennomføring av kontroll med oppbevaring i privat bustad utan materielle endringar. Vidare er føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 103 om politiet sin frist for å gjere vedtak om tilbakekall ved krav om mellombels innlevering vidareført i § 11-7.

I § 11-8 innførast som noko nytt eit krav om at politiet skal tilbakekalle våpenløyvet til sportsskyttarar med særskilt løyve til å erverve og ha våpenmagasin med stor patronkapasitet og halvautomatiske rifler med stort skadepotensiale, når løyvehavar ikkje dei siste fem år har gjennomført eit ope stemne i skytesporten som grunnjev løyvet. Denne føresegna gjennomfører det tilsvarande krav etter EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 7 nummer 4.

I § 11-9 vidareførast føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 35 femte ledd om tilbakekall av løyve som våpenhandlar med nokre endringar. Etter gjeldande våpenforskrift er kravet om tilbakekall knytt til omsetnaden med skytevåpen. Eit løyve til å drive handel kan vere avgrensa til å gjelde for ammunisjon eller våpendelar. Det vert difor fastsett at politiet skal tilbakekalle løyve til å drive våpenhandel for løyvehavarar som over dei siste fem år har omsett skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon for mindre enn kr. 100 000. Ein slik ordning vil på ein betre måte fange opp alle former for løyve, samstundes som den er avgrensa til å gjelde for våpenhandlarar som over tid har synt liten aktivitet. Ein ulempe med framlegget er at den er knytt til eit kronebeløp, der verdien endrar seg over tid. Vi ber difor særskilt om at høyringsinstansane gjev innspel om eventuelle andre måtar ein kan dokumentere at våpenhandlarar framleis driv slik handel som løyvet føreset.

I § 11-10 vidareførast i hovudsak kravet etter gjeldande våpenforskrift til innlevering av våpenkort ved overdraging av skytevåpen eller våpendel etter § 97 første ledd, medan føresegnene i § 11-11 vidareførar gjeldande føresegner om klagerett til overordna mynde utan materielle endringar. I § 11-12 vidareførast i hovudsak føresegnene om utferding av europeisk våpenpass i gjeldande våpenforskrift § 75. Det innførast likevel som noko nytt eit krav om at politiet skal tilbakekalle europeisk våpenpass når det er sendt førehandsvarsel om tilbakekall av våpenløyve. Føremålet med denne føresegna er å hindre uskikka personar i å reise til utlandet med skytevåpen.

Kapittel 12. Deaktivering og gebyr

I dette kapitlet gjevast det utfyllande føresegner om deaktivering og gebyr, jf. våpenlova § 41 nr. 26 og nr. 30.

I § 12-1 vidareførast føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 1 tredje ledd utan større endringar. Føresegnene om kven som kan deaktivere skytevåpen er likevel ikkje forskriftsfesta, då dette er fastsett i den nye våpenlova § 27 første ledd.

I den nye våpenlova § 37 er det lovfesta at politiet kan krevje gebyr for utferding av alle typar løyver eller godkjenningar. I § 12-2 er det forskriftfesta kva løyver eller godkjenningar som skal gebyrleggast, samt storleiken på gebyret. I § 12-3 fastsetjast føresegner om fråfall av gebyr. I berekninga av gebyrstorleiken er det lagt til grunn at gebyra ikkje skal overstige kostnaden med å utferde løyvet eller godkjenninga, jf. Finansdepartementet sitt rundskriv R-112/15 «Bestemmelser om statlig gebyr- og avgiftsfinansiering.»

Kapittel 13. Det sentrale våpenregister

I den nye våpenlova § 36 er det lovfesta reglar om det sentrale våpenregisteret. I dette kapitlet gjevast det utfyllande føresegner om våpenregisteret. Etter våpenlova § 36 tredje ledd er det gjeve ein obligatorisk forskriftsheimel til å fastsette utfyllande føresegner om det sentrale våpenregisteret. Sidan forskriftsreglane i hovudsak vil forskriftsfeste føresegner som følgjer av Personvernforordninga, føreslår departementet at forskriftsheimelen gjerast valfri, sjå pkt. 3 i høyringsbrevet.

I § 13-1 forskriftsfestast gjeldande ordning med at Politidirektoratet er handsamingsansvarleg for våpenregisteret.

I § 13-2 gjevast det forskriftsreglar om kva opplysingar som kan registrerast i våpenregisteret. I første ledd forskriftsfestast at det kan registrerast opplysingar som er naudsynte for å oppfylle føremålet med det sentrale våpenregisteret, som er fastsett i våpenlova § 36 andre ledd. Vidare er det i nr. 1 til 8 lista opp opplyskingskategoriar som vil kunne registrerast i våpenregisteret. Denne lista er ikkje uttømmende, men er meint som døme på kva opplyskingskategoriar som vil falle inn under føremålet med det sentrale våpenregisteret.

I § 13-3 gjevast det tilvising på at berre tilsette med tenestemesseg behov kan gjevast tilgang til våpenregisteret.

I § 13-4 er det presisert kva reglar som gjeld for utlevering av opplysingar frå våpenregisteret. I våpensaker opptre politiet som forvaltingsorgan og difor er det forvaltingslova sine reglar om teieplikt i § 13 til § 13 f som kjem til bruk, jf. politilova § 24 fjerde ledd. I tillegg gjev våpenlovgjevinga sjølv nokre føresegner om utlevering av opplysingar, som til dømes §§ 10-6, 10-9 og § 10-13 i denne forskrifta.

I § 13-5 forskriftsfestast føresegner om innsyn, retting og avgrensing av opplysningar. Utgangspunktet er at dei ålmenne reglane etter Personvernforordninga gjeld for det sentrale våpenregisteret. For å oppfylle krava til avgrensing etter EU sitt reviderte

våpendirektiv artikkel 4 er det likevel gjeve nokre særskilte reglar om avgrensing@, som er nærare omtala nedanfor.

I § 13-6 er det forskriftsfesta føresegner om sletting. I første ledd forskriftsfestast at opplysingar ikkje skal slettast så lenge det er aktuelt å gje nye løyver eller godkjenningar. Grunnen til dette er at slike opplysingar vil kunne vere relevante ved handsaming av nye søknader. Til dømes vil opplysingar om at ein løyvehavar mister våpenløyvet på grunn av manglande aktivitet eller andre forhold. Om vedkomande 10 år seinare søkar om løyve på nytt vil det vere av betydning å kjenne til historikken knytt til våpeninnhav.

Føresegnene i andre ledd fastset krav til kor lenge opplysingar om registrerte skytevåpen og våpendelar, samt opplysingar om innehavar av slike gjenstandar, skal lagrast i det sentrale våpenregisteret. Opplysingar om skytevåpen eller våpendelar skal ikkje slettast så lenge gjenstanden eksisterer. Sjølv om skytevåpenet eller våpendelen vert destruert skal opplysingane i følgje EU sitt reviderte våpendirektiv artikkel 4 nr. 4 ikkje slettast før nærare fastsette fristar. Det er desse reglane som er gjennomført i § 13-6 andre ledd, sjå nærare omtale i Prop. 165 L (2016-2017) pkt. 14.2.2. Dei lange lagringstidene for registrering av skytevåpen og våpendelar betyr at det også må lagrast opplysingar om kven som har hatt den registrerte gjenstanden. Andre personopplysingar som ikkje er naudsynte for å dokumentere våpeninnhavet skal derimot slettast om det ikkje lenger er aktuelt at vedkomande vil kunne søke om våpenløyve.

I § 13-7 er det fastsett at kravet om innsyn, retting og avgrensing av opplysingar fremjast for den handsamingsansvarlege. Etter andre ledd kan den handsamingsansvarlege sine vedtak i slike saker ikkje klagast på til overordna mynde. Den registrerte skal likevel gjerast merksam på sine rettar etter Personvernforordninga artikkel 77 og 79, til å be om Datatilsynet sin kontroll med den handsamingsansvarlege sine avgjerder.

I § 13-8 om internkontroll og informasjonstryggleik synast det til dei generelle føresegner i Personvernforordninga, fordi ein ikkje finn grunn til å gje særskilte reglar om dette i denne forskrifta.

Kapittel 14. Overgangsreglar

I den nye våpenlova § 43 er det fastsett at forbodet mot halvautomatiske rifler med størst eldkraft først trer i kraft tre år etter ikraftsetjing av ny våpenlov. Vidare er det i den nye våpenlova § 43 andre ledd og § 42 nr. 33 gjeve heimlar til å gje utfyllande føresegner om overgangsreglar.

Stortinget fastsette som nemnt ny våpenlov 15. mars 2018 og den skal etter planen tre i kraft 1. januar 2021. Om ein legg denne tidsplanen til grunn vil forbodet først ta til å

gjelde i januar 2024. Etter ein nærare gjennomgang har departementet kome til at overgangsperioda i § 43 bør kortast ned frå tre til eitt år. Bakgrunnen for framlegget er å trygge ein meir effektiv gjennomføring av forbodet mot halvautomatiske rifler med størst skadepotensiale. Dette forbodet mot halvautomatiske rifler har vore kjent sidan mars 2018. Departementet meiner ein overgangsperiode på eitt år vil gje dei våpeneigarane som vert ramma av forbodet tilstrekkeleg med tid til å kunne innrette seg etter det nye regelverket.

Vidare vert det føreslått å presisere at overgangsperioden berre gjeld for innehav av halvautomatiske rifler med størst skadepotensiale og ikkje for erverv, noko som er føresett i Prop. 165 L (2016-2017) pkt. 7.2.4 på s. 32 og i særmerknadane til § 43.

I § 14-1 gjevast det overgangsreglar for andre føresegner enn forbodet mot halvautomatiske rifler med størst skadepotensiale.

I *første ledd* vert det fastsett føresegner om at saker skal handsamast etter regelverket på *søknadstidspunktet*, med unnatak for dei høve der det nye regelverket er til føremon for søker eller der han sjølv ber om det.

I *andre og tredje ledd* vidareførast føresegna i gjeldande våpenforskrift § 106 første ledd om innehav av våpenmagasin og § 106 andre ledd om innehav av våpendelar utan materielle endringar.

I *fjerde ledd* gjevast det føresegner for personar som har våpendelar som vert forbode etter § 3-5 i denne forskrifta, slik at desse gjevast ein frist på eitt år til å enten avhende desse til personar med særskilt løyve eller å levere dei til politiet.

I *femte ledd* gjevast det føresegner som trygger at våpensamlarar som har løyve til å ha meir enn 100 skytevåpen kan behalde våpensamlinga. Våpensamlarar som har meir enn 100 skytevåpen kan likevel ikkje erverve nye skytevåpen før det er avhenda så mange skytevåpen at talet skytevåpen i samlinga ikkje er meir enn 100.

I *sjette ledd* gjevast det føresegner som trygger at personar som har erverva tryggingsskap som var godkjent på ervervstidspunktet ikkje treng erverve nytt skap som følgje av endringar i den tekniske standarden for godkjenning av tryggingsskap. I *sjuande ledd* gjevast det tilsvarande føresegner for personar som har godkjente våpenrom.

I *åttande ledd* gjevast det føresegner for personar som har lånt skytevåpen på det tidspunkt ny våpenforskrift trer i kraft.

I *niande ledd* gjevast det føresegner for korleis søknader om godkjenning av skyttarorganisasjonar eller tekniske skyteprogram, som sendast i tidspunktet etter fastsetting av ny våpenforskrift, men før ikraftsetjing, skal handsamast.

I *tiande ledd* gjevast det føresegner om overgangsordning for børsemakarar med meisterbrev, som etter ikraftsetjing av ny våpenlov må ha løyve etter § 23 for å kunne drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

I *ellefte ledd* gjevast det føresegner om handsaming av korleis søknader etter gjeldande våpenforskrift § 81 om å kunne oppbevare skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon hjå andre skal handsamast, når desse ikkje er ferdig handsama før ny våpenforskrift trer i kraft.

I *etolvtte ledd* gjevast det føresegner om overgangsordning for personar som mellombels skal føre skytevåpen inn til Noreg.

I *trettande ledd* føresegnene i gjeldande våpenforskrift § 1 fjerde ledd om deaktiverte skytevåpen ført vidare utan materielle endringar.

3. Økonomiske og administrative følgjer

Framlegget til ny våpenforskrift er i stor grad ein vidareføring av gjeldande rett og endrar ikkje politiet si våpenforvaltning i vesentleg grad. Kva føresegner som får økonomiske og administrative følgjer er i all hovudsak lista opp i Prop. 165. L (2016-2017) pkt. 16, og det synast til omtalen der. Dei fleste av føresegnene som får økonomiske og administrative følgjer er 26. februar 2020 fastsatt i gjeldande våpenforskrift, for å oppfylle dei krav som EU sitt reviderte våpendirektivet set til vår nasjonale våpenlovgjeving. Dette omfattar krav til etterkontroll, merking, registrering og krav til løyve for inn- og utførsel av deaktiverte skytevåpen, krav til kontroll med våpenmagasin med stor patronkapasitet, samt krav til løyve- og registreringsplikt for nærare bestemte våpendelar. Dei økonomiske og administrative følgjene av desse framlegga er omtala særskilt i høyringsbrev om endringar i gjeldande våpenforskrift.

I framlegget er det føreslått å innføre krav til at politiet minst kvart femte år skal kontrollere sportsskyttarar med særskilte løyver, våpensamlarar og våpenhandlarar, sjå framlegg til §§ 11-3, 11-4 og § 11-5. Etter gjeldande rett har politiet høve til å føre kontroll med aktivitet, men det er ikkje sett konkrete krav til korleis denne kontrollen skal gjennomførast. Etter framlegget vil kontrollen av sportsskyttarar med særskilt løyve gjennomførast ved at det forskriftsfestast krav til at nemnte sportsskyttarar seinast kvart femte år må levere dokumentasjon på aktivitet i godkjent skyttarorganisasjon. Ein slik ordning vil rasjonalisere politiet sin kontroll i høve til gjeldande ordning ved at kravet til dokumentasjon vil ligge hjå den einskilde løyvehavar. Politiet sin kontroll vil såleis vere avgrensa til å kontrollere dokumentasjon og å følgje opp løyvehavarar som ikkje leverar dokumentasjon. Det ligg ikkje føre nøyaktige tal på kor mange løyvehavarar som vert omfatta av ordninga, men tidlegare er det lagt til grunn at det truleg vil omfatte mellom 3-4000 løyvehavarar. Dei ekstra utgiftene som denne kontrollen vil medføre vil dekkast inn med auka gebyrinntekter.

Når det gjeld kravet til kontroll med våpenhandlarar og våpensamlarar, har politiet også etter gjeldande rett høve til å føre slik kontroll. Det som er nytt er at det forskriftsfestast eit krav til at politiet skal føre slik kontroll minst kvart femte år. Kostnaden med å gjennomføre denne kontrollen vil dekkast inn med auka gebyrinntekter..

I framlegget er det også føreslått å innføre krav til løyve for mellombels innførsel av skytevåpen, sjå § 10-14. Ordninga vil innebere ein auka saksmengde for politiet. Sidan det i dag ikkje er krav til slikt løyve har ein ikkje noko godt oversyn over kor mange løyver dette vil omfatte. Kostnaden vil dekkast inn gjennom gebyr.

Sjølv om nokre framlegg i høyringsframlegget vil medføre nokre ekstra kostnader, må det også takast omsyn til at ny våpenlov og forskrift gjer regelverket enklare og meir tilgjengeleg enn gjeldande regelverk. Det er såleis grunn til å tru at nytt regelverk vil kunne forenkle sakshandsaminga for våpenforvaltninga.

4. Framlegg til lovendingar

I lov 20. april 2018 nr.7 om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon (våpenlova) gjerast det følgjande endringar:

Våpenlova § 19 første ledd skal lyde:

Den som har løyvepliktige skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon etter §§ 5, 6 eller 7, skal oppbevare *desse* i sin faste bustad. *Dei kan likevel oppbevarast i annan bustad enn der vedkomande bur fast om løyvehavar på førehand gjev politiet melding om kvar gjenstandane skal oppbevarast.*

Våpenlova § 36 skal lyde:

Politiet skal føre eit sentralt våpenregister over skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som er løyvepliktige etter §§ 5, 6 eller 7, og over personar som har løyve eller godkjenningar etter denne lova. Registeret skal også innehalde opplysningar om skytevåpen og våpendelar som er registreringspliktige etter § 5 tredje ledd eller § 6 tredje ledd, og om personar som ervervar eller har slike gjenstandar.

Føremålet med registeret er å handsame opplysningar for å gjennomføre kontroll med at reglane i våpenlov og forskrift vert følgde samt å trygge ei forsvarleg våpenforvaltning.

(...)

Alle opplysningar frå sentralt våpenregister kan unnatakast frå offentlegheit når det er grunn til å tru at opplysningane vil kunne brukast til strafflagde handlingar

Våpenlova § 38 skal lyde:

Forvaltingslova gjeld for saker etter denne lova med dei avgrensingar som følgjer av andre og tredje punktum. Politiet kan (...) krevje at personar stiller til intervju for å vurdere om vilkåra etter § 16 er oppfylte. *Retten til klage, grunngjeving eller partsinnsyn etter forvaltingslova kapittel IV, V og VI gjeld ikkje for saker om løyve til mellombels innførsel til jaktføremål etter § 10-14 i denne forskrifta.*

Våpenlova § 41 nr. 28 skal lyde:

Politiet sin kontroll med tildelte løyve, medrekna krav til at sportsskyttarar med løyve etter § 12 tredje ledd dokumenterer aktivitet i godkjent skyttarorganisasjon, samt vilkår for å krevje tilkomst til privat bustad, jf. § 30

Våpenlova § 42 nr. 30 skal lyde:

Gjennomføring av § 36, medrekna reglar om kven som er handsamingsansvarleg, kva for opplyskingskategoriar som kan registrerast, kven som har tilgang til opplysingane, innsyn, retting og sletting av opplysingar, avgrensingar i bruken av opplysingane, informasjonstryggleik og internkontroll, utlevering av opplysingar og klagehandsaming.

Gjeldande våpenlov § 42 nr. 30, 31, 32 og 33 vert ny § 42 nr. 31, 32, 33, og 34.

Våpenlova § 43 første ledd skal lyde:

Forbodet mot å ha halvautomatiske rifler etter § 5 andre ledd nr. 3 trer i kraft eitt år etter ikraftsetjinga av denne lova.

I tillegg vert det føreslått følgjande språklege endringar, som ikkje endrar det materielle innhaldet:

Våpenlova § 13 andre ledd skal lyde:

Politiet kan (...) berre gje løyve til å erverve og ha skytevåpen som er nemnde § 5 andre ledd, eller som er forbodne i medhald av § 5 tredje ledd, og våpendelar som er forbodne i medhald av § 6 tredje ledd, når skytevåpenet eller våpendelen enten er særskild sjeldan, eller når gjenstanden dokumenterer forhold av særskild historisk betyding.

Våpenlova § 15 første, andre og tredje ledd skal lyde:

Aldersgrensa for å kunne erverve og ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon er 18 år. For å kunne erverve og ha pistol og revolver som krev løyve etter § 5 første ledd, eller våpendelar til pistol eller revolver som er løyvepliktige i medhald av § 6 tredje ledd, er aldersgrensa likevel 21 år.

Politiet kan gje personar som har fylt 16 år, fritak frå alderskravet for hagler og rifler når verje samtykker til ervervet, og når skytevåpenet eller våpendelen kan oppbevarast av verje eller annan person som oppfyller *krava til alder, vandel og personlege eigenskapar* etter første ledd og § 16. Politiet kan likevel ikkje gje personar under 18 år løyve til å kjøpe skytevåpen

Politiet kan gje personar over 18 år fritak frå alderskravet for å *kunne erverve og ha* pistol, revolver og våpendelar til slike våpen. Eit vedtak om fritak etter første punktum skal gjerast tidsavgrensa for inntil eitt år.

Våpenlova § 17 skal lyde:

Politiet kan berre gje løyve til å erverve og ha løyvepliktige skytevåpen, våpendelar og ammunisjon etter §§ 5, 6 eller 7 til juridiske personar som oppfyller krav til vandel. Dei fysiske personane i organisasjonen som er ansvarlege for å levere ut, bruke og oppbevare gjenstandane på vegne av organisasjonen, må i tillegg oppfylle *krava til alder, vandel og personlege eigenskapar* etter §§ 15 og 16

Våpenlova § 18 andre ledd skal lyde:

Den som ikkje har løyve *etter første ledd*, må ha løyve frå politiet for å kunne låne løyvepliktige skytevåpen eller våpendelar. Kapittel 4 og 5 i denne lova gjeld tilsvarande for løyve til lån av skytevåpen eller våpendelar.

Våpenlova § 21 første ledd skal lyde:

Den som skal *føre* løyvepliktige skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon etter §§ 5, 6 eller 7 inn i eller gjennom norsk tollområde, må ha løyve frå politiet. Første punktum gjeld også for gjenstandar som er deaktiverte i samsvar med reglane etter § 27. Politiet kan gje løyve etter første punktum når søker kan dokumentere at innførselen oppfyller dei vilkåra som er fastsette i medhald av andre ledd.

Våpenlova § 41 nr. 18 skal lyde:

krav til overlating *og lån* av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, jf. § 18,

5. Framlegg til ny våpenforskrift

Kapittel 1 Definisjonar, sakleg og stadleg verkeområde

§ 1-1 Definisjonar

I denne forskrifta vert desse omgrepa nytta slik:

1. laust magasin: belte, boks, trommel eller liknande anordning som er laga for å mate patroner inn i skytevåpenet sitt kammer, og som er konstruert for å enkelt kunne fjernast frå skytevåpenet.
2. Pipe: sylindrisk metallstykke med eit gjennomgåande hol, som er kamra for bruk av ferdigladde patroner.
3. Låskasse: den delen av eit skytevåpen som pipa og avtrekkarmekanismen er festa i. For pistolar, revolverar, rifler, haglevåpen og kombinasjonsvåpen som brekkast for lading og tømning reknast rammestykket som låskasse. For skytevåpen med dela låskasse reknast både over- og underdelen som låskasse.
4. Sluttstykke: den delen av eit skytevåpen som fører patrona inn i kammeret. For revolverar, rifler, haglevåpen og kombinasjonsvåpen som brekkast for lading og tømning reknast rammestykket også som sluttstykke. For pistolar reknast glidestykket som sluttstykke.
5. Tønne: fastmontert, revolverande magasin på revolver.
6. Vital våpendel: Sluttstykke, låskasse og pipe. For hagle- og kombinasjonsvåpen med to eller fleire piper og som spennast ved å brekke våpenet, reknast også forskjeftet som vital våpendel. For pistol reknast også rammestykket som vital våpendel. For revolver reknast også tønna som vital våpendel. For haglevåpen med utvending hane som ikkje kan brekkast, reknast også hane eller tennstift som vital våpendel. For skytevåpen med flintlås reknast også flinten som vital våpendel. For skytevåpen med perkusjonslås reknast også nippelen som vital våpendel.
7. Heildempa skytevåpen: skytevåpen der lyddemparen er framstilt som ein del av pipa og ikkje kan fjernast utan bruk av verkty.
8. Ekspanderande ammunisjon: prosjektil til skytevåpen som er konstruert for å utvidast ved anslag.
9. Panserbrytande ammunisjon: prosjektil til skytevåpen som har ein kjerne av hardmetall eller herda stål, og som er konstruert for å kunne trenge gjennom verneutstyr, pansring eller liknande.
10. Brannstiftande ammunisjon: prosjektil til skytevåpen med ein lettenneleg substans og som er laga for å ta fyr ved anslag.
11. Eksplosiv ammunisjon: prosjektil til skytevåpen som inneheld sprengstoff eller annan eksplosiv substans, som er konstruert for å detonere eller eksplodere enten ved anslag eller i lufta.
12. FG-godkjent: godkjent av standard som forvalta av FG skadeteknikk.

§ 1-2 *Klassifisering av skytevåpen*

I denne forskrifta vert skytevåpen dela inn i følgjande kategoriar:

1. rifle: tohandsskytevåpen med rifla løp som er meint å skulle skytast med støtte mot skuldra.
2. Haglevåpen: tohandsskytevåpen med glattbora eller rifla løp, som er meint å skulle skytast med støtte mot skuldra, og som brukar haglpatroner som ammunisjon.
3. Kombinasjonsvåpen: tohandsskytevåpen som er meint å skulle skytast med støtte mot skuldra, og som har to eller fleire rifla eller glattbora løp.
4. Pistol: einhandsskytevåpen som er laga for å kunne skytast utan støtte mot skuldra og som ladast med å enten legge patroner direkte inn i våpenet sitt kammer, eller ved å bruke laust magasin.
5. Revolver: einhandsskytevåpen som er laga for å kunne skytast utan støtte mot skuldra og som brukar ein fastmontert revolverande tønne som magasin.

§ 1-3 *Skytevåpen sine funksjoneringsmåtar*

I denne forskrifta vert skytevåpen dela inn i følgjande funksjoneringsmåtar:

1. enkeltskot: skytevåpen utan magasin med eitt eller fleire løp, som ladast ved at patron leggst manuelt i våpenet sitt kammer, og der våpenet sin avfyringsmekanisme må spennast med ekstern kraft for kvar omlading.
2. Manuell omlading: skytevåpen med magasin som må ladast manuelt mellom kvar avfyring, og der våpenet sin avfyringsmekanisme må spennast med ekstern kraft for kvar omlading.
3. Halvautomatisk: skytevåpen som ladast og spennast opp automatisk etter kvar avfyring ved bruk av energi frå våpenet sin ammunisjon eller ei annan ekstern kraft, og der det kan skytast eitt skot ved kvart avtrekk.
4. Heilautomatisk: skytevåpen som ladast og spennast opp automatisk etter kvar avfyring ved bruk av energi frå våpenet sin ammunisjon eller ei annan ekstern kraft, og der det kan skytast meir enn eitt skot ved kvart avtrekk. Skytevåpen som er laga for både å kunne gje halvautomatisk og heilautomatisk eld reknast som heilautomatisk.

§ 1-4 *Måling av skytevåpenet sin totallengde og løpslengde*

Skytevåpenet sin totallengde målast i skytevåpenet si lengderetning frå munningen på pipa til enden av kolben. Har skytevåpenet ein kolbe som enkelt kan skuvast eller fellast inn, skal totallengda målast når kolben er felt eller skuva inn.

Skytevåpenet si pipelengde målast frå munningen på pipa til støtbotnen i låst (fremre) posisjon. For revolver målast pipelengda frå munningen på pipa til fremre kant av tønna.

Ved måling av totallengde eller pipelengde skal lyddempar, rekyldempar eller

annan del som er skrua til løpet vere fjerna. Kravet til fjerning av lydtempar gjeld ikkje for heildempa skytevåpen.

§ 1-5 Gjenstandar som ikkje reknast som skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon

Følgjande gjenstandar reknast ikkje som skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon etter våpenlova § 2 og er unnateke frå våpenlova sitt verkeområde:

1. bogar,
2. gjenstandar eller andre innretningar, som berre kan sende ut lys eller andre former for stråling,
3. boltpistol, spikarpistol, industrikanoner og andre gjenstandar eller innretningar som er laga til bruk i bygningsverksemd eller andre industrielle føremål,
4. gjenstandar som er laga for å sende ut prosjektil eller andre gjenstandar, utan bruk av drivmiddel som krut, gass, komprimert luft, eller annan mekanisk innretning,
5. våpendelar og ammunisjon til gjenstandar som nemnt i nummer 1 til 4,
6. gjenstandar som er laga for å sende ut væske eller gass ved hjelp av mekanisk innretning eller drivgassar,
7. gjenstandar som er laga til bruk som leikety for born,
8. lause hagl til hagleivåpen,
9. runde blykuler til munnladarar eller perkusjonsrevolver, og
10. tåregassboksar som er bestemt for eller som brukast av Kriminalomsorga.

§ 1-6 Tilhøvet til brann- og eksplosjonsvernlova

Våpenlova gjeld for erverv, innehav, tilverking, innføring eller omsetjing av krut og tennmiddel som er laga for bruk i skytevåpen. Andre eksplosivar regulerast i medhald av lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven)

§ 1-7 Våpenlova sitt verkeområde ovanfor offentlege etatar

Våpenlova gjeld for offentlege etatar, med mindre noko anna er fastsett i våpenlova eller i denne forskrifta.

§ 1-8 Våpenlova sitt verkeområde på Svalbard

Våpenlova og denne forskrifta gjeld for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda med dei særskilte føresegner som følgjer av §§ 6-6, 6-7, 10-1 og § 11-12.

Kapittel 2 Løyve- og meldeplikt for skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

§ 2-1 Krav om løyve

Den som vil erverve eller ha skytevåpen som omfattast av våpenlova må ha løyve frå politiet med dei unnatak som følgjer av våpenlova § 3 og § 1-5 og § 2-3 i denne forskrifta.

§ 2-2 Løyvepliktige endringar i skytevåpen

Følgjande endringar i eit løyvepliktig skytevåpen kan berre gjerast etter særskilt løyve frå politiet:

1. nedkorting av pipelengde til hagle- eller riflevåpen til under 40 centimeter,
2. nedkorting av totallengda til hagle- eller riflevåpen til under 84 centimeter,
3. omgjerung av ein halvautomatisk pistol slik at den kan skytast med støtte frå skuldra,
4. omgjerung av eit skytevåpen sin funksjoneringsmåte,
5. omgjerung av eit skytevåpen til å kunne bruke våpenmagasin med magasin kapasitet på meir enn fem patroner for haglevåpen, 10 patroner for rifle eller 20 patroner for pistol,
6. endringar som gjer at det kan skytast ammunisjon i andre kaliber enn det skytevåpenet er registrert for, med mindre det er gjort unnatak etter andre ledd.

Næringsdrivande, som har løyve til å drive med reparasjon eller tilverking etter våpenlova § 23, kan utan særskilt løyve skifte pipe eller på annan måte modifisere eit skytevåpen slik at det kan skyte ammunisjon i eit anna kaliber enn det som skytevåpenet er registrert for. I slike tilfelle skal den næringsdrivande sende melding til politiet med opplysingar om endringa på fastsatt skjema.

§ 2-3 Skytevåpen som er fritekne frå løyveplikt

Følgjande skytevåpen er fritekne frå løyveplikt:

1. apparat til slakting, som berre kan brukast til sine oppgjevne føremål,
2. signalpistolar og andre innretningar for signalgjeving, som berre kan brukast til sine oppgjevne føremål,
3. rednings- og harpungevær, som berre kan brukast til sine oppgjevne føremål,
4. luft-, gass- eller fjørvåpen som er laga for å kunne skyte prosjektil med diameter på 4,5 mm eller mindre,
5. paintballvåpen,
6. air soft våpen,
7. skytevåpen som er konstruert for berre å kunne skyte ammunisjon utan prosjektil, og som oppfyller tekniske krav fastsett av Politidirektoratet,
8. svartkrutvåpen produsert før 1890,
9. haglevåpen med enkeltskotlading, som er lovleg erverva før 1. oktober 1990, og
10. armbrøst produsert før 1900.

Erverv og innehav av deaktiverte skytevåpen, jf. kapittel 12, er ikkje løyvepliktig, men må meldast til politiet på fastsett skjema.

§ 2-4 Våpendelar som er underlagt løyve- eller meldeplikt

Med dei unnatak som følgjer av andre og tredje ledd, er erverv og innehav av følgjande våpendelar løyvepliktige:

1. pipe,
2. låskasse,
3. sluttstykke,
4. låseblokk,
5. glidestykke til heil- eller halvautomatiske pistolar,
6. tønne til revolver.

Kravet til løyve etter første ledd gjeld ikkje for våpendelar som berre kan brukast i skytevåpen som er friteke frå løyveplikt etter § 1-5 og § 2-3 i denne forskrifta. Erverv og innehav av våpendelar som er nemnde i første ledd til deaktiverte skytevåpen må likevel meldast til politiet på fastsatt skjema.

Kravet til løyve etter første ledd gjeld heller ikkje for erverv av pipe og sluttstykke til rifler, hagler, pistol eller revolver, samt for tønne til revolver i følgjande tilfelle:

1. når våpendelen passar i eit skytevåpen som ervervar har løyve til å inneha, og
2. når våpendelen ervervast hjå ein person som er godkjent for å kunne drive tilverking, handel eller reparasjon av skytevåpen, jf. våpenlova § 23, og
3. pipa som ervervast er i same kaliber som det løyvepliktige skytevåpenet er registrert for.

Ved erverv etter tredje ledd skal den næringsdrivande sende melding til politiet med opplysingar om våpendelen, det skytevåpenet som våpendelen skal brukast i, samt opplysingar om den som skal erverve våpendelen og om den som skal erverve våpendelen skal behalde den våpendelen som skiftast ut, på fastsett skjema.

§ 2-5 Krav til løyve for erverv av våpenmagasin med stor patronkapasitet

Den som vil erverve eller ha våpenmagasin til løyvepliktige skytevåpen med større patronkapasitet enn 10 for rifler eller fem for hagler, samt våpenmagasin med større patronkapasitet enn 20 for pistolar, må ha løyve etter våpenlova §§ 10, 12 eller § 13 og §§ 4-4 andre ledd, 4-12 andre ledd, 5-6, 5-8 eller § 5-9 i denne forskrifta.

Kravet til løyve etter første ledd gjeld ikkje for personar som driv næringsverksemd etter våpenlova § 23.

§ 2-6 Ammunisjon som er friteke frå løyveplikt

Det kravst ikkje løyve for å erverve og ha ammunisjon som berre kan brukast i skytevåpen som er friteke frå løyveplikt etter § 2-3 i denne forskrifta. Den som vil erverve eller ha krut eller tennmiddel til slike skytevåpen må likevel ha løyve frå politiet.

§ 2-7 Lengda på eit ervervsøyve

Eit øyve til erverv av skytevåpen eller våpendelar gjeld for eitt år. Politiet kan forlenge ervervsøyvet for inntil eitt år av gangen.

Eit øyve til erverv av krut og tennmiddel til skytevåpen som er friteke frå øyveplikt etter § 2-3 i denne forskrifta gjeld fram til øyvet vert tilbakekalla.

§ 2-8 Registreringsplikt for skytevåpen og våpendelar

Dei skytevåpen og våpendelar som er underlagt øyveplikt skal registrerast i det sentrale våpenregisteret. Registreringsplikta gjeld også for skytevåpen og våpendelar som er underlagt meldeplikt etter § 2-2 første ledd, § 2-3 andre ledd og § 2-4 tredje og fjerde ledd i denne forskrifta. Våpenmagasin er ikkje underlagt registreringsplikt.

Kapittel 3 Våpentypar, våpendelar og ammunisjon det ikkje kan gjevast øyve for

§ 3-1 Felles føresegner for alle våpentypar

Føresegnene etter dette kapitlet gjeld for erverv, innehav, tilverking, innføring eller omsetjing av skytevåpen.

Sjølv om våpentypen er tillaten etter §§ 3-2 til 3-4 i denne forskrifta, kan ikkje politiet gje øyve for skytevåpen som kan skyte patroner i kaliber 12,7X99, 5,7X28 eller 4,6X30.

Andre ledd gjeld ikkje for øyve som kan gjevast i medhald av våpenlova § 10 og § 12, jf. kapittel 4 og kapittel 5 i denne forskrifta.

§ 3-2 Rifler

Politiet kan ikkje gje øyve for rifler med kortare total lengde enn 84 cm eller kortare pipelengde enn 40 centimeter.

Første ledd gjeld ikkje for øyve som kan gjevast i medhald av våpenlova § 10 og § 13, jf. kapittel 4 og 5 i denne forskrifta.

§ 3-3 Haglevåpen

Politiet kan ikkje gje øyve for haglevåpen med ein eller fleire av følgjande eigenskapar:

1. haglevåpen med kortare total lengde enn 84 centimeter,

2. haglevåpen med kortare pipelengde enn 40 centimeter,
3. haglevåpen med større magasinkapasitet enn fem patroner,
4. haglevåpen med laust magasin, med unnatak for hagler med boltrepetermekanisme.

Første ledd gjeld ikkje for løyve som kan gjevast i medhald av våpenlova § 10 og § 13, jf. kapittel 4 og kapittel 5 i denne forskrifta.

§ 3-4 *Halvautomatiske pistolar*

Politiet kan ikkje gje løyve for halvautomatiske pistolar som er laga for å kunne skytast med støtte frå skuldra med bruk av to hender.

Første ledd gjeld ikkje for løyve som kan gjevast i medhald av våpenlova § 10 og § 13, jf. kapittel 4 og kapittel 5 i denne forskrifta.

§ 3-5 *Våpendelar og ammunisjon*

Det er ikkje tillate å erverve, ha, tilverke, innføre eller omsette følgjande våpendelar eller ammunisjon:

1. våpendelar som gjer eit skytevåpen med enten manuell- eller enkeltskottlading om til halv- eller heilautomatisk funksjon,
2. våpendelar som gjer eit halvautomatisk skytevåpen om til heilautomatisk funksjon,
3. våpendelar som gjer at ein halvautomatisk pistol kan skytast med støtte for skuldra,
4. komplette patroner i kaliber 12,7X99, 5,7X28 eller 4,6X30, og
5. komplette patroner med prosjektil som har kjerne av hardmetall og som er konstruert for å trenge gjennom verneutstyr.

Første ledd gjeld ikkje for den som har løyve i medhald av våpenlova § 10 eller § 13 tredje ledd.

§ 3-6 *Våpen som ikkje reknast som skytevåpen*

Det er ikkje tillate å erverve, ha, tilverke, innføre eller omsette særskilt farlege gjenstandar som saknar eit lovleg bruksområde og som står fram som eit valdsprodukt, som til dømes:

1. elektrosjokkvåpen,
2. peparspray, tåregasspray eller andre sjølvforsvarssprayar med tilsvarende verknad,
3. springknivar,
4. batangknivar,

5. stilettar,
6. slosthansker,
7. batongar,
8. karatepinnar,
9. kastestjerner,
10. blåserør for å kunne skyte pilar eller andre gjenstandar,
11. sprettertar, med unntak for enkle husflidsprettertar, og
12. blankvåpen.

Første ledd gjeld ikkje for den som har løyve i medhald av våpenlova § 10 og § 5-10 i denne forskrifta.

Denne føresegna gjeld ikkje for peparspray eller batongar som er bestemt for eller tilhøyrar Kriminalomsorga. Denne føresegna gjeld heller ikkje for peparspray som er bestemt for eller tilhøyrar Tolletaten.

Kapittel 4 Erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til jakt, sportsskyting og samling

Erverv av skytevåpen og våpendelar til jakt

§ 4-1 Halvautomatiske rifler til jakt

Politiet kan gje løyve til erverv og innehav av halvautomatiske riflemodellar, som opphavleg er konstruert for jaktbruk og som:

1. frå fabrikk er produsert for bruk av våpenmagasin med patronkapasitet på inntil 10,
2. ikkje er tilverka med skjefte eller annan innretning som heilt eller delvis dekker oversida av pipa, og som
3. ikkje er tilverka med pistolgrep som står att på våpenet når bakstokken takast av.

Eit løyve etter første ledd kan likevel berre gjevast for våpentypar som oppfyller krava til lovleg våpentype etter våpenlova § 5 og § 3-1 i denne forskrifta.

§ 4-2 Erverv av meir enn åtte skytevåpen til jaktbruk

Politiet kan gje løyve til erverv og innehav av meir enn åtte jaktvåpen til personar som enten driv med jaktformer som krev bruk av skytevåpen med særskilte eigenskapar eller som regelmessig gjennomfører ettersøk etter skada vilt.

§ 4-3 Unntak frå kravet om innføring i Jegerregisteret

Politiet kan gje personar som ikkje er innført i Jegerregisteret, men som kan dokumentere eit behov for skytevåpen for utøving av jakt eller fangst som ikkje krev innføring i Jegerregisteret, løyve til å erverve og ha inntil to komplette skytevåpen, samt våpendelar til desse skytevåpna.

Eit løyve etter første ledd kan berre gjevast for våpentypar som oppfyller krava til lovleg våpentype etter våpenlova § 11 andre ledd, og som lovleg kan brukast til den jakt som skytevåpenet skal brukast til. Det kan berre gjevast løyve til personar som kan dokumentere å ha tilstrekkeleg våpendugleik, som til dømes gjennomført førstegongsteneste eller aktivitet i godkjent skyttarforeining.

Erverv av skytevåpen og våpendelar til sportsskyting

§ 4-4 Halvautomatiske rifler til sportsskyting

Politiet kan gje løyve til erverv og innehav av halvautomatiske riflemodellar som er godkjent til jakt etter § 4-1 i denne forskrifta til sportsskyting.

Politiet kan gje løyve til erverv av halvautomatiske rifler som nemnt i våpenlova § 5 andre ledd nr. 3, med dei avgrensingar som følgjer av § 3-1 og § 3-2 i denne forskrifta, til personar som:

1. har gjennomført tryggingsopplæring, som vert arrangert av skyttarorganisasjonen, og
2. har i minst to år vore medlem i skyttarorganisasjon som har eit godkjent skyteprogram for den omsøkte våpentypen, og
3. har gjennomført minst 10 organiserte treningar og minst 10 opne stemner arrangert av skyttarorganisasjonen i dei siste to åra.

§ 4-5 Rifler med enkeltskot eller manuell omlading, haglevåpen, pistolar og revolverar til sportsskyting

Politiet kan gje løyve til erverv og innehav av rifler med manuell eller enkeltskot omlading, haglevåpen, pistolar og revolverar, med dei avgrensingar som følgjer av kapittel 3.

§ 4-6 Krav til medlemskap, aktivitet og opplæring for erverv av pistolar eller revolverar til sportsskyting

Politiet kan gje løyve til erverv og innehav av pistolar eller revolverar til sportsskyting til personar som:

1. har gjennomført tryggingsopplæring arrangert av skyttarorganisasjonen, og

2. har vore medlem i minst seks månader i skyttarorganisasjon som har godkjent skyteprogram for den omsøkte våpentypen, og
3. har delteke på 10 av skyttarorganisasjonen sine organiserte treningar eller konkurransar dei siste seks månader.

§ 4-7 Krav til medlemskap, aktivitet og opplæring for erverv av rifle eller haglevåpen til sportsskyting

Politiet kan gje løyve til erverv og innehav av haglevåpen, halvautomatiske rifler som er godkjent til jakt etter denne forskrifta § 4-1, samt rifler med enkeltskot eller manuell omlading til sportsskyting, når søkar:

1. har gjennomført tryggingsopplæring arrangert av ein godkjent skyttarorganisasjonen, og
2. er medlem i skytterorganisasjon som har godkjent skytterprogram for den omsøkte våpentypen, og
3. har gjennomført minst seks organiserte treningar eller konkurranser arrangert av skytterorganisasjonen.

§ 4-8 Kor mange skytevåpen som kan ervervast til sportsskyting

Politiet kan gje løyve til erverv og innehav av eitt komplett skytevåpen, samt våpendelar til slike skytevåpen, for kvart godkjent skyteprogram.

Politiet kan likevel gje løyve til erverv og innehav av fleire våpen til eit godkjent skyteprogram (reservevåpen) til personar som:

1. i løpet av eitt år har gjennomført minst 10 skytestemner i det aktuelle skyteprogrammet, der fem av desse er opne skytestemner, eller
2. i løpet av eitt år har teke del i internasjonale meisterskap.

Erverv av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til samling

§ 4-9 Krav til samlarområde

Politiet kan berre godkjenne samleområde som er definert på grunnlag av våpentekniske, historiske eller geografiske forhold. Samlarområdet skal vere avgrensa til nærare bestemte våpenmodellar.

§ 4-10 Krav til våpendugleik for godkjenning som våpensamlar

Politiet kan gje løyve til erverv og innehav av skytevåpen og våpendelar til personar som kan dokumentere å ha tilstrekkeleg våpendugleik, som til dømes gjennomført førstegangsteneste, eller aktivitet i godkjent skyttarorganisasjon.

§ 4-11 Talet på løyvepliktige skytevåpen og våpendelar som kan ervervast til samling

Politiet kan gje personar som er godkjent våpensamlar etter våpenlova § 13 løyve til å erverve og inneha inntil 25 komplette løyvepliktige skytevåpen med tilhøyrande våpendelar. Politiet kan på dei same vilkår gje løyve til fleire skytevåpen for inntil 25 komplette skytevåpen av gangen, men ikkje meir enn totalt 100 komplette løyvepliktige skytevåpen.

Politiet kan berre gje løyve til erverv av skytevåpen som fell inn under samlaren sitt godkjente samlarområde.

§ 4-12 Særreglar for einskilde våpentypar

Politiet kan gje løyve til erverv og innehav etter våpenlova § 13 andre ledd til personar som har vore godkjente våpensamlarar i minst fem år, og som har erverva minst 25 komplette skytevåpen til samling.

Politiet kan gje våpensamlarar som oppfyller krava etter første ledd løyve til å erverve og ha inntil fem rifler, hagler, pistolar eller revolverar som nemnt i eller i medhald av våpenlova § 5 andre og tredje ledd, samt våpendelar til slike skytevåpen som nemnt i eller i medhald av våpenlova § 6 andre og tredje ledd, når skytevåpna eller våpendelane er produsert før 1946. Politiet kan i einskilde tilfelle også gje løyve til å erverve og ha slike skytevåpen eller våpendelar som er produsert etter 1946, når skytevåpenet eller våpendelen er produsert i eit fåtal eksemplar og dokumenterer forhold av særskilt våpenteknisk betyding.

Politiet kan ikkje gje løyve etter andre ledd for maskingevær eller andre våpentypar som er laga for å betenast av meir enn ein person, eller for våpentypar som er konstruert for å skyte eksplosiv ammunisjon.

§ 4-13 Test og demonstrasjonsskyting med samlarvåpen

Politiet kan godkjenne test- eller demonstrasjonsskyting med skytevåpen som er erverva for samling når den har sakleg samanheng med samlaraktiviteten. Test- og demonstrasjonsskyting skal berre utførast på skytebane eller skytefelt som er godkjent for bruk av den aktuelle våpentypen.

§ 4-14 Ammunisjonssamling

Politiet kan gje løyve til å erverve og ha ammunisjon til samling. Eit løyve etter første punktum skal vere sakleg avgrensa til eitt eller fleire samlarområde, som er grunna i våpentekniske, geografiske eller historiske forhold.

Personar som er godkjent som ammunisjonssamlar etter første ledd kan utan særskilt løyve erverve og ha inntil 10 ferdigladde patroner til rifler med prosjektildiameter inntil 8 mm, som enten er panserbrytande eller brannstiftande, jf. våpenlova § 6 tredje ledd, når ammunisjonen fell inn under samlaren sitt godkjente samleområde.

Politiet kan gje patronsamlarar som er godkjent etter første ledd løyve til å erverve andre ammunisjonstypar enn dei som er nemnde i andre ledd og som er forbodne etter våpenlova § 6 tredje ledd. Eit løyve etter første punktum kan berre gjevast for ammunisjon der tennmiddel og drivmiddel er fjerna, som ikkje har noko eksplosivt prosjektil, og som fell inn under samlaren sitt godkjente samleområde.

Kapittel 5 andre ervervsgrunnlag

§ 5-1 Erverv og innehav av skytevåpen og våpendelar som skal brukast av andre

Politiet kan gje løyve til å erverve og ha skytevåpen og våpendelar til personar som skal oppbevare dei på vegne av tredjeperson som grunna alder ikkje sjølv kan erverve og ha skytevåpen.

Politiet kan gje løyve etter første ledd til erverv av rifler eller hagler med enkeltskot eller manuell omlading, halvautomatiske hagler, pistolar og revolverar. Eit løyve etter første ledd skal vere avgrensa til våpentypar som lovleg kan brukast til det omsøkte føremålet.

Politiet kan gje løyve etter første ledd når både den som ervervar skytevåpen og våpendelar og den som skal bruke skytevåpen og våpendelar oppfyller krava til personlege eigenskapar etter våpenlova § 16 og kapittel 7 i denne forskrifta. Den som skal erverve og ha skytevåpen på vegne av andre må i tillegg oppfylle krava til alder etter våpenlova § 15, men treng ikkje oppfylle kravet til behov som er gjeve i eller i medhald av våpenlova kapittel 4.

For at politiet skal kunne gje løyve etter første ledd må den som skal bruke skytevåpenet og våpendelen vere under 16 år og skal:

1. legge fram dokumentasjon frå godkjent skyttarorganisasjon på at den som skal bruke skytevåpenet oppfyller krava til erverv av skytevåpen til sportsskyting etter §§ 4-4 til 4-7 i denne forskrifta for den aktuelle våpentypen, eller

2. legge fram dokumentasjon for at vedkomande er registrert i Jegerregisteret, og skal drive jakt i samsvar med reglane om opplæringsjakt i viltlovgevinga.

Politiet kan berre gje løyve til erverv av pistol eller revolver etter første ledd når den som skal bruke skytevåpenet er mellom 12 og 21 år. Om den som skal bruke skytevåpenet er under 18 år, kan politiet berre gje løyve til erverv av pistol eller revolver i kaliber .22 Long Rifle.

Politiet kan gje løyve etter første ledd for inntil to år av gangen. Ved søknad om å forlenge eit løyve etter første ledd skal søker dokumentere at vilkåra for løyvet framleis er oppfylte.

§ 5-2 Erverv og innehav av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon for godkjente skyttarforeiningar

Skyttarforeiningar som er tilslutta godkjent skyttarorganisasjon kan erverve og ha inntil 15 komplette skytevåpen med tilhøyrande våpendelar, som kan brukast innafør organisasjonen sine godkjente skyttarprogram.

Godkjente skyttarorganisasjonar kan erverve ammunisjon for vidaresal til eigne medlemmer og medlemmer i same godkjente forbund. Gjennomfører skyttarorganisasjonen skyteprøve etter viltlovgevinga, kan den også erverve ammunisjon for vidaresal til personar som skal trene til eller skyte skyteprøve for storviltjakt. Krava til føring av ammunisjonsprotokoll etter § 9-8 i denne forskrifta gjeld tilsvarande ved erverv av ammunisjon etter denne føresegna.

§ 5-3 Erverv og innehav av skytevåpen for avliving av dyr

Politiet kan gje næringsdrivande løyve til erverv av skytevåpen og våpendelar for avliving av tamdyr eller felling av skadedyr.

Politiet kan gje løyve etter første ledd til ei komplett rifle eller haglevåpen som er godkjent til jakt etter våpenlova § 11 andre ledd og kapittel 3 i denne forskrifta, samt våpendelar til slike skytevåpen. Politiet kan berre gje løyve etter første ledd til personar som kan dokumentere å ha tilstrekkeleg våpendugleik, som til dømes gjennomført førstegongsteneste eller aktivitet i godkjent skyttarforeining. Gjeld søknaden ein juridisk person, må organisasjonen dokumentere at dei som skal bruke skytevåpenet har våpendugleik som nemnt i andre punktum.

§ 5-4 Erverv og innehav av skytevåpen på grunnlag av arv eller minneverde

Politiet kan gje personar som ønsker å behalde skytevåpen og våpendelar som minne etter arvelatar i rett opp- eller nedstigande line løyve til å erverve og inneha skytevåpen. Politiet kan likevel berre gje løyve til personar som kan dokumentere å ha

tilstrekkeleg våpendugleik, som til dømes gjennomført førstegongsteneste eller aktivitet i godkjent skyttarorganisasjon.

Eit løyve etter første ledd kan gjevast inntil tre komplette rifler eller hagler, som er tillatne til jakt etter våpenlova § 11 andre ledd og kapittel 3 i denne forskrifta, samt for løyvepliktige våpendelar til slike skytevåpen. Politiet kan likevel gje personar som har våpenløyve for pistol eller revolver løyve til å erverve inntil tre pistolar eller revolverar.

§ 5-5 Erverv av replikavåpen, luft- og fjørvåpen.

Politiet kan utan særskilt behovsprøving gje personar som oppfyller krava til alder og personlege eigenskapar etter våpenlova §§ 15 og 16 løyve til å erverve rifler, hagler, pistolar og muskett som berre kan ladast frå munningen. Det same gjeld for perkusjonsrevolverar som ladast i tønne, kammerladarar, samt luft- og fjørvåpen som er laga for å kunne skyte prosjektil med diameter på meir enn 4,5 mm. Fritaket frå behovsprøving gjeld likevel ikkje for erverv av tønne til revolver eller andre våpendelar som kan gjere eit perkusjonsvåpen om til eit patronvåpen.

Kravet til løyvet etter første ledd gjeld ikkje for skytevåpen som er friteke frå løyveplikt etter § 2-3 i denne forskrifta.

§ 5-6 Erverv til museumsforemål

Politiet kan gje stifting eller annan organisasjon som har permanente utstillingar tilgjengeleg for ålmenta løyve til å erverve og ha alle typar skytevåpen, våpendelar og ammunisjon.

Politiet kan gje løyve etter første ledd til organisasjonar som oppfyller krava til vandel etter våpenlova § 17, og som har oppnemnt ein person som skal vere ansvarleg for oppbevaringa av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon på vegne av organisasjonen. Personen som skal vere ansvarleg for oppbevaring etter første punktum må oppfylle krava til alder og personlege eigenskapar i eller i medhald av våpenlova §§ 15 og 16.

Politiet kan berre gje løyve etter første ledd når skytevåpen, våpendelar og ammunisjon oppbevarast i samsvar med dei krav som følgjer av § 6-4 i denne forskrifta.

§ 5-7 Erverv og innehav av skytevåpen til vern mot åtak frå isbjørn

Politiet kan gje personar som skal opphalde seg i område med førekomst av isbjørn, løyve til å erverve og inneha ei rifle eller haglevåpen til vern mot isbjørn.

Politiet kan løyve etter første ledd for rifler og haglevåpen som er godkjent til jakt etter våpenlova § 11 andre ledd og våpenforskrifta kapittel 3. Politiet kan likevel berre gje løyve til erverv av rifler som brukar ammunisjon med prosjektildiameter 7,62 mm. eller større. Prosjektilet som brukast skal minst vege 10 gram og gje ein anslagsenergi på minst 2200 Joule på 100 meter avstand. Politiet kan også gje løyve til erverv av revolver som brukar ammunisjon med prosjektildiameter 10,9 millimeter eller større, med kulevekt på minst 14,9 gram, til personar som kan dokumentere eit sakleg behov for skytevåpen som er enklare å bere med seg enn hagle eller rifle.

Politiet kan berre gje løyve etter første og andre ledd til personar som kan dokumentere å ha tilstrekkeleg våpendugleik på det aktuelle skytevåpenet, som til dømes gjennomført førstegongsteneste eller aktivitet i godkjent skyttarorganisasjon.

Sysselemda på Svalbard kan gje nærare retningslinjer om erverv og innehav av skytevåpen til vern mot isbjørnåtak.

§ 5-8 Erverv til vern mot åtak

Politiet kan gje reiarar løyve til å mellombels inneha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon på vegne av eit innleigd vaktsselskap for å verne norskregistrerte ISPS-skip mot terrorhandlingar og piratverksemd, som nemnt i skipssikkerhetsloven kapittel 6. Politiet kan ikkje gje løyve etter første punktum for vaktsselskap som er forbodne etter forskrift 22. juni 2004 nr. 972 om sikkerhet, pirat- og terrorberedskapsiltak og bruk av maktmidler om bord på skip og flyttbare boreinnretningar (sikkerhetsforskriften) § 20 fjerde ledd.

Politiet kan berre gje løyve etter første ledd for segling i, til eller frå eit område med beredskapsnivå 2, eller 3, jf. sikkerhetsforskriften §§ 2 og 15, og som seglar sør for 46 grader nordleg breidde.

Politiet kan gje løyve til erverv av rifler, hagler og pistolar som er godkjente til sportsskyting etter våpenlova § 11 andre ledd og § 4-4 og § 4-5 i denne forskrifta, samt for følgjande skytevåpen:

1. heilautomatiske skytevåpen som brukar ammunisjon med prosjektildiameter inntil 7,62 mm.,
2. heilautomatiske skytevåpen som brukar ammunisjon i kaliber 9X19 mm,
3. rifler med enkeltskotlading, manuell omlading eller halvautomatisk funksjon som brukar ammunisjon i kaliber 12,7X99.

Politiet kan gje løyve etter første til tredje ledd for inntil seks månader av gangen.

§ 5-9 Erverv og innehav til skytevåpen til næringsdrivande for testing og utvikling av ammunisjon

Politiet kan gje personar som har løyve etter våpenlova § 23 til å produsere skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som skal brukast av forsvar eller politi løyve til å erverve og inneha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til testing og utvikling.

Politiet kan gje løyve etter første ledd for erverv og innehav av alle typar skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som er naudsynt for næringsverksemda.

Politiet kan berre gje løyve etter første ledd når den næringsdrivande kan dokumentere at:

1. bruken av skytevåpen og ammunisjon skjer på skytefelt som er godkjent for den aktuelle våpentypen, og
2. at skytevåpen og ammunisjon brukast av personar som har opplæring i bruken av våpentypene, og
3. skytevåpen og ammunisjon oppbevarast i samsvar med føresegnene i § 6-4.

§ 5-10 Erverv av våpen som ikkje reknast som skytevåpen

Politiet kan gje personar som oppfyller krava til alder og personlege eigenskapar etter våpenlova § 15 og § 16 løyve til å erverve og ha våpen som nemnt i § 3-6.

Politiet kan gje løyve etter første ledd til personar som enten syner ein seriøs samlarinteresse eller som skal bruke gjenstandane for deltaking i sport eller kulturelle aktivitetar, som film, teater eller historiske spel.

Kapittel 6 Oppbevaring, transport og sending av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

§ 6-1 Krav til oppbevaring av skytevåpen for privatpersonar

Løyvepliktige skytevåpen skal oppbevarast i godkjent tryggingsskap. Med godkjent tryggingsskap etter dette kapitlet meinast tryggingsskap, som er godkjent av Forsikringsselskapenes Godkjenningsnevnd etter Norsk Standard NS-5089, INSTA – 610 eller NS-EN-1143-1 eller høgare standard. Det er likevel tilstrekkeleg å oppbevare vital våpendel etter § 1-1 nr. 6 i denne forskrifta, i godkjent tryggingsskap i staden for det komplette skytevåpenet.

Politiet kan gjere unnatak frå kravet til oppbevaring i tryggingsskap etter første ledd om skytevåpen eller vital våpendel oppbevarast i godkjent våpenrom. Politiet kan berre godkjenne oppbevaring etter første punktum i våpenrom utan vindauge, der vegg, tak og golv er laga av materiale, som minimum har ein tilsvarande styrke mot gjennomtrenging som 20 cm mura og armert Leca, og der døra til romet minst oppfyller krava til innbrotsmotstand etter Norsk standard NS-3170, 1. utgåve januar 1992, klasse

3, 4 eller seinare utgåve.

Privatpersonar som oppbevarer meir enn 25 løyvepliktige skytevåpen eller våpendelar i husstanden skal trygge oppbevaringsstaden med FG-godkjent alarm, som har overføring til døgnmanna alarmstasjon, som kan organisere utrykking ved alarm. Politiet kan gje fritak frå kravet i første punktum om dei stadlege forholda gjer det uråd å etterkome kravet til innbrotsalarm.

Det er ikkje tillate å oppbevare løyvepliktige skytevåpen i ubebudd hytte, hus eller liknande. Løyvehavar sin bustad reknast som bebudd sjølv om vedkomande er fråverande i lengre tid.

Løyvehavar kan oppbevare løyvepliktige skytevåpen og våpendelar i annan bustad enn der vedkomande er folkeregistrert, om han på førehand melder frå til politiet om på kva adresse gjenstandane vert oppbevare. Kravet til melding etter første punktum gjelder ikkje ved mellombels oppbevaring etter denne forskrifta § 6-7.

§ 6-2 Krav til oppbevaring av ammunisjon for privatpersonar

I same husstand kan det oppbevarast:

1. inntil 10 000 ferdigladde patroner til ein- eller tohandsskytevåpen.
2. Inntil 15 000 ferdigladde patroner når minst 5000 av desse patronene enten er i kaliber .22 long rifle eller .22 short.
3. Inntil 5 kg røyksvakt krut og inntil 10 000 tennhetter.
4. Inntil 3 kg svartkrut fordelt på boksar på inntil 1 kilo.

Det er ikkje tillate å oppbevare ammunisjon i ubebudd hytte, hus eller liknande. Løyvehavar sin bustad reknast som bebudd sjølv om vedkomande er fråverande i lengre tid. Første punktum gjeld likevel ikkje for prosjektil til luft- eller fjørvåpen som er unnateke frå løyveplikt etter § 2-3 i denne forskrifta. @ Løyvehavar kan oppbevare ammunisjon i annan bustad enn der vedkomande er folkeregistrert, om han på førehand melder frå til politiet om på kva adresse gjenstandane vert oppbevare. Kravet til melding etter første punktum gjelder ikkje ved mellombels oppbevaring etter § 6-7 i denne forskrifta.

Ammunisjon skal oppbevarast nedlåst i særskilt skap, skuff eller annan låsbar innretning og vere åtskilt frå skytevåpenet. Ammunisjon kan likevel oppbevarast saman med skytevåpen i godkjent tryggingsskap eller våpenrom i samsvar med dei krav som følgjer av tredje og fjerde ledd. Svartkrut skal ikkje oppbevarast i bueininga.

I godkjente våpenrom kan det oppbevarast den mengd ammunisjon som følgjer av første ledd. I godkjent tryggingsskap, som også er særskilt godkjent for

oppbevaring av ammunisjon, kan det saman med skytevåpen oppbevarast den mengde ammunisjon som godkjenninga gjeld for, men likevel ikkje meir enn det som følgjer av første ledd. I godkjente tryggingsskap, som ikkje er særskilt godkjent for oppbevaring av ammunisjon, kan det oppbevarast inntil 2000 ferdigladde patroner.

Politiet kan gje personar som kan dokumentere eit særskilt behov for å oppbevare større mengder ammunisjon, løyve til å oppbevare meir ammunisjon i same husstand enn det som følgjer av første ledd. Særskilt behov etter første punktum kan til dømes vere særleg aktive sportsskyttarar eller personar som har mange aktive sportsskyttarar i husstanden.

Politiet kan berre gje løyve etter fjerde ledd til personar som kan dokumentere at oppbevaringa oppfyller dei krav som brannvernmynda set til oppbevaringa. Politiet skal varsle brannvernmynda om løyve i medhald av fjerde ledd.

§ 6-3 Krav til oppbevaring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon for løyvehavarar som er juridiske personar

Juridiske personar som har løyve til å ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon i samband med næringsdrift skal oppbevare skytevåpen og ammunisjon i samsvar med dei krav som følgjer av § 6-1 første til tredje ledd og § 6-2 i denne forskrifta. Skytevåpen eller vital våpendel og ammunisjon skal oppbevarast i lokale som er bemanna på kvardagar eller bebudd. Den juridiske personen skal også varsle politiet om på kva adresse det vert oppbevare skytevåpen og ammunisjon.

Politiet kan gje fritak frå kravet om at oppbevaringsstaden skal vere bemanna eller bebudd når ytterdør til oppbevaringsstaden er trygga med FG-godkjent dør og lås, samt at oppbevaringsstaden er trygga med FG-godkjent alarm med overføring til døgnmanna alarmstasjon, som med eigne vektarar, eller med avtale med einskildpersonar eller føretak, kan rykke ut ved alarm.

Politiet kan gje løyve til å oppbevare meir ammunisjon enn det som følgjer av § 6-2 første og andre ledd i denne forskrifta, når løyvehavar kan dokumentere eit særskilt behov for å lagre meir ammunisjon og ikkje tryggingmessige omsyn talar mot det. Politiet skal ikkje gje løyve etter første punktum før det er dokumentert at saka er lagt føre den kommunale brannvernmynda, og det er dokumentert at naudsynte pålegg frå den kommunale brannvernmynda er følgt opp. Den kommunale brannvernmynda skal også varslast når politiet gjev løyve etter første punktum.

§ 6-4 Oppbevaring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon hjå personar som har løyve etter våpenlova § 23 til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

Personar som har løyve etter våpenlova § 23 til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon skal oppbevare skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i lokale med FG-godkjent ytterdør, som kan låsast med minst to FG-godkjente låsar. Vindauga i lokalet skal vere trygga med FG-godkjent innbrotssikkert glas og enten gitter eller rulleport, som skal vere FG-godkjent.

Utanom i forretninga si opningstid skal skytevåpen og vitale våpendelar låsast inn i våpenskap eller våpenrom som oppfyller dei tekniske krava etter § 6-1 andre ledd i denne forskrifta. Ammunisjon skal låsast inn i særskilt skap som er utrusta med dirkefri lås, fråskilt frå skytevåpen.

Pistolar og revolverar og ammunisjon til skytevåpen skal i forretninga si opningstid vere nedlåst i monter i herda glas eller liknande som er utstyrt med dirkefri lås. Andre løyvepliktige skytevåpen skal låsast fast til vegg eller låsast til annan fastmontert innretning.

Oppbevaringsstaden skal, i tillegg til krava i første til tredje ledd, tryggast med alarm som er FG-godkjent, og som har overføring til døgnmanna alarmstasjon som med eigne vektarar, eller med avtale med einskildpersonar eller føretak, kan rykke ut ved alarm. Alarmen, som nemnt første punktum, skal gje varsel ved inntrenging til forretninga, og det skal vere montert særskilte detektorar i lokale der det oppbevarast løyvepliktige skytevåpen eller ammunisjon, samt i eigne lokale rundt lokale der slike gjenstandar vert oppbevara.

Eventuelle ytterdører som vender direkte inn i lokale der det oppbevarast løyvepliktige skytevåpen og ammunisjon skal tryggast med opningskontaktar.

Politiet skal ikkje godkjenne oppbevaring for løyvehavar etter våpenlova § 23 før det er dokumentert at saka er lagt føre den kommunale brannvernmynda der verksemda skal halde til, og det er stadfesta at naudsynte pålegg frå den kommunale brannvernmynda er følgt opp. Den kommunale brannvernmynda skal også varslast om godkjenning av oppbevaring etter denne føresegna.

Krava til oppbevaring etter første til sjette ledd gjeld ikkje for løyve etter våpenlova § 23, som er avgrensa til å berre gjelde for luftvåpen, skytevåpen som ikkje kan skyte prosjektil, eller skytevåpen som er deaktiverte. Løyvehavarar som nemnt i første punktum skal, utanom i forretninga si opningstid, oppbevare skytevåpen, eller vital del av skytevåpen i våpenskap eller våpenrom, som oppfyller dei tekniske krava etter § 6-1 første eller andre ledd i denne forskrifta. Ammunisjon skal oppbevarast nedlåst.

§ 6-5 Krav til oppbevaring av skytevåpen og ammunisjon som ikkje er løyvepliktige

Krava til oppbevaring etter dette kapitlet gjeld også for haglevåpen som er friteke frå løyveplikt etter § 2-3 nr. 11 i denne forskrifta, samt for ammunisjon til slike haglevåpen.

Den som oppbevarer skytevåpen og ammunisjon som er friteke frå løyveplikt skal trygge at skytevåpen er tømte for ammunisjon. Skytevåpen som er friteke frå løyveplikt, eller vital del til slike skytevåpen skal oppbevarast nedlåst i skap, skuff eller annan låsbar innretning. Krava til oppbevaring etter denne føresegna gjeld likevel ikkje for skytevåpen som er lovleg deaktiverte.

§ 6-6 Transport og sending av skytevåpen og ammunisjon

Den som transporterar skytevåpen på offentleg stad kan ikkje bære skytevåpenet i hylster eller liknande, som er festa til kroppen.

Den som transporterar skytevåpen eller ammunisjon etter våpenlova § 20 i motorvogn skal ha skytevåpen og ammunisjon under forsvarleg tilsyn. Skytevåpen eller ammunisjon som transporterast i motorvogn kan likevel forlatast utan forsvarleg tilsyn når skytevåpen og ammunisjon er pakka og skjult og motorvogntenten er låst eller når vital del av skytevåpen er fjerna. Krava til transport etter første punktum gjeld ikkje for transport i samband med jaktutøving.

Ved sending av løyvepliktige skytevåpen skal skytevåpenet tryggast slik at det ikkje kan brukast. Skytevåpenet kan enten tryggast med kammerlås eller liknande innretning eller ved å sende ein vital våpendel i eiga sending. Ammunisjon skal ikkje pakkast saman med eit komplett skytevåpen.

Den som skal sende eller transportere ammunisjon må i tillegg til krava som er fastsett i andre og tredje ledd også oppfylle dei krav til transport eller sending av eksplosivar, som er fastsett i eller i medhald av lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven).

Føresegnene i første og andre ledd gjeld ikkje for Svalbard. Sysselmannen på Svalbard kan gje nærare retningsliner om transport av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon på Svalbard.

§ 6-7 Mellombels oppbevaring av skytevåpen og ammunisjon

Ved mellombels oppbevaring etter våpenlova § 20, skal løyvepliktige skytevåpen og ammunisjon vere under forsvarleg tilsyn. Løyvepliktige skytevåpen og ammunisjon kan likevel forlatast utan forsvarleg tilsyn når gjenstandane er skjult eller dekkja til og oppbevarast i eit låst husvære eller i ein låst motorvogn.

Denne føresegna gjeld ikkje for Svalbard. Sysselmannen på Svalbard kan gje nærare retningsliner om mellombels oppbevaring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon på Svalbard.

Utlån og overlating av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

§ 6-8 Krav til utferding av fråsegn ved utlån av skytevåpen og våpendelar

Den som lånar ut løyvepliktige skytevåpen eller våpendelar til andre, skal gje mottakar ein skriftleg fråsegn om utlånet med følgjande innhald:

1. långjevar og låntakar sine namn og adresser,
2. nummer og namn på utferdande mynde på långjevar og låntakar sitt våpenløyve,
3. våpentype, kaliber, fabrikkmerke og nummer på dei skytevåpen eller våpendelar som lånast ut,
4. kva skytevåpna eller våpendelane skal brukast til, og
5. tidsromet skytevåpna eller våpendelane er låna ut.

Fråsegna om utlån saman med løyvet til ha den aktuelle våpentypen gjeld som våpenkort.

Krava til fråsegn etter våpenlova § 18 gjeld ikkje for utlevering av skytevåpen eller våpendelar til godkjent tilverkar, børsemakar eller våpenhandlar i samband med reparasjon, ombygging eller kommisjonssal, samt ved kortvarig overlating av skytevåpen eller våpendelar under forsvarleg tilsyn.

§ 6-9 Utferding av lister over lån

Bedrifter, godkjente skyttarorganisasjonar eller andre juridiske personar som låner ut løyvepliktige skytevåpen eller våpendelar til medlemmer eller tilsette i organisasjonen skal føre ei liste over utlån med følgjande innhald:

1. långjevar og låntakar sine namn og adresser,
2. namn på den våpenansvarlege i organisasjonen,
3. nummer og namn på utferdande mynde på långjevar og låntakar sitt våpenløyve,
4. våpentype, kaliber, fabrikkmerke og nummer på dei skytevåpen eller våpendelar som lånast ut,
5. kva skytevåpna eller våpendelane skal brukast til,
6. tidsromet skytevåpna eller våpendelane er låna ut, og
7. dato for når skytevåpna eller våpendelane er innlevert.

Bedrifter som leverar ut løyvepliktige skytevåpen eller våpenelar til sine tilsette skal i tillegg føre ei liste over dei tilsette som er godkjent for å kunne få utlevert skytevåpen eller våpendelar.

Listene for utlån skal oppbevarast i minst tre år etter at skytevåpna eller våpendelane er innlevert.

Første ledd gjelder ikkje for kortvarig utlån av skytevåpen eller våpendelar under forsvarleg tilsyn.

§ 6-10 Oppbevaring av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon hjå andre.

Den som har løyve til å ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon kan overlate desse gjenstandane for oppbevaring hjå personar som har løyve til å ha tilsvarende gjenstandar, når den som overlèt gjenstandane på førehand varslar politiet om dette.

Den som har fått overlate skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon til oppbevaring kan ikkje bruke gjenstandane utan at krava til utlån er oppfylte. Skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som er overlatne til oppbevaring tel med i talet gjenstandar som kan oppbevarast i medhald av dette kapitlet.

§ 6-11 Utlån av skytevåpen til vern mot isbjørnåtak

Sysselemanden på Svalbard kan gje nærare retningsliner om utlån av skytevåpen til vern mot isbjørnåtak.

Kapittel 7 krav til alder og personlege eigenskapar for å kunne erverve og ha skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

§ 7-1 Vilkår for fritak frå alderskravet på 18 år for erverv av hagler og rifler

Politiet kan gje personar over 16 år fritak frå alderskravet for anna erverv enn kjøp og for innehav av hagler eller rifler, samt løyvepliktige våpendelar og ammunisjon til slike skytevåpen når søkar enten i minst seks månader har vore aktiv medlem i godkjent skyttarorganisasjon og som har tilråding frå denne, eller som har gjennomført og bestått Jegerprøven. Politiet kan også gje mindreårige personar løyve til å erverve skytevåpen og løyvepliktige våpendelar på grunnlag av minneverde etter § 5-10 i denne forskrifta. Personar under 18 år kan likevel ikkje gjevast løyve til å kjøpe skytevåpen.

Politiet kan berre gje løyve etter første ledd når skytevåpna og løyvepliktige våpendelar kan oppbevarast av ein person som oppfyller krava til alder og personlege eigenskapar etter våpenlova § 15 og § 16.

§ 7-2 Vilkår for fritak frå alderskravet på 21 år for erverv og innehav av pistol eller revolver

Politiet kan gje personar over 18 år fritak frå alderskravet på 21 år for erverv og innehav av pistol eller revolver når vedkomande har:

1. gjennomført tryggingsopplæring som vert arrangert av den godkjente skyttarorganisasjonen,
2. vore medlem i minst to år i godkjent skyttarforeining som har godkjent skyttarprogram for den aktuelle våpentypen, og
3. har gjennomført minst 10 opne stemner arrangert av den godkjente skyttarorganisasjonen i dei siste to åra.

§ 7-3 Aldersgrense for erverv og innehav av nærare bestemte våpen som ikkje reknast som skytevåpen

Hogg- eller stikkvåpen, knivar og liknande gjenstandar som har ein bladlengde på meir enn 25 centimeter må ikkje overdragast eller overlatast til born under 16 år.

Krav til personlege eigenskapar

§ 7-4 Reglar om krav til vandel for fysiske personar

Ved krav for vandel kan det berre leggst vekt på opplysningar som hadde framkome på en uttømande og utvida politiattest, jf. politiregisterlova § 41.

Det kravst ikkje plettfri vandel for å kunne erverve og ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Ved vurderinga av om merknadar kan føre til nekting av løyve skal det sjåast til arten av brotsverket og om det er ein samanheng mellom den kriminelle handlinga og evna eller tilliten til at vedkomande vil bruke skytevåpen på lovleg måte.

§ 7-5 Reglar om krav til vandel for juridiske personar

Ved krav for vandel kan det berre leggst vekt på opplysningar som hadde framkome på en uttømande og utvida politiattest jf. politiregisterlova § 41.

Det kravst ikkje plettfri vandel for å kunne erverve og ha skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Ved vurderinga av om merknadar kan føre til nekting av løyve skal det sjåast til arten av brotsverket og om det er ein samanheng mellom den kriminelle handlinga og evna eller tilliten til at organisasjonen vil forvalte våpenløyvet på ein forsvarleg måte.

§ 7-6 Utfyllande føresegner for skikkavurderinga

Ved vurderinga av om ein person skal reknast som uskikka grunna tilknytning til kriminelle miljø eller andre forhold, jf. våpenlova § 16 første ledd, kan det leggst vekt

på opplysingar som er registrert i medhald av politiregisterforskrifta. Det kan leggast vekt på opplysingar i følgjande registre:

- kriminaletteretningsregisteret (kapittel 47),
- straffesaksregisteret (kapittel 48),
- etterlysingsregisteret (kapittel 51),
- politioperative register (kapittel 53), og
- arrestjournal (kapittel 54).

Det kan også leggast vekt på opplysingar som politiet mottar frå Politiets tryggingsteneste.

§ 7-7 Reglar om krav til butid

Politiet kan setje som vilkår at personar som ikkje kan dokumentere tilfredsstillande vandel må bu i Noreg i inntil fem år før det gjevast våpenløyve. Føresegnene i politiregisterlova § 36 første ledd nr. 1 andre punktum gjeld tilsvarande.

Kapittel 8 Godkjenning av skytebaner, godkjenning av våpenorganisasjonar og teknisk program.

Godkjenning av skytebaner

§ 8-1 Definisjon av skytebane

Med skytebane reknast i dette kapitlet eit område som nyttast til organisert skyting under ansvarleg skyteleiing.

§ 8-2 Tekniske krav til skytebane og kontroll

Skytebane skal oppfylle dei krav til tryggleik og miljø som er fastsett av Politidirektoratet.

Politiet fører kontroll med sivile skytebaner, og kan gje forbod mot bruk av skytebaner som ikkje oppfyller dei tekniske krava etter første ledd eller ved brot på baneinstruksen.

§ 8-3 Krav til godkjenning og kontroll med skytebane

Planer for nyanlegg, ombygging eller utviding av skytebane må vere godkjent av politiet før arbeidet setjast i gang. Det same gjeld for ferdigbygde skytebaner før dei takast i bruk.

Organisert skyting utanfor godkjente skytebaner må på førehand vere godkjent av politiet.

§ 8-4 Krav til eigar av skytebaner

Eigar av skytebane skal halde skytebana i forsvarleg stand og skal føre kontroll av anlegget minst ein gang i året. Eigar skal dokumentere kontrollen av skytebaner på fastsett skjema.

Eigar av skytebane eller skytefelt skal utarbeide instruks for skytebanen. Instruksen skal innehalde opplysingar om orden, skyteleiing, tryggleiksmessige tiltak og reglar for kontroll av anlegget. Instruksen må vere godkjent av politiet før skytebanen takast i bruk.

Eigar av skytebane skal trygge at instruksen er kjent og at den vert følgt av dei som brukar skytebana.

§ 8-5 Reglar om fritak

Politiet kan gje fritak frå reglane i §§ 8-3 og 8-4 i denne forskrifta for ei tidsavgrensa periode, om det ligg føre særskilte forhold og ikkje tryggleiksmessige eller miljømessige forhold talar mot det.

Politiet kan sette særskilte vilkår for godkjenning av skytebaner eller skytefelt om det reknast for naudsynt ut frå omsynet til miljø eller tryggleik.

Godkjenning av skyttar- og våpensamlarorganisasjonar og teknisk skyteprogram

§ 8-6 Utfyllande reglar for godkjenning av skyttarorganisasjon

Når vilkåra etter våpenlova § 28 andre ledd er oppfylte kan Politidirektoratet godkjenne skyttarorganisasjonar som:

1. eit eige styre,
2. ein stabil drift og økonomi,
3. er registrert i Enhetsregisteret,
4. er open for medlemskap for personer frå heile riket,
5. er tilknytt ein internasjonal skyttarorganisasjon,
6. har minst 10 lokallag,
7. har terminliste med minst 10 opne stevner per år, og
8. har eit teknisk skyteprogram som skildrar organisasjonen sine skytedisiplinar og kva skytevåpen som kan brukast.

Godkjente skyttarorganisasjonar skal ein gang i året sende politiet ein kopi av årsmøteprotokoll med årsmelding og rekneskap.

§ 8-7 Godkjenning av skyteprogram for godkjente skyttarorganisasjonar

Skyteprogram eller endringar i gjeldande skyteprogram for skyttarorganisasjonar skal vere godkjent av Politidirektoratet. Ein godkjenning skal

omfatte aktuelle våpentypar, medrekna utforming, tillaten magasinkapasitet, kaliber og dei andre tekniske krav til dei våpentypar som skal brukast i skyteprogrammet.

Politiet kan berre godkjenne skyteprogram som brukar halvautomatiske rifler som er tillatne til jakt, og som brukar våpenmagasin med patronkapasitet på inntil fem for hagler, 10 for rifler og 20 for pistolar. Dette gjeld likevel ikkje for skyttarforbund, som allereie har godkjente skyteprogram for slike skytevåpen eller våpenmagasin.

§ 8-8 Utfyllande reglar for godkjenning av våpensamlarorganisasjonar

Når vilkåra etter våpenlova § 28 andre ledd er oppfylte kan politiet godkjenne våpensamlarorganisasjonar som har:

1. eit eige styre,
2. ein stabil drift og økonomi, og
3. er registrert i Enhetsregisteret.

Godkjente våpensamlarorganisasjonar skal ein gang i året sende politiet ein kopi av årsmøteprotokoll med årsmelding og rekneskap.

Kapittel 9 Næringsverksemd og merking

Handel

§ 9-1 Krav til løyve for å drive handel, mekling eller utleige av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

Den som vil drive handel, mekling eller utleige av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som er underlagt løyve- og registreringsplikt må ha løyve etter dette kapitlet. Eit løyve kan avgrensast til å gjelde for nærare bestemte skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon.

Eit løyve kan berre gjevast for skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som er tillatne til jakt eller sportsskyting eller samling etter kapittel 4 i denne forskrifta, med mindre det gjevast særskilt løyve etter våpenlova § 10.

Kravet til løyve gjeld ikkje for godkjente skyttarorganisasjonar og foreiningar tilslutta godkjent skyttarorganisasjonar, som enten sel eller utleverar ammunisjon til sine medlemmar, eller som sel eller utleverar ammunisjon til bruk under skyteprøven til storviltjakt.

§ 9-2 Krav til meldeplikt for skytevåpen med vidare som ikkje er løyvepliktige

Den som vil drive handel, mekling eller utleige av luft- og fjørvåpen, som er friteke frå løyveplikt, paintballvåpen, air-softvåpen, lydtemparar til løyvepliktige skytevåpen eller deaktiverte skytevåpen, må på førehand sende melding til politiet.

§ 9-3 Vilkår for løyve til å drive handel, mekling eller utleige av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

Politiet kan gje løyve til å drive handel, mekling eller utleige av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til personar som oppfyller dei krav som er fastsett i våpenlova § 23 og som:

1. har fylt 21 år,
2. har enten bestått kurs godkjent av Politidirektoratet, arbeida i minst to år i våpenforretning- eller avdeling og som har tileigna seg tilstrekkeleg kjennskap til skytevåpen og våpenlovgjeving eller har løyve til å drive ervervsmessig reparasjon eller tilverking av skytevåpen,
3. er registrert i Foretaksregisteret,
4. har ein forretning som skal vere open i normal forretningstid,
5. har forretningslokale som oppfyller krava etter plan- og bygningslova, og
6. oppbevarer skytevåpen og ammunisjon i samsvar med krava etter § 6-4 i denne forskrifta.

Er søkaren ein juridisk person der andre enn dagleg leiar har den direkte leiinga av handelen med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, er det tilstrekkeleg at den direkte ansvarlege for næringsverksemda oppfyller krava til fagleg dugleik etter første ledd nr. 2.

Løyvehavar skal registrere verksemda i Merverdiregisteret seinast tre månader etter at løyvet vart gjeve.

Løyvehavar skal melde frå til politiet når dagleg leiar eller andre som har direkte ansvar for næringsverksemda tilsetjast eller sluttar. Ved opphøyr av tilsetjing kan politiet gje løyve til mellombels drift for inntil seks månader fram til ny person er tilsett.

§ 9-4 Søknad om og utferding av løyve

Ein søknad om løyve etter § 9-1 i denne forskrifta skal sendast på fastsett skjema til det politidistrikt der verksemda skal drivast.

Eit løyve etter § 9-1 i denne forskrifta skal gjevast på fastsatt skjema, med opplysingar om løyvehavar og dei vilkår som gjeld for løyvet.

Løyvehavar sine plikter

§ 9-5 Utlevering frå løyvehavar

Ved utlevering som nemnt i våpenlova §§ 5,6 og § 7 skal løyvehavar krevje førelagt dokumentasjon for mottakaren sin identitet.

Når løyvehavar utleverar løyvepliktige skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon til annan løyvehavar etter § 9-1 i denne forskrifta skal den som leverar ut gjenstandane gje følgjande opplysingar til politiet:

1. dato for leveringa,
2. namn og adresse på mottakaren, og
3. tal, type eller art, fabrikkmerke, modell, kaliber og nummer på skytevåpen eller våpendelar, samt det kvantum og art av ammunisjon som utleverast.

§ 9-6 Krav til dokumentasjon for omsetnad med skytevåpen eller våpendelar

Løyvehavar, skal laupande føre oppgåve over alle kjøp, sal, utlån eller andre former for utlevering eller erverv av løyve- eller meldepliktige skytevåpen eller våpendelar. Oppgåva skal opplyse om:

1. dato for mottak eller levering,
2. namn og adresse på seljar eller kjøpar, og
3. tal, type eller art, fabrikkmerke, modell, kaliber og nummer på skytevåpen eller våpendelen.

Ved sal eller andre former for utlevering skal løyvehavar legge ved eit eksemplar av personen sitt ervervsløyve eller salsmelding viss det er sal til ein annan forhandlar. Ved kjøp eller anna erverv frå privatperson skal løyvehavar legge ved ei kjøpsmelding. Ved innførsel skal løyvehavar legge ved eit eksemplar av leverandøren sin faktura og fraktsetel. Løyvehavar skal innan ti dagar etter at ein transaksjon som nemnt i første ledd er gjennomførtsende slik oppgåve i elektronisk form til politiet der forhandlaren har sin forretningsstad.

Løyvehavar skal ved utgangen av kvart kvartal sette opp ei ajourført oppgåve over sitt lager av løyvepliktige skytevåpen eller våpendelar. Oppgåva skal opplyse om tal, type eller art, fabrikkmerke, modell, kaliber og nummer på skytevåpen eller våpendelar, og skal sendast til politiet innan ti dagar etter utløpet av kvart kvartal.

Løyvehavar som får tilkomst til skytevåpen som ikkje er registert i samsvar med reglane i kapittel 3 i denne forskrifta skal straks varsle politiet.

§ 9-7 Krav til dokumentasjon for omsetnad med våpenmagasin

Løyvehavar skal laupande føre oppgåve over alle kjøp, sal, utlån med vidare av lause våpenmagasin med patronkapasitet på meir enn fem for hagler, 10 for rifler og 20 for pistol (våpenmagasinprotokoll). Oppgåva kan vere elektronisk eller papirbasert og skal opplyse om:

1. salsdato
2. namn på kjøper,
3. kjøparen sitt løyve til å kunne erverve våpenmagasin som nemnt i første ledd, og art og kvantum av lause våpenmagasin som mottakast eller leverast.

Løyvehavar skal oppbevare våpenmagasinprotokollen i minst tre år.

§ 9-8 *Krav til dokumentasjon for omsetnad med ammunisjon*

Løyvehavar skal føre ein laupande oppgåve over alt kjøp og sal av ammunisjon (ammunisjonsprotokoll). Den kan vere elektronisk eller papirbasert og skal opplyse om:

1. salsdato,
2. namn på kjøpar,
3. kjøparen eller utlånaren sitt våpenkortnummer eller ervervsløyve, og
4. art og kvantum av ammunisjonen som mottakast eller leverast.

Løyvehavar skal oppbevare ammunisjonsprotokollen i minst tre år.

§ 9-9 *Mellombels oppbevaring av skytevåpen og våpendelar*

Løyvehavar kan mellombels ta med skytevåpen eller våpendelar frå forretningsstaden når dette er naudsynt for demonstrasjon, prøveskyting eller andre aktiviteter, som har ein sakleg samanheng med næringsverksemda. Føresegnene i § 6-6 og § 6-7 i denne forskrifta gjeld tilsvarande for mellombels oppbevaring og transport etter denne føresegna.

Tilverking, reparasjon og deaktivering av skytevåpen og våpendelar

§ 9-10 *Krav til løyve for å drive reparasjon, ombygging eller tilverking av skytevåpen eller våpendelar*

Den som vil drive ervervsmessig, reparasjon, ombygging eller tilverking av skytevåpen eller våpendelar som er løyvepliktige etter kapittel 2 i denne forskrifta, må ha løyve etter dette kapitlet. Kravet til løyve gjeld også for ervervsmessig tilverking av lyddemparar til løyvepliktige skytevåpen, samt for ervervsmessig reparasjon, ombygging eller tilverking av skytevåpen og våpendelar som er friteke frå løyve- og registreringsplikt etter § 2-3 nr. 1 til 3 i denne forskrifta.

Eit løyve etter første punktum kan avgrensast til å gjelde einskilde former for reparasjon, ombygging eller tilverking av skytevåpen eller våpendelar.

§ 9-11 *Krav til løyve for å drive tilverking av ammunisjon*

Den som vil drive ervervsmessig tilverking av ammunisjon utan eksplosivar må ha løyve etter dette kapitlet. Den som vil drive ervervsmessig tilverking av ammunisjon

med eksplosivar, må ha løyve etter lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven).

§ 9-12 *Vilkår for løyve*

Politiet kan gje løyve etter § 9-10 og § 9-11 i denne forskrifta til personar som oppfyller dei krav som er fastsett i våpenlova § 23 og som:

1. har fylt 18 år. Personar som skal drive ervervsmessig reparasjon, ombygging eller tilverking av pistol eller revolver eller delar til slike skytevåpen må likevel ha fylt 21 år,
2. har norsk sveinebrev som børsemakar eller annan utdanning som gjev tilsvarende relevant fagkunnskap,
3. er registrert i Foretaksregisteret,
4. har forretningslokale som oppfyller krava etter plan- og bygningslova, og
5. oppbevarer skytevåpen og ammunisjon i samsvar med krava etter § 6-4 i denne forskrifta, og som
6. oppbevarer skytevåpen og løyvepliktige våpendelar og ammunisjon som ikkje er ferdig tilverka i bemanna eller låst lokale.

Er søkaren ein juridisk person der andre enn dagleg leiar har den direkte leiinga av næringsverksemd, er det tilstrekkeleg at den direkte ansvarlege for næringsverksemda oppfyller krava til fagleg dugleik etter første ledd nr. 2.

Løyvehavar skal registrere verksemda i Merverdiregisteret seinast tre månader etter at løyvet vart gjeve.

Løyvehavar skal melde frå til politiet når dagleg leiar eller andre som har direkte ansvar for næringsverksemda tilsetjast eller sluttar. Ved opphøyr av tilsetjing kan politiet gje løyve til mellombels drift for inntil seks månader fram til ny person er tilsett.

§ 9-13 *Søknad om og utferding av løyve*

Ein søknad om løyve etter § 9-10 eller § 9-11 i denne forskrifta skal sendast på fastsett skjema til det politidistrikt der verksemda skal drivast.

Eit løyve til å drive ervervsmessig reparasjon, ombygging eller tilverking etter handel etter § 9-10 eller § 9-11 i denne forskrifta skal gjevast på fastsatt skjema, med opplysingar om løyvehavar og dei vilkår som gjeld for løyvet.

§ 9-14 *Krav ved utlevering og dokumentasjon*

Ved utlevering som nemnt i våpenlova §§ 5, 6 og § 7 skal løyvehavar krevje førelagt dokumentasjon for mottakaren sin identitet. Løyvehavar skal løpande føre oppgåve over

alle erverv, sal og tilverking av løyve- eller meldepliktige skytevåpen eller våpendelar. Oppgåva skal opplyse om:

1. dato for mottak, levering eller tilverking,
2. namn og adresse på seljar eller kjøpar, og
3. tal, type eller art, fabrikkmerke, modell, kaliber og nummer på skytevåpen eller våpendelar som kjøpast, seljast eller leverast.

Ved sal, utlån eller anna utlevering skal løyvehavar legge ved eit eksemplar av personen sitt ervervsløyve eller salsmelding viss det er sal til ein annan forhandlar.

Løyvehavar skal innan ti dagar etter at ein transaksjon som nemnt i første ledd er gjennomført sende slik oppgåve i elektronisk form til politiet der forhandlaren har sin forretningsstad.

§ 9-15 Mellombels oppbevaring av skytevåpen og våpendelar

Føresegnene i § 9-9 i denne forskrifta gjeld tilsvarande.

Merking

§ 9-16 Krav til merking av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

Den som tilverkar skytevåpen eller våpendelar, skal merke pipe, låskasse, sleide, tønne, sluttstykke eller låseblokk med eit permanent og unikt merke med namn på produsent eller varemerke, produsentland eller produksjonsstad, serienummer og produksjonsår om dette ikkje er ein del av serienummeret. Om våpendelen er for liten til å kunne merkast i samsvar med første punktum, kan våpendelen merkast med eit permanent og unikt serienummer eller alfanumerisk eller digital kode.

Den som permanent innfører skytevåpen eller våpendelar skal trygge at skytevåpen eller våpendelar er merka i samsvar med dei krav som følgjer av første ledd. Første punktum gjeld likevel ikkje for skytevåpen eller våpendelar som er innført i medhald av løyve etter våpenlova § 13.

Den som tilverkar ammunisjon skal merke kvar basispakning med namn på produsent eller varemerke, produksjonsnummer, kaliber og type ammunisjon. Den som varig innfører ammunisjon skal trygge at ammunisjonen er merka i samsvar med dei krav som følgjer av første punktum, med mindre ammunisjonen er innført i medhald av løyve etter § 4-14 i denne forskrifta.

Kapittel 10 Inn- og utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

§ 10-1 Krav til løyve for inn- og utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

Med skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i dette kapitlet meinast skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som er underlagt løyve- og registeringsplikt eller registeringsplikt etter §§ 5, 6 og § 7. Føresegnene i dette kapitlet gjeld også for

følgjande skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, som er fritekne frå løyve- og registreringsplikt etter § 2-3 i denne forskrifta:

1. apparat for slakting,
2. rednings- og harpungevær,
3. skytevåpen som er konstruert for berre å kunne skyte ammunisjon utan prosjektil,
4. rifle, hagle, pistolar og muskett som ikkje kan skyte ferdigladde patroner og som er produsert før 1900,
5. perkusjonsrevolver som er produsert før 1900,
6. andre rifler eller haglevåpen som ikkje kan skyte ferdigladde patroner, og som er produsert før 1900,
7. haglevåpen med enkeltskotlading, som er lovleg erverva før 1. oktober 1990, og
8. låskasser, piper eller ammunisjon til skytevåpen som nemnt i nummer 1 til 7.

Føresegnene inn og utførsel av ammunisjon etter dette kapitlet gjeld ikkje for inn- eller utførsel av ammunisjon som går inn under lov 14. juni 1974 nr. 39 om eksplosive varer (gjeld berre for Svalbard)

§ 10-2 Søknad om og utferdning av løyve for innførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

Ein søknad om løyve til innførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon skal sendast på fastsett skjema til det politidistrikt der verksemda held til.

Eit løyve til innførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon skal førast på fastsett skjema.

§ 10-3 Løyve for ervervsmessig innførsel

Politiet kan gje næringsdrivande som har løyve etter våpenlova § 23 løyve til å innføre skytevåpen, våpendelar og ammunisjon for eit på førehand oppgjeve beløp, som ikkje kan vere større enn kr 500 000. Politiet kan berre gje løyve til innførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i kvantum som står i rimeleg forhold til den næringsdrivande sin omsetnad. Politiet kan i særlege tilfelle gje fritak frå beløpsgrensa eller lengda på løyvet.

Løyvet gjeld fram til det er innført varer for det oppgjevne beløp, men likevel ikkje lengre enn seks månader. Tolletaten gjev ved innførselen ei datert påteikning av kva som er innført og verdien av det einskilde vareparti. Når løyvet er oppbruka eller utløpa, skal den leverast til Tolletaten som sender den til det politidistrikt som har gjeve løyvet.

Politiet kan gje løyve til å innføre skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som er tillatne til jakt eller sportsskyting etter våpenlova § 11 og § 12. Politiet kan etter særskilt

søknad også gje løyve til å innføre skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som ikkje er tillatne til jakt eller skytesport, samt gjenstandar som er forbodne etter våpenlova § 8, for vidaresal til personar som på førehand har fått løyve til å erverve og ha den aktuelle gjenstanden.

§ 10-4 *Tolletaten sin handsamling*

Tolletaten kan berre levere ut skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som krev løyve etter våpenlova § 10-3 i denne forskrifta til personar som har løyve til å innføre dei gjenstandar som skal utleverast.

§ 10-5 *Uavhenta gjenstandar*

Politiet skal ta hand om skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som ikkje hentast på tollstaden. Politiet skal handsame uavhenta skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i samsvar med føresegnene i lov 29. mai 1953 nr. 3 om hittegods.

§ 10-6 *Krav til rapportering*

Om skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon skal førast inn frå ein stat tilknytt Schengen-samarbeidet, skal politiet innan sju dagar etter at løyvet om innførsel vart gjeve sende følgjande opplysingar til sendarstaten:

1. mottakar- og sendestaten,
2. kopi av innførselløyvet,
3. namn og adresse på mottakar av dei innførte gjenstandane,
4. namn og adresse på avsendaren, og
5. utløpsdato for innførselløyvet.

Ikkje-ervertsmessig innførsel

§ 10-7 *Løyve for ikkje-ervertsmessig innførsel*

Personar som vil innføre skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon til eige bruk må ha løyve. Eit løyve til ikkje-ervertsmessig innførsel kan berre gjevast for det einskilde vareparti.

Personar som vil innføre skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon må sende søknad på fastsett skjema til det politidistrikt der vedkomande er folkeregistrert. Til søknaden skal det leggst ved dokumentasjon for at søker har løyve til å erverve dei gjenstandar som skal innførast.

Eit løyve til innførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon skal førast på fastsett skjema.

§ 10-8 *Tolletaten sin handsamling*

Tolletaten kan berre levere ut skytevåpen, våpendelar og ammunisjon til personar som har løyve etter § 10-7 i denne forskrifta til å innføre dei gjenstandar som skal utleverast. Ved utlevering av dei innførte varene skal Tolletaten føre på løyvet kva som er innført og sende ein kopi av denne til det politidistrikt som har utferda løyvet.

Er ikkje alle varene som omfattast av løyvet kome fram i sendinga, må det gjevast nytt løyve for å kunne innføre resten av varepartiet.

§ 10-9 *Krav til rapportering*

Om skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon skal førast inn frå ein stat tilknytt Schengen-samarbeidet, skal politiet rapportere om innførselen i samsvar med § 10-6 i denne forskrifta.

Utførsel

§ 10-10 *Løyve for utførsel*

Personar som vil utføre skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som privatperson, må ha løyve. Eit løyve til utførsel gjeld for eitt vareparti, med unntak for løyve etter § 10-2 i denne forskrifta. Løyvet gjeld for eit tidsrom på tre månader. Politiet kan etter søknad forlenge løyvet med inntil tre månader.

Personar som vil utføre skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon i medhald av løyve etter våpenlova § 23 må ha løyve frå Utanriksdepartementet etter lov 18. desember 1987 nr. 93 om kontroll med eksport av strategiske varer, tjenester, teknologi mv., samt forskrift gjeve i medhald av denne lova. Som våpendel reknast også skjefte til skytevåpen og anna tilbehøyr til skytevåpen, som nemnt i vedlegg I til forskrift 19. juni 2013 nr. 718 om eksport av forsvarsmateriell, fleirbruksvarer, teknologi og tjenester.

§ 10-11 *Søknad om og utferding av løyve til ikkje-ervervsmessig utførsel*

Ein søknad om løyve til utførsel til ikkje-ervervsmessig utførsel skal sendast på fastsett skjema til det politidistrikt der vedkomande er folkeregistrert. Til søknaden skal det også liggast ved stadfesting frå Utanriksdepartementet om at utførselen oppfyller vilkåra etter lov 18. desember 1987 nr. 93 om kontroll med eksport av strategiske varer, tjenester, teknologi mv., samt forskrift gjeve i medhald av denne lova.

Eit løyve til innførsel etter § 10-1 første ledd i denne forskrifta skal førast på fastsett skjema.

§ 10-12 *Tolletaten sin handsaming*

Den som har løyve til å utføre skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon må levere løyvet til Tolletaten før varene kan førast ut av norsk tollområde.

Om ikkje alle varene som omfattast av løyvet skal sendast under eitt, skal løyvehavar søke om nytt løyve til utførsel for resten av varene med tilvising til det første løyvet.

Ved utførsel skal Tolletaten føre på løyvet kva varer som er utført og sende det til politidistriktet som har utferda løyvet.

§ 10-13 *Krav til rapportering*

Om skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon skal utførast til ein stat tilknytt Schengen-samarbeidet, skal politiet innan varene førast ut av landet sende følgjande opplysingar til sendarstaten, samt eventuelle transittstatar:

1. sendar- mottakar og eventuelt transittstaten,
2. kopi av innførselløyvet,
3. namn og adresse på mottakar av dei innførte gjenstandane,
4. namn og adresse på avsendaren,
5. mengda av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som utførast,
6. opplysingar om merking og godkjenningar av ammunisjon,
7. eventuelle opplysingar om tidspunkt for transitering og berekna tid for innkomst til mottakar, og
8. utløpsdato for utførselsløyvet.

Mellombels inn- og utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, utferding av europeisk våpenpass

§ 10-14 *Mellombels innførsel utan europeisk våpenpass*

Utanlandsk borgar som ikkje har europeisk våpenpass og som mellombels skal innføre skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon inn i norsk tollområde må ha løyve frå politiet. Politiet kan gje løyve til personar som:

1. skal bruke skytevåpna til jakt eller konkurranseskyting,
2. oppfyller krava til minstealder etter våpenlova § 15 for den aktuelle våpentypen, og
3. har gyldig løyve frå heimlandet til å ha dei skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som skal innførast.

Ein søknad om mellombels innførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon skal førast på fastsatt skjema. Til søknaden skal det leggjast med dokumentasjon for at skytevåpenet skal brukast til jakt eller sportsskyting. Slik dokumentasjon kan til dømes vere invitasjon frå godkjent skyttarorganisasjon eller innbyding til jakt

Ein søknad om mellombels innførsel må sendast seinast to månader før innreisa. Politiet kan berre gje løyve til mellombels innførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som lovleg kan brukast til det føremål som grunngeiv søknaden. Politiet kan ikkje gje løyve for mellombels innførsel av halvautomatiske rifler for personar som skal bruke våpenet til jakt og som er busett utanfor EØS-området. Eit løyve til mellombels innførsel kan gjevast for opphald i riket i inntil tre månader, og gjeld som våpenløyve for dei skytevåpen, våpendelar og ammunisjon som innførast i medhald av løyvet.

Vedtak om avslag på søknad om mellombels innførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon til jakt er unnateke frå retten til grunngeving og partsinnsyn og kan ikkje klagast på.

§ 10-15 Mellombels innførsel med europeisk våpenpass

Utanlandsk borgar med gyldig europeisk våpenpass kan for eit tidsrom på inntil tre månader mellombels innføre skytevåpen som er oppført i våpenpasset for deltaking i jakt, konkurranseskyting eller samlaraktivitetar. Saman med skytevåpenet kan det også innførast ammunisjon i rimelege mengder som passar i skytevåpenet som skal innførast. Det kan berre innførast skytevåpen og ammunisjon som lovleg kan brukast til det føremål som grunngeiv innførselen.

Den som skal mellombels innføre skytevåpen i medhald av første ledd må ha med dokumentasjon for at skytevåpenet skal brukast til jakt, sportsskyting eller samlaraktivitet. Slik dokumentasjon kan til dømes vere deltakarliste, innbyding til jakt eller invitasjon frå godkjent våpensamlar.

§ 10-16 Mellombels innførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i samband med tryggingsoppdrag

Utanlandske borgarar som ønsker å innføre skytevåpen, våpendelar og ammunisjon for utføring av persontryggingsoppdrag for eit tidsrom av inntil tre månader av gangen, skal forut for innførselen ha fått samtykke frå Politiet si tryggingsteneste. Eit samtykke frå Politiet si tryggingsteneste gjeld som våpenløyve.

Fast tryggingspersonell ved utanlandske ambassadar i Noreg kan etter samtykke frå leiar av Politiet si tryggingsteneste innføre skytevåpen og ammunisjon til persontryggingsoppdrag.

Utanlandske borgarar som ønsker å innføre skytevåpen og ammunisjon for utføring av andre sikringsoppdrag i samsvar med overeinskomst med framand stat, skal forut for innførselen ha henta inn samtykke frå Politidirektoratet. Eit samtykke frå Politidirektoratet gjeld som våpenløyve.

§ 10-17 Mellombels utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon

Personar med gyldig våpenløyve og lovleg opphald i riket, som skal reise frå norsk tollområde i inntil eitt år, kan ved utreisen ha med til personleg bruk, skytevåpen og våpendelar, samt rimelege mengder ammunisjon som passar i skytevåpenet, mot å syne Tolletaten gyldig våpenløyve.

Ved utførsel etter første ledd skal løyvehavaren ved utreisa gje ei skriftleg fråsegn på fastsatt skjema i to eksemplar. Fråsegna skal stadfestast av Tolletaten, som skal ha det eine eksemplaret, og gje løyvehavar det andre eksemplaret.

Ved gjeninnførsel, skal Tolletaten føre kontroll med dei skytevåpen eller våpendelar som gjeninnførast. Om det ikkje er samsvar mellom dei skytevåpen eller våpendelar som vart utført og dei som skal gjeninnførast, skal Tolletaten sende melding om dette til det politidistrikt der løyvehavar er folkeregistrert.

Første til tredje ledd gjeld ikkje for personar med gyldig europeisk våpenpass, som til personleg bruk skal ha med skytevåpen og våpendelar som er innført i våpenpasset, samt rimelege mengder ammunisjon som passar til skytevåpenet, på reise utanfor norsk tollområde for eit tidsrom på inntil tre månader.

§ 10-18 Mellombels utførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon i samband med fangstekspedisjon

Føresegnene i § 10-17 første til tredje ledd i denne forskrifta gjeld tilsvarande for norsk fangstekspedisjon som ved utreise frå norsk tollområde har med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som brukast til fangsten.

Kapittel 11 Forvaltning, kontroll og tilbakekall av våpenløyve

Forvaltning

§ 11-1 Utferding av våpenkort

Våpenkort skal utferdast på fastsett skjema med opplysingar om løyvehavar, skytevåpenet eller våpendelen og om den mynda som har utferda våpenløyvet.

Politidirektoratet kan gje nærare retningsliner om utferding av våpenkort.

§ 11-2 Melding om tap av våpenkort og dokumentasjon på lovleg deaktivering

Ved tap av våpenkort eller dokumentasjon på lovleg deaktivering etter § 12-1 i denne forskrifta skal innehavaren snarast melde frå om tapet til det politidistrikt som utferda dokumentet. Meldinga om tap skal vere skriftleg og ha ei kort forklaring på korleis dokumentet er kome bort. Politiet kan utferde nytt dokument etter at innehavar har sendt melding etter første punktum.

Kontroll av løyve med vidare

§ 11-3 Kontroll med våpenløyve for sportsskyttarar med særskilt løyve

Sportsskyttarar som har løyve til å erverve og ha våpenmagasin etter § 2-5 eller halvautomatisk rifle etter § 4-4 andre ledd i denne forskrifta, skal kvart femte år sende eit oversyn over gjennomførte skytekonkurransar i den skytesporten som grunnjev løyvet til det politidistrikt der vedkomande er folkeregistrert.

§ 11-4 *Kontroll med våpensamlarar*

Politiet skal seinast kvart femte år kontrollere at godkjente våpensamlarar oppfyller krava til oppbevaring av skytevåpen eller våpendelar.

§ 11-5 *Kontroll av næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon*

Politiet skal minst kvart femte år kontrollere at personar som har løyve til å drive næringsverksemd etter våpenlova § 23 framleis oppfyller dei vilkår og føresetnader som gjeld for løyvet medrekna at:

1. krava til oppbevaring av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon etter § 6-4 i denne forskrifta er oppfylte,
2. krava til dokumentasjon og rapportering av omsetnaden med skytevåpen og våpendelar etter § 9-6 og § 9-14 i denne forskrifta er oppfylte, og
3. krava til dokumentasjon av omsetnaden med våpenmagasin og ammunisjon etter § 9-7 og § 9-8 i denne forskrifta er oppfylte.

§ 11-6 *Kontroll med oppbevaring i privat bustad*

Politiet må sende førehandsvarsel før dei kan føre kontroll med oppbevaring av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon i privat bustad. Førehandsvarselet må vere motteke av vedkomande løyvehavar minst 48 timar før kontrollen kan finne stad.

Politiet sin kontroll av oppbevaring i privat bustad skal skje på det eller dei stadar som løyvehavar syner fram som oppbevaringsstad for skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon. Manglar det skytevåpen eller våpendelar på oppbevaringsstaden i høve til det som er registrert hjå løyvehavar, skal vedkomande opplyse om kvar gjenstandane er, og gjevast ein kort frist til å syne fram dei aktuelle skytevåpen eller våpendelar for kontroll.

Tilbakekall av løyve, innlevering av våpenkort og klage

§ 11-7 *Frist ved mellombels innlevering*

Når politiet gjev pålegg om overlating av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon til politiet ved førehandsvarsel om tilbakekall av våpenløyve, skal den mellombelse overlatinga tidsavgrensast til inntil seks veker. Fristen kan berre forlengast om politiet skal hente inn opplysingar før det gjerast vedtak om tilbakekall, som mottaks så seint at fristen ikkje kan haldast.

§ 11-8 *Tilbakekall av løyve for sportsskyttarar med særskilt løyve*

Politiet skal tilbakekalle løyve for sportsskyttarar med løyve til å erverve og ha våpenmagasin etter § 2-5 eller halvautomatisk rifle etter § 4-4 andre ledd i denne forskrifta, om vedkomande ikkje dei siste fem år har gjennomført opne skytestemner i skytesporten som grunnjev løyvet.

§ 11-9 *Tilbakekall av løyve til å drive handelsverksemd med liten omsetnad*

Politiet kan tilbakekalle løyvet til å drive handel med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon etter våpenlova § 23, om den næringsdrivande dei siste fem år har omsett skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon for mindre enn 100 000 kroner.

§ 11-10 *Innlevering av våpenkort*

Den som har våpenkort skal snarast levere det til politiet om løyvet til å ha skytevåpenet eller våpendelen vert tilbakekalla eller om vedkomande overdreg skytevåpenet eller våpendelen til andre.

§ 11-11 *Klage over politidistriktet sitt vedtak*

Vedtak som er gjort av politidistrikta kan klagast på til Politidirektoratet.

Europeisk våpenpass

§ 11-12 *Utferding av europeisk våpenpass med vidare*

Politiet kan utferde europeisk våpenpass etter direktiv 91/477/EØF av 18. juni 1991 om kontroll med og innehav av våpen, til personar som bur i riket og som har gyldig løyve til å ha skytevåpen til for jakt, sportsskyting eller samling.

Eit europeisk våpenpass gjeld i fem år, om ikkje politiet har bestemt noko anna. Det europeiske våpenpasset er berre gyldig så lenge passinnehavaren har gyldig våpenløyve for dei skytevåpna som er innført i det europeiske våpenpasset. Personar som har eit europeisk våpenpass som er ugyldig, skal snarast levere det til politiet.

Ved tap av europeisk våpenpass gjeld § 11-2 i denne forskrifta tilsvarande.

Politiet skal tilbakekalle europeisk våpenpass samstundes med at det gjevast førehandsvarsel om tilbakekall av våpenløyve til skytevåpen som er innført i våpenpasset.

Politidirektoratet kan gje nærare retningsliner om sakshandsaming og utferding av europeisk våpenpass.

Denne føresegna gjeld ikkje for Svalbard.

Kapittel 12 Deaktivering og gebyr

Deaktivering

§ 12-1 *Deaktivering av skytevåpen*

Skytevåpen skal deaktivert i samsvar med tekniske krav fastsett av Politidirektoratet.

Eit skytevåpen som er deaktivert skal etterkontrollerast av politiet. Når politiet har godkjent deaktiveringa, skal politiet merke skytevåpenet og utferde dokumentasjon for at det er lovleg deaktivert.

Kravet til etterkontroll etter andre ledd gjeld ikkje for skytevåpen som er deaktiverte og etterkontrollerte av ein annan EØS-stat i samsvar med endringsdirektiv (EU) 2017/853 om kontroll med erverv og innehav av våpen.

Gebyr

§ 12-2 Gebyr for utferding av løyve eller godkjenningar

Det krevjast gebyr for utferding av følgjande løyver eller godkjenningar:

1. 1 495 kroner for utferding av løyve til å erverve og ha skytevåpen for personar som ikkje har våpenløyve frå før,
2. 745 kroner for utferding av løyve til å erverve og ha skytevåpen for personar som har våpenløyve frå før,
3. 374 kroner for utferding av løyve til å erverve og ha skytevåpen som ikkje krev behovsprøving,
4. 248 kroner for utferding av løyve til å erverve og ha våpen etter § 3-6 i denne forskrifta.
5. 374 kroner for utferding av løyve til å erverve og ha våpendelar,
6. 248 kroner for utferding av løyve til å låne skytevåpen,
7. 3 913 kroner for utferding av godkjenning som våpensamlar,
8. 7 425 kroner for utferding av godkjenning som skyttar- eller våpensamlarorganisasjon,
9. 1 536 kroner for utferding av godkjenning eller endring av teknisk skyteprogram for godkjent skyttarorganisasjon,
10. 1 000 kroner for ettergodkjenning av deaktiverte skytevåpen,
11. 17 580 kroner for utferding av løyve til å drive næringsverksemd med skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon,
12. 520 kroner for utferding av løyve for ervervsmessig innførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon,
13. 269 kroner for utferding av løyve for ikkje-ervervsmessig innførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon,
14. 575 kroner for utferding av løyve for mellombels innførsel av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon,
15. 269 kroner for utferding av løyve for ikkje-ervervsmessig utførsel av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon, og
16. 6 556 kroner for godkjenning av sivil skytebane.

§ 12-3 *Fråfall av gebyr*

Det krevjast ikkje gebyr for utferding av følgjande løyver:

1. erverv av skytevåpen eller våpendelar, når ervervet skjer ved arv, gåve eller sal mellom familiemedlemer i rett opp- eller nedstigande line,
2. innehav av enkelt- eller dobbeltløpa hagler som vart erverva av løyvehavar før 1. oktober 1990,
3. gjeninnførsel av norske varer etter reparasjon, foredling, eller anna arbeid på varen,
4. ervervsmessig innførsel av delar eller komponentar som skal foredlast eller omarbeidast i Noreg før sal til forhandlar eller forbrukar, og
5. ved forlenging av løyve til ikkje-ervervsmessig inn- eller utførsel etter § 10-7 og § 10-11 i denne forskrifta.

Kapittel 13: Det sentrale våpenregisteret

§ 13-1 *Handsamingsansvar*

Politidirektoratet er handsamingsansvarleg for våpenregisteret.

§ 13-2 *Opplysningar som kan registrerast*

Det kan registrerast opplysningar som er naudsynte for å gjennomføre kontroll med at reglane i våpenlov og forskrift vert følgde, samt å trygge ei forsvarleg våpenforvaltning, medrekna opplysningar om:

1. våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon,
2. kven som søker om løyve eller godkjenning og grunnlaget for løyvet eller godkjenninga,
3. kven som får utferda løyve eller godkjenning og eventuelle vilkår eller føresetnader for desse,
4. søkar oppfyller vilkåra for løyvet, medrekna krava til personlege eigenskapar etter § 16, og om grunnlaget for eventuelt nekt av løyve,
5. det er fastsett krav til butid, jf. § 16,
6. grunnlaget for tilbakekall av løyve,
7. skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon som er mellombels overlatne til politiet, jf. § 31 og § 32,
8. personar som enten skal erverve eller avhende våpen med vidare ved inn- eller utførsel, jf. § 21 og § 22.

§ 13-3 *Tilgang (adgang til direkte søk)*

Tilgang (adgang til direkte søk) til våpenregisteret skal berre gjevast til tilsette med tenestemesseg behov, og i tråd med dei føremål som er nemnde i § 13-1 i denne forskrifta.

§ 13-4 *Utlevering*

Med mindre utlevering av opplysingar er særskilt regulert i våpenlovgevinga kan opplysingar frå våpenregisteret utleverast om det er høve til det etter føresegnene om teieplikt i politilova § 24, jf. forvaltningslova §§ 13 til 13f. Utlevering av opplysingar etter politilova § 24 fjerde ledd kan skje i form av direkte søk.

§ 13-5 *Innsyn, retting og avgrensning*

Personvernforordninga artikkel 15 (den registrertes rett til innsyn) og artikkel 16 (retting av opplysninger) gjeld for handsaming av opplysingar i våpenregisteret. Personvernforordninga artikkel 18 (rett til avgrensning av handsaming) gjeld for handsaming av opplysingar i våpenregisteret med dei særskilte føresegner som er fastsett i § 13-6 andre ledd i denne forskrifta.

§ 13-6 *Sletting*

Opplysingane i våpenregisteret som er naudsynte for å utferde løyver eller godkjenningar slettast ikkje så lenge det er aktuelt å gje nye løyver eller godkjenningar.

Opplysingar om registrerte skytevåpen eller våpendelar skal ikkje slettast før 30 år etter at gjenstanden er destruert. Slike opplysingar skal likevel avgrensast 10 år etter at skytevåpenet eller våpendelen vart destruert, og kan berre brukast til kriminalitetsnedkjempande føremål. Det same gjeld for personopplysingar som er naudsynte for å dokumentere innehavet av skytevåpenet eller våpendelen.

§ 13-7 *Sakshandsaminga ved krav om innsyn, retting, avgrensning og sletting*

Krav om innsyn, retting, avgrensning og sletting av opplysingar i våpenregisteret fremjast for den handsamingsansvarlege.

Vedtak om innsyn, retting, avgrensning og sletting av opplysingar gjerast av den handsamingsansvarlege. Vedtaka kan ikkje klagast på til overordna mynde. Den registrerte skal gjerast kjent med rettane etter Personvernforordninga artikkel 77 og 79.

§ 13-8 *Internkontroll og informasjonstryggleik*

Internkontroll og informasjonstryggleik utførast i samsvar med Personvernforordninga artikkel 24, 25, 30, 32, 33 og 34.

Kapittel 14 overgangsreglar

§ 14-1 *Overgangsreglar*

Søknader som fremjast før iverksetjing av ny våpenforskrift, men som vert handsama etter iverksetjinga, skal som hovudregel handsamast etter regelverket på

søknadstidspunktet. Det nye regelverket kan likevel brukast om dette er til føremon for søker eller han sjølv ber om det.

Personar som før ikraftsetjing av ny våpenforskrift har erverva sluttstykke, tønne til revolver eller laus låseblokk, som vert løyvepliktige etter § 2-4 i denne forskrifta, kan behalde desse våpendelane utan løyve.

Personar som før det vart fastsett krav til løyveplikt har erverva lause våpenmagasin med patronkapasitet på meir enn fem for hagler, 10 for rifler og 20 for pistolar, kan behalde desse våpenmagasina utan krav til løyve.

Personar som har våpendelar som vert forbode etter § 3-5 i denne forskrifta, må innan eitt år etter ikraftsetjing av ny våpenforskrift enten levere våpendelane til politiet eller avhende våpendelane til personar med særskilt løyve etter ny våpenlov § 10 eller § 13.

Godkjente våpensamlarar som har løyve til å ha meir enn 100 skytevåpen kan behalde skytevåpna etter ikraftsetjing av ny våpenforskrift.

Godkjente våpensamlarar som har meir enn fem skytevåpen som krev særskilt løyve etter våpenlova § 13 andre ledd, kan behalde skytevåpna etter ikraftsetjing av ny våpenforskrift.

Tryggingsskap som oppfylte krava til godkjenning på ervervstidspunktet er framleis godkjente for oppbevaring av skytevåpen, våpendelar og ammunisjon etter ny våpenforskrift.

Våpenrom som vart godkjent for oppbevaring av skytevåpen, våpendelar eller ammunisjon før ikraftsetjing av ny våpenforskrift er framleis godkjente etter ny våpenforskrift.

Personar som har lånt skytevåpen eller våpendelar før ikraftsetjing av ny våpenlov kan lovleg ha desse utan løyve etter våpenlova § 18 andre ledd i inntil tre månader etter ikraftsetjing av denne forskrifta.

Søknad om godkjenning av skyttarorganisasjon, eller om nytt eller endringar i teknisk skyteprogram, som fremjast etter vedtakinga av den nye forskrifta, men før ikraftsetjinga, skal handsamast etter at den nye forskrifta er iverksett.

Børsemakarar med meisterbrev, som driv næringsverksemd i medhald av gjeldande våpenlov § 20, kan drive vidare i inntil eitt år utan løyve etter ny våpenlov § 23.

Søknader om oppbevaring hjå andre etter gjeldande våpenforskrifta § 81, som ikkje er ferdig handsama før ikraftsetjing av forskrifta, skal ikkje handsamast etter ikraftsetjing, men reknast som eit varsel etter § 6-1 femte ledd.

Føresegnene om krav til løyve for mellombels innførsel etter § 10-14 i denne forskrifta tek til å gjelde tre månader etter ikraftsetjing av den nye forskrifta.

Skytevåpen som er lovleg deaktiverte etter tidlegare krav skal framleis reknast som deaktiverte etter § 12-1 i denne forskrifta, med mindre skytevåpenet skiftar eigar eller førast ut av norsk tollområde.

§ 14-2 *Ikraftsetjing*